

Fri-rom

-forbindinga mellom form og innhald

Om det å møtes i ein felles sak som gir rom for *det tredje*:

Den tre-ledda relasjonen som forutsetning for fri-rom

Hilde Kirkebøen

Veileder: Professor Dr. theol. Trygve E. Wyller

Masteroppgave

Profesjonsetikk og diakoni

Teologisk fakultet, Universitetet i Oslo

Våren 2006

TUSEN TAKK

- til Møtestedet, ansatte og leiar Håkon Løes for gjestfrihet, velvilje og samarbeid
- til gjester ved Møtestedet for raushet og openheit
- til studievenner og lærarar ved teologisk fakultet og ved diakonhjemmet, spesielt takk til Jan for tida i diakoniklassen som har gitt inspirasjon i arbeidet med oppgava ut frå den erfaring han hadde med Møtestedet og hans ubegrensa raushet
- til Kari Martinsen for inspirerende litteratur, samtaler og seminar
- til Trygve Wyller for generøsitet i det faglege og som veileder og lærer, for evne til å sette i gang prosessar, opne for nye rom. For det alltid kritiske blick i forhold til å ta den andres perspektiv på alvor, når fokus flyt ut i ulike retningar.
- til familie og venner for oppmuntring og alt anna. Til Arild for lån av PC og gode råd, og til Gina som frakta den fra Halden til Oslo, akkurat før krisa sette inn. Til Jorunn og Kristin for velvilje i forhold til korrekturlesing, (sjølv om det ikkje vart store tida til det før innlevering) for oppmuntring og gode måltid sjølv om kjøkkenbordet i lang tid har vore okkupert av alt anna enn fri-rom.
- for fela som let meg flyte på ei nådeseng av understrengar

FORORD

I INNLEIING

Problemstilling

Avklaring av form og innhald

Kort presentasjon av case, teori og gangen i oppgåva

II METODE

1. Teoretisk grunnlag for metode

2. Fenomenologisk metode

3. Intensjonalitet; den tre-ledda relasjon

4. Dialog som metode

III PRESENTASJON AV MATERIALE; CASE OG TEORI

1. Presentasjon av samtaler med fokus på fri-rom og den felles sak

2. Presentasjon av Møtestedet som del av diakonal kontekst og tradisjon

Bymisjonen i eit diakoni-historisk perspektiv

Foucault; disiplinering

Rom og disiplinering

IV SJØLVDANNING

Makt, rom for motstand

Sjølvsorg og sjølvdanning i den diakonale kontekst

Sjølvdanning i ei flytande samfunnsform/den moderne skammen

Sjølvdanning i maknadsorientert samfunnsform/livsstil

Kroppen som fri-rom?

Behovet for frikvarter

Form og flyt

MacIntyre; livsform/sosial praksis, samhandling

Urørlighetssone

Sjølvdanning mellom bluferdighet og fortrenging

V LIVSSTIL SOM ”DEN FELLES SAK”?

Gjesten som offer i ein felles livsstil?

VI MØTESTEDET; GJESTENS ROLLE OG ROM

1. Møtestedets plass i samfunnets form og orden; marginale rom som motstand eller bekreftelse av samfunnets klassifisering og grenser?
2. Det sosiale roms politikk - myndiggjøring som frigjøring eller samfunnsdisiplinering?
3. Diakonal form som mulegheit eller begrensing for fri-rom?
4. Diakoni i eit heterotopisk perspektiv

VII FRI-ROM; – OM KUNSTEN Å GJENVINNE BALANSEN I EI FORBINDING

VIII OPPSUMMERANDE OM MØTESTEDET SOM FRI-ROM

AVSLUTNING/ETTERORD

LITTERATUR

FORORD

Tanken var å skrive oppgåve om Møtestedet, som er ein kafé for rusavhengige i sentrum av Oslo. Rommet og miljøet her fengar fordi det bryt litt av det normale mønster. Forma er meir flytande på godt og vondt. Førsteintrykket av kafeen var at det føltes befriande å møte den rusavhengige i samtale rundt eit bord, over ein kopp kaffe, i staden for å møte han/ho som tiggjar sittande i gata. Spørsmålet er om det føles like befriande andre vegen.

I samtaler med ein del av gjestene om deira inntrykk av kafeen, er svara ofte uventa. Det slår meg at det er lite forestilling. Ein seier dette: ”Det er en orden der ute også. Viss du ser en slags orden i kaos. Samtidig det er sånn at det er veldig lett å sitte her inne og se gjennom vinduet der ute – da har man det miljøet som et slags luksusproblem, eller for de som skal studere sosiologi eller som skal opp på en eller annen karrierestige(...) Utenfor døra er den brutale virkelighet. Det er veldig kaldt, veldig brutalt, det er en blodig krig der ute både fysisk og psykisk.”

Det handlar blant anna om pushing, pressing av grenser, utpining og om pengar. Makt blir til tvang når det ikkje er rom for motstand. Stadig fleire områder og rom blir okkupert, rangert, verditaksert. Det er ein kamp om *definering av grenser*. Fokuset for oppgåva blir derfor på *fri-rom*. Kva for grenser beskyttar fri-rommet og kva for grenser fører til ekskludering?

I INNLEIING

Målet med oppgåva er å få kunnskap om *fri-rom*. Kva som kan opne/stenge for det. Eit av poenga med fri-rom er at det ikkje kan definerast ein gang for alle. Det blir skapt i relasjonar, og vil få ulike *variantar* ut i frå kvart møte og dei ulike grenser personar og samanhengar har. Eg kan derfor ikkje gi ein presis definisjon av fri-rom her, men eg skal legge fram nokre av forutsetningane for fri-rom. Ein av forutsetningane er at rommet må stå i ei *forbinding* til noko utanfor seg sjølv, samtidig som det må vere ein *frihet* i denne relasjonen. Det er altså noko som er fast(bunde), det gir visse rammer, begrensingar som samtidig gir rom for bevegelse, for motstand og ”flyt”. Det handlar om eit rom der ein er fri til å vere seg sjølv og kan utvikle ein form for sjølvomsorg som gir rom for den andre. Ein forutsetning her er at den andre blir meir enn ei forlenging av meg, ei bekrefting av meg, sjølv om noko av dette også er ein del av relasjonen. Det må vere rom for noko i møte som verken er meg eller den andre, noko som *ligg der* og som *blir til* gjennom *vårt* møte. Eg kallar dette for *det tredje*. Forutsetning for det tredje, er at begge perspektiv og liv blir tatt på alvor. Det krev eit fokus på noko ein deler saman, ein felles sak. Det handlar altså om å gje rom for dei sidene ved den andre som er ukjente for meg, slik at den andre kan framtre som noko meir/anna enn berre slik han/ho er forma i mitt bilde og mine forestillingsmønster.

For å kome på sporet av fri-rom vil eg belyse forholdet og forbindinga mellom form og innhald. Med form meiner eg alle rom me er omgitt av, alle system, mønster og konvensjonar; korleis står dei i forhold til innhaldet? Gir forma rom for livsinnhaldet? Kven er formene for, kven tener dei? Former kan bli til fasadar der fokuset er på det ytre uttrykk, det gir lite rom for livserfaringar og eksistensen til personane som bur/lever i denne samfunnsform. M. Foucault og K.E. Løgstrup er opptatt av form og formløshet. Forholdet mellom orden, struktur, kaos. Grenser og rammer. Form som frihet og form som tvangstrøye. Moralsk atferd kan lett bli sett på som ein plikt i forhold til den bestående orden. Men moral er ikkje berre til for å halde styr på den verda me sjølv har innretta oss, konstruert. For å vere levande må moralen også umiddelbart og spontant forhalde seg til det som ligg *hinsides* det me kallar kultur; den verda me sjølv ikkje har innretta oss, men må ta som den eingang er. (Løgstrup,(1961)1995).

1. PROBLEMSTILLING/MÅLSETTING

Målsettinga med oppgåva er å drøfte forutsetningar for *fri-rom*, kva som opnar for det, og kva som hindrar det. Det handlar blant anna om å finne *balansen* mellom *grenser* som gir vern og grenser som ekskluderar. Det konkrete rom i oppgåva er Møtestedet; ein kafé i sentrum av

Oslo. Kafeen har sosialfagleg profil og skal vere ein open og inkluderande møtestad for rusavhengige. I Årsmelding 2005 står det at tilbodet trengs fordi fleirtalet av gjestene ikkje får adgang til verken kafear eller andre innandørs soner av det offentlege rom som den øvrige befolkning. Møtestedet er ein del av Kirkens bymisjon og byggjer på verdiar som verdigheit, fellesskap, rettferd og solidaritet. I Kirkens bymisjons verdidokument står det blant anna at *solidaritet* handlar om å stå saman med andre i eit gjensidig og likeverdig forhold. Det er dette relasjonelle, samt kafeens praktiske rom som er utgangspunktet for oppgåva. Kva for mulege fri-rom finst i denne kafé-konteksten? Fri-rom frå spanerar og politi, frå dealerar, fra samfunnets blikk, eit pusterom? Korleis er forbindinga mellom kafeens form og gjestenes bidrag og innflytelse på denne form, sett i forhold til fri-rom?

I samtaler med nokre av gjestene om deira inntrykk av Møtestedet og deira erfaringar, kjem oppgåva også inn på andre rom på ulike plan: Møtestedet ligg midt i Skippergata, eit av samfunnets kontroversielle rom med ulike typer legal og illegal næringsverksemd og handel vegg i vegg. Kafeen er del av ei større samfunnsform og del av ein kristen/diakonal tradisjon. Vidare formidlar gjestene ein versjon av fri-rom på det mentale plan. Drøftinga av fri-rom vil ta utgangspunkt i Møtestedet som ein kafé sett i forhold til samfunnets rom og i forhold til det diakonale rom. Det relasjonelle og det mentale rom vil inngå i denne drøfting. Materialet som ligg til grunn for drøftinga vil vere henta frå samtale med gjestene, og frå teori om rom og sjølvanning ein diakonale kontekst/tradisjon og i ei samfunnsform sett i forhold til den moderne skammen.

AVKLARING AV FORM OG INNHOLD

Begrepa fri-rom, form og innhald bygger på teoriar av Løgstrup, Foucault, Martinsen og Wyller. Samanheng og innhald i begrepa vil derfor bli utdjupa i teori og drøfting utover i oppgåva, men eg startar her med ein innleiande presentasjon av begrepa, og av innhald og form på oppgåva. Eg opnar med å la det flyte ut litt for å utdjupe ein del *spenningsfelt* som ligg i forholdet mellom form og innhald, for så å smale det inn mot ei problemstillinga mot slutten.

Begrepa form og innhald gjeld på dei fleste områder i livet. Vår kropp er den form som skal romme livet vårt; alle inntrykk som sit i kroppen. Kva gjer ein med alle inntrykk og alle erfaringar? Er det rom for dei i kroppen, i livet? Blir kroppen tvinga til å uttrykke noko som ikkje står i samsvar med innhaldet? Kva skjer når det ikkje lenger er kontakt mellom kropp og

innhald. Når ein blir tvinga inn i roller og må leve etter det som er forventet frå dei ytre omgjevnader.

Kor mykje av inntrykk og erfaringar kan ein kropp tåle å bære? Invadering av kroppens grenser kan gjere at den form som skal verne innhaldet viskes ut, flyt ut. Kroppen blir utlevert og blottstilt. Eller fryser fast til ein tett fasade.

Kva skjer når ein bombarderes med inntrykk så voldsomt at ein mistar sin frihet. Når det ikkje blir rom for medskaping og medverknad. Det kan gjelde på mange områder, og ulike typer stimuli. Løgstrup nevner ein type film og filmteknikk som mange gangar kan forsterke det sanslege inntrykk og den emosjonelle oppleving på sensasjonelt vis, noko som kan skade opplevingsevna; ”mennesket kan gå hen og bli ufølsomt overfor den usansjonelle verden, ja, utilfreds med den”(1995,s.39).

Det er ein del tendensar i dag til disharmoni og ubalanse mellom form og innhald på ulike plan. Kroppens overflate blir utsatt for eit overfokus og på ein del områder som ei vare for kjøp og salg, ikkje berre kroppen i seg sjølv men alt som skal gjerast med den, kva som skal og ikkje skal puttast i den av mat, drikke, medikament, og på den av kler, symbol. Tvingen i det store konformitetspresset marknaden legg på oss. Frykta for å skilje seg ut på feil måte.

Møter med andre berører alltid eigne sider og eigne liv. Utryggheten i møte med det framande kan skape behov for å dele inn, klassifisere, definere og skape ein viss orden/form som gir avstand. Vestlege kulturar er ofte prega av ein gjennomorganisert og velstrukturert orden på alle plan. Denne orden møter utfordringa frå uromoment som forstyrrar det system ein prøver å bygge opp og halde fast på. Ein må ta stilling til det som ikkje passar inn, det som skapar uro, uorden og kaos. Det som bryt mønster. Løysinga kan bli å alltid ekskludere det forstyrrende element, det som ikkje tilpassar og innordnar seg den beståande form/norm. Utfordringa i profesjonsetikken og diakonien blir å ikkje fortsette med å plassere ekskluderte personar ”der ute” utanfor våre rom, der me prøver å ha full kontroll på det, men plassere dei midt i våre liv, i våre samanhengar, med ei tydeleg røst. Det inneber at ein må gje slepp på *privilegjar* – til å definere, til å sette premissane. Møte med andre personar og nye erfaringar utfordrar og utvidar etablerte tankemønster og former. Korleis gir forma rom for nytt innhald?

Utgangsposisjonen min er at det må vere eit fri-rom, eit mellom rom tilstades for at ei form skal romme innhaldet. Eg skal utdjupe dette med eit eksempel fra møte med tiggaren i gata.

Dette møtet glir inn i eit generelt mønster ved dagens samfunn der mykje av vår kommunikasjonen handlar om pengar. Eg blir nok ein gang satt i dilemmaet; kva skal eg bruke pengar på, kven skal eg gi til, kor mykje? Det han ber om av meg er pengar, medan eg tenker at det siste han treng er pengar til meir rus. Han treng eit varmt badekarbad og eit sunt måltid. Eg vil at han skal finne seg ein heim der det er varmt og trygt, ut fra mine kriteriar om kva som er eit godt liv. Han må slutte med rus, og leve eit meir verdig liv. For å kome dit, har eg ei oppskrift som til forveksling liknar på mitt eige liv. Det er altså *mitt* mønster for eit godt og verdig liv som gjeld. Spørsmålet er om mi form og livsmønster står i forhold til den andres livsinnhald, hans livserfaringar, behov og interesser. I møte med meg, treng altså denne personen eit *fri-rom* som kan beskytte han mot mine definisjonar av han og hans liv, og frå mitt behov for å forme han eller gi han ei form etter mitt mønster. Fri-rommet skal hindre meg i å dra konklusjonar der eg trur eg veit det meste om denne personen, utan å høyre *hans versjon*. Det kan gjere at eg oppdagar at han lever eit liv som eg ikkje veit så mykje om, som er forskjellig fra meg, og at han mest sannsynleg veit meir om verdighet og verdig liv, enn meg. Det må altså vere eit rom *mellom* oss, som hindrar invadering av begge liv, og som gir opning for bevegelse og påverknad *begge vegar*. Liv Rosmer Fisknes (som starta Nadheim, som Møtestedet er ein del av) seier i eit intervju at kyrkja har vore redd *det ukjente*. ”God teologi er tidløs og kan virke like godt i Skippergata som da Jesus møtte kvinnen ved brønnen. Det handler om at den ene ser den andre slik at den andre *ser igjen*, og får mot til å gjøre det. Uten at noen har overtaket(..) Det handler om å gi den andre tid og mulighet. En glad giver kan kvele den han vil nå med overøsing som bare tilfresstiller eget snillhetsbehov. (..)Respekt er aldri masete. Vi skal ikke gi hele tiden.” (i ”bymisjonen” 1/2003). Ho skriv om den andres rett til å gi; ”Det soleklare ved denne retten skjemmes ofte av et slags overlys som kan få meg til å se opp eller ned. Da har jeg allerede misbrukt den andres soleklare rett..”(1993:21) Gjennom vår *haldning* til kvarandre er me med på å gje kvarandre *form*. Eg er med på å bestemme kva for vidde og farge hans verden får. ”Jeg er med på å gjøre den rommelig eller trang, lys eller mørk, mangfoldig eller kjedelig – og ikke minst er jeg med på å gjøre den truende eller trygg.”(*Den etiske fordring*,2000:39-40). Løgstrup skriv at viljen til form ikkje er noko som berre visar seg hjå dei skapande kunstnarar, den er noko grunnleggjande menneskeleg som høyrer heime i eitkvart menneskes liv. Mennesket må møtes i noko *tredje*, ei formidling, ein felles sak/felles fokus som *opptar og interesserer* begge. Det betyr ikkje at ein er einig og deler same syn, men at ein pratar om - og møtes i *same sak*. Dersom eg i møte med tiggaren berre er opptatt av korleis han kan leve eit liv meir likt mitt, utan å høyre hans meiningar, -deler me ikkje same sak. Løgstrup skriv at når me samanliknar oss med

kvarandre, enten det skjer for å føle vår eigen overlegenheit eller det skjer av misunning, er me i ein viss forstand heilt *tett inn på* livet av kvarandre, om enn berre i tankane, og fokuset skyves vekk fra det saklege og over på det personlege. Eit fri-rom gir *distanse* som består i at ein let den andre vere noko anna og meir enn sin handling, slik at det i den dom ein fell over den andre, er ein vilje til kommunikasjon med han *om formen*. Det er vilje til å få han med. Akkurat som det er vilje til å skape rom rundt han i hans forhold til normen, fordi det er *frivillig* ein vil ha ham med. Løgstrup skriv om dei konvensjonelle formenes *dobbelte funksjon*. Konvensjonane kan tene behovet for å *gi vårt liv og våre samvær form*, som er ein forutsetning for frihet og spontanitet, men det kan også virke motsatt: På den ein sida lettar dei vår omgang med kvarandre, gjer den uanstrengt. På den andre sida brukar me nøyaktig dei same konvensjonelle former til å halde oss på avstand frå kvarandre, inkapsle oss og *ekskludere*. I møtet med normen, dersom ein sjølv avstår frå å legge *beslag* på den og frå å bruke normen som ein giljotin for å henrette den andre på, har kjærleiken sin sjanse. (*Kunst og etikk*, 1961). Spørsmålet i forhold til denne oppgåva blir da kva som skjer med relasjonen, møtet og *det tredje*, det ukjente som er mellom oss, når den rusavhengige møter meg på Møtestedet, i staden for at han som tigger møter meg som tilskodar ute på gata. På kafeen er det satt andre rammer rundt møtet og spørsmålet er i kva for grad det er ei form som bidrar til å redusere avstanden mellom oss, ved at det gir mulegheit til å møtes i noko som er felles? Eg for min del har eit godt inntrykk av Møtestedets form og kaférom, eg likar stilen og rammene rundt mitt møtet med gjesten. Er det ei form som står meir i forhold til ”min kontekst”, mine preferansar og behov? På Møtestedet har eg ein kontroll som eg ikkje har i møte med den rusavhengige på gata, der eg er meir prisgitt ein orden og ein gate-kontekst, som eg ikkje kjenner heilt til. Samtidig kan noko av dette ukjente bli borte når vårt møte flyttes inn i kafeens rammer. Møtestedet tilbyr ei form i forhold til dei sider ved livet som kan framstå som blottstilt og utlevert i dei offentlege rom, blant anna ved å sette grenser for pengefokus, kjøp og salg. Kafeen set nokre grenser som skal verne innhaldet. Kan dette også vere grenser som fordrar ein viss likheit som gjer at eg går glipp av noko av den andres versjon? Som eg skal sjå på seinare seier gjestene noko om ulike sider ved terskelen og standarden på kafeen, og korleis denne kan virke på deira framtoning. Min hensikten med samtalene med gjestene er å høyre meir om deira inntrykk av kafeens form, og få tak i deira bidrag og utviding av dei fri-rom som kan finnes på Møtestedet.

Det handlar altså både om mulege fri-rom rundt oss, eit rom me kan vere i, -det handlar om fri-rom i møtet *mellom* oss, i relasjonen, til sist handlar det også om menalt fri-rom. Alle desse

rom heng saman. For at kroppen skal bli eit fri-rom må det vere ein viss distanse, eit rom å bevege seg i, eit rom å beveges i, eit rom som *ikkje er definert*. Det må vere plass til motstand, medvirking og medskaping. Eit rom for å ta inn alle inntrykk og bearbeide dei. Det krev at innhaldet blir tatt på alvor. Skal eit samfunn fungere, må ein ta hensyn til innhaldet - det liv som leves der. Det må vere lagt til rette for medverknad og medskaping frå alle grupper, ikkje berre frå den veltilpassa borgar. Skal ein ta hensyn til innhaldet i global samanheng, vil ikkje jorda klare å bære belastninga dersom vår livsstil blir overført til den 3. verda. Er denne livsstil ei konstruert form som ikkje har rot i virkeligheten og vårt felles eksistensgrunnlag? Kontrollert av ein liten gruppe som ikkje tek hensyn til innhaldet. Ei form som gløymer den større samanhengen me er ein del av, det udefinerte, det som er utanfor våre konstruksjonar. Den større samanheng som ingen veit alt om, der ein stiller likt.

Kari Martinsen skriv om ein positiv form for skam som er basert på eit menneskesyn der mennesket og dets opphav er uutgrunneleg. "Skam er uttrykk for en sensitivitet i forhold til grenser som ikke skal overskrides, og vi føler skam når grensene er i ferd med å passeres." (I artikkelen om "Rom og arkitektur som ivaretaker av menneskets verdighet" i boka: Skam. Perspektiver på skam, ære og samløshet i det moderne, T.Wyller(red.) 2001:s.167).

Når skam berre er kulturelt bestemt har den mest maktfulle kultur myndigheit til å påføre andre skam. Skam brukes da som eit makt- og disiplineringsmiddel. Den makt det er skamløshet i, har ingen grenser i forhold til den andres og livets integritet. Menneskesynet er objektiverande og sorterande. Løgstrup utfordrar profesjonsetikken til å stå i dilemma der ein får fram motsetnadane i staden for å tvinge alt inn i eintydigheit, kategorisering og klassifisering. Alle ytringar av liv, så snart dei har menneskeleg karakter, er samansette.(Løgstrup 1995). Det må derfor vere rom for variasjonar og ulikheit fordi mennesket, ved sidan av å vere grunnleggjande sosialt, også har eit mangfald av ulike sider og ulike erfaringar. Eit fri-rom betyr ikkje at alle er like, er einige, har same verdiar, tankar, følelsar og handlingar, det opnar heller opp for kontrastar og motstand.

Oppsummerande kan eg si at eit fri-rom i møte mellom personar kan gi opning for begge liv, bevare urørlighetssona som omkransar eitkvart mennesket, integriteten, og gi det framande lov til å vere annleis i forhold til våre krav, ytre krav. Det gir rom for *det tredje*; det som ligg i relasjonen som verken er meg eller den andre, og det som blir til gjennom møtet, som berre er muleg dersom me har fokus på/deler ein felles sak. For at ei form skal stå i forhold til innhaldet må det vere *kontakt/forbinding* mellom form og innhald, altså ein nærhet -samtidig

som det må vere *distanse* og rom for motstand for å bevare fri-rommet. Dersom samfunnet ikkje tek på alvor og vil ha kontakt med det livsinnhald som er der, vil det bli ei begrensa form som prøver å usynleggjere/fortrenge det ein ikkje ynskjer å forhalde seg til, men som likevel *er der*. Ein må forhalde seg til verden slik den ein gang er, ikkje berre slik den er i våre konstruksjonar og illusjonar. Men av og til kan virkeligheten bli så voldsom at det er behov for å skjerme seg. Ein må også ha nokre grenser, rammer. Er Møtestedet eit rom for dei livserfaringar som samfunnet ikkje rommar, som det ikkje er plass til? Er Møtestedet samfunnets forlengta arm, eller representerar kafeen ein viss motstand/alternativ og utviding i forhold til den offentlege livsform, klassifisering og innordning? Er det eit fri-rom litt ”hinsides” kulturens konstruksjon, eit rom som bryt litt av mønsteret og opnar for ein litt anna form for orden? Kva for rolle spelar gjesten i dette og kva er gjestens bidrag til konstruksjon av fri-rom?

3.KORT PRESENTASJON AV MATERIALET OG GANGEN I OPPGÅVA:

Møtestedet er altså det konkrete rom i oppgåva som dannar utgangspunktet for drøftinga av mulege fri-rom. Kafeen vil først bli presentert ut frå samtaler med gjestene om deira inntrykk og erfaringar, og deretter i eit teoretisk perspektiv der eg ser på Møtestedet som diakonalt rom i ein historisk samanheng ut frå Kari Martinsen sine teoriar og analyse av rom. Kari Martinsen benyttar seg blant anna av Foucault og av Løgstrup. Alle tre kjem inn på teoriar i forhold til fri-rom og form. Der Løgstrup er opptatt av at våre samvær og sameksistens må bæres oppe av ei form, er Foucault opptatt av disiplinen; dei meir eller mindre skjulte mønster av disiplin som ligg i alle detaljar av eit rom/form, som prøver å okkupere fri-rommet, prøver å styre og dominere det ved å definere innhaldet, klassifiere og navngi kvar ingrediens i rommet, putte det i ein orden. Hans metode er derfor å dekonstruere forma og sjå på innhaldet, korleis det kjem til syne når det er fri fra sine sperrer, grenser, fra sin historiske og sosiale kontekst/form. Det er ei form for *nullstilling* der han prøver å finne eit tomt, opent rom, der ein kan skape seg sjølv, og utvikle ein form for sjølvomsorg som også gir plass for den andre. Likevel opnar Foucault for at det også kan finnes positive sider ved disiplinen, noko Martinsen byggjar vidare på: Disiplinering i form av ei *sjølvbegrensing* for den andre, og den felles sak, sameksistensen.

Både det teoretiske perspektiv og gjestenes perspektiv opnar opp for den større samanheng, og dei ulike rom, som Møtestedet er ein del av. Dette gjer at fokuset i oppgåva ikkje berre blir på Møtestedet og dei rusavhengige i Skippergata, men like mykje på oss andre og samfunnet

rundt. Oppgåva søker etter ein felles sak/eit felles fokus som gjer at grensene mellom ”dei” og ”oss” blir mindre skarpe/tydelege, utan at *likhet* blir forutsetning for *likeverd*. Drøftinga av fri-rom vil derfor foregå på ulike plan; først i forhold til sjølvanning i ein historisk og sosial samanheng, som fører over i den felles sak. På denne bakgrunn går eg nærare inn på drøfting av Møtestedet som fri-rom, der eg først ser generelt på marginale rom i forhold til samfunnets rom, deretter ser eg på det diakonale/rituelle rom. Det relasjonelle og mentale vil inngå i dette. Merleau-Ponty snakkar om kroppens evne til å skape livsrom – *mentale* og *praktiske* rom som kan gjere det muleg å vere bevisst og reflektert i forhold til seg sjølv og andre menneske. Gode rom er bebudde rom både mentalt og praktisk.(Espeseth,2004:82-83). For å oppsummere gjestenes versjon av fri-rom i to setningar gir deira erfaringar kunnskap om kroppens evne til å skape slike mentale livsrom/fri-rom. Vidare talar dei om blick, om det å møtes ansikt til ansikt og det å møtes på midtvegen, ikkje gjennom *bakvegen*. Eg skal sjå på Møtestedet i forhold til det å vere eit slikt praktisk rom som kan legge til rette for å møtes ansikt til ansikt, og skal gi lite innblikk i det /konkrete kaférom:

Kort presentasjon av Møtestedet:

Kaférommet er innreda med tanke på at det skal vere ein hyggeleg og stilfull stad å innta eit måltid, og er innreda funksjonelt, nøkternt og innbydande med same standard som andre kafear. Ved sidan av kafébord og stolar er det sofa, bokhylle og piano. Kaférommet er også utstyrt med symbol som lystenningsalter, kors, ikonbilde i eit hjørne og ein handskulptur i eit anna hjørne, laga av ein kunstnar som er gjest i kafeen. For dei som ynskjer det er det tilbod om å delta i lystenningsstund/nattverd torsdagskveld. Det er plass til ca 30 personari kafeen, og rommet er opent og oversikteleg. Kafeen skal vere ein inkluderande møtestad for rusavhengige der dei kan stikke innom, slå av ein prat, slappe av, lese nye aviser og få seg eit godt og næringsrikt måltid. Møtestedet ynskjer å knytte gode relasjonar til gjestene, den enkelte gjest skal føler seg sett og respektert. Ein vil legge til rette for gode og uformelle møter. Gjestene av kafeen er blant anna brukarar av legale og illegale rusmidlar, medikament-assistert rehabilitering, personar utan fast bustad, personar med ulike psykiske lidingar, eller andre. Dei blir av Møtestedet omtala som gjester, noko eg også brukar i denne oppgåva. Eg vil no kort presentere tema og dilemmaer som kom opp i samtalene med nokre av gjestene, med fokus på fri-rom og den felles sak:

- 1.Gjestene seier noko om behov for ein *fristad*, om frihet og om kva fri-rom kan vere.
- 2.Eit tema går på *grenser*; balansegangen mellom det å inkludere den *rusavhengige*, og samtidig sette grenser for *rus* inne på kafeen. Utfordringar i forhold til det å vere eit fri-rom

der gjesten får vere i fred og blir møtt med tillit, og på den andre sida det å sette grenser for salg og bruk, som gjer at gjesten kan føle seg overvaka og møtt med mistillit.

3. Dei seier noko om *blikk*, behovet for å bli sett og det å møtes ansikt til ansikt. Det handlar om det å møtes i ein felles sak/eit *felles fokus*.

4. Nokre av gjestene brukar begrepet ”sånne” og ”sånne som oss”; kven er dei og kva inneber det å plassere seg sjølv og vere ein del av denne kategorien?

5. *Terskelen, takhøgda*; denne blir opplevd ulikt av gjestene. Nokre av gjestene er meir slitne og har ei livsform som er meir utlevert enn andre. Det handlar om det å finne ein balansegang mellom gjestenes ulike behov i forhold til Møtestedets form.

6. Forholdet til *samfunnet rundt*; gjestene nevner det med å bryte ned barrierer, møtes på *midtvegen*.

7. Det relasjonelle og rituelle rom på Møtestedet; betydningen av relasjonar til ansatte på kafeen, vaner, trygghet, forholdet til den kristne profilen og lystenningsritualet. Her kjem gjestene inn på ulike erfaringar i møte med kristendom/form. Dette punkt blir presenert i sin heilhet under del III.

Kari Martinsen skriv om at det å bu har å gjere med det å vere innfelt i ein større samanheng. Rom og arkitektur kan tilby eit fri-rom der ein kan vere seg sjølv og finne fotfeste i tilværelsen. Det handlar om å gjere verden bebueleg, slik at ein kan føle seg heime, føle seg trygg. *Å bu er å skåne jorda*.(2001). Dette fører oss over til Maurice Merleau-Ponty og hans fokus på den levande kroppen. Kroppen er ikkje ein del av rommet som bord og stolar, men den bebor rommet: ”Som subjekt är den egna kroppen inte i rum och tid som träd och buskar, bord og stolar, utan ”den bebor rummet och tiden”.(i Bengtson, 2001:79). Merleau-Pontys ”levde kropp” utgjør utgangspunktet for heile hans filosofi. Dette standpunkt medfører ein heilt ny måte å betrakte og tenke på innanfor filosofi og vitenskap, noko som har med forholdet mellom innhald og form å gjere. Det verifiserbare som var rådande i vitenskapen fra 1700-talet, er ikkje lenger einerådande. Den verifiserbare metode krev at om ein observasjon eller eit eksperiment skal vere gyldig, må det kunne gjentas, og resultatet vere likt kvar gang - noko som med nødvendighet medfører at det som berre skjer éin gang, ikkje blir fanga opp. Dermed er det som om det ikkje eksisterar.(Knausgård; ”En tid for alt”, 2005:387).

Fenomenologien, som Merleau-Ponty og Martinsen representerar, fangar opp noko av det Knausgård etterlyser. Den stiller nokre spørsmål om menneskets eksistens som går utover det som er gitt/konstruert i samfunn og kultur. Fenomenologi er ikkje ein metode i tradisjonell forstand, men ein måte å tenke på som har sitt grunnlag i livserfaringar. Kari Martinsen(2005)

skriv om livsfilosofisk arbeid som vitenskapelig arbeid: "Om det er plass til livsfilosofien i vitenskapen er et spørsmål om hvor stor klassifiseringstrangen er, eller hvor åpen en er i det vitenskapelige arbeidet for å nærme seg fenomenet innskrenkende og varsomt"(s.67).

Mitt utgangspunkt for denne oppgåva vil vere i livserfaringane og i det Merleau-Ponty skriv om persepsjonens evidens: "Verden er ikke det jeg tenker, men den, jeg lever i, jeg er åben for verden og kommunikerer uden tvivl med den, men jeg besidder den ikke, den er uudtømmelig. "Der er en verden", eller rettere "verden er der", denne konstante antagelse i mitt liv kan jeg aldri gjøre udtømmende rede for.((1945)1999,s.28).

Mitt materiale om fri-rom ut frå gjestenes versjon er basert på 6 personar, og representerar derfor ikkje eit utvalg som kan gje verifiserbare resultat. Dette ved sidan av det faktum at fri-rom ikkje let seg definere, gjer at eg ikkje kjem til å trekke klare konklusjonar i oppgåva.

Materialet i oppgåva blir brukt som utgangspunkt for ei drøfting av *mulege* fri-rom, og *forutsetningar* for fri-rom, og belyse ein del spenningsforhold mellom form og innhald. Eg kjem likevel til å seie noko om *min versjon* av fri-rom på Møtestedet. Dette er ein versjon som baserer seg på mine inntrykk og erfaringar -i møte med gjestene og deira kunnskap, og i møte med teori.

II METODE; fenomenologisk tilnærming, dialog som metode og den tre-ledda relasjon

Målet med oppgåva er å få kunnskap om fri-rom. Metodekapittelet handlar derfor om den *tilnærming* oppgåva har i forhold til å få tak i kunnskap om fri-rom i møte/samtale med gjestene, og i møte med teorien. Oppgåva og samtalene handlar om eit prosjekt der målet er å finne ein felles sak som ein forutsetning for fri-rom, og for det tredje. Som metode kjem eg ikkje til å bruke strukturerte intervju, men samtale/dialog omkring sentrale tema i forhold til oppgåva.

I boka; *Med samtalen som utgangspunkt*"(2004) skriv Jette Fog Formålet at formålet med metoden er å få tak i den betydning fenomenet har for personen. Fog skriv at det i planleggingsfasen er viktig med sjølvinnsett og klargjering av mi forutforståing. Følelsar i ureflektert form vil påverke intervjuet og dermed empirien. Vidare er det viktig med teoretisk kunnskap om feltet. Dei teoretiske førebuingane strukturerar oppmerksomheten. Den teoretiske kontekst gjer at ein kan forstå fenomen på ein djupare og betre måte enn den daglegdagse forståinga. Undersøkinga krev samtidig ein *open haldning*, der ein ikkje let seg

forføre av sin teoretiske viten. Fog(2004) skriv at møtet mellom forskar og intervjuperson er ein *mellommenneskeleg* prosess prega av *maktmessige* relasjonar. Eg startar med litt av den teoretiske bakgrunn eg legg til grunn for metoden/tilnærminga og oppgåva, som også handlar om den mellom menneskelege prosess, før eg ser nærare på konkret metode.

1. Teoretisk bakgrunn

Nullstilling og dekonstruering av form, fokus på innhald

For å kome på sporet av fri-rom, og eit evt. tredje – det som ligg der, som verken er meg eller den andre, men som blir til gjennom møtet, er det nødvendig med ei *nullstilling*. Kort fortalt handlar det om å kome litt *bak* alle *lag på lag* av mønster, formar, illusjonar og vedtatte ”sanningar” om seg sjølv, andre og den større samanheng ein er innhylla i, omringa av, lever etter og ordnar sine liv i forhold til. Eg skal seinare i oppgåva sjå på Foucaults analysar av maktsystema og kunnskapssystema og korleis desse set seg gjennom i menneskets kroppar. Han dekonstruerar formene og fokuserer på innhaldet. Det er ein form for nullstilling der ein må finne ut kva mennesket *ikkje er*, før ein kan finne ut kva det er; -frigjort fra det som prøver å definere mennesket og sette det i *fastlåste* roller og underlegne posisjonar. Han talar om mennesket, frigjort frå den historiske og sosiale kontekst. Det handlar om å gje slepp på sine forutfatta meiningar og illusjonar om naturgjevne essensar, for å kunne delta i Foucaults streben etter å nå erkjennings frirom; ”åndehuller for nytænkning, omtækning og opfindsomhed”(Dag Heede: ”Det tomme mennesket”,2004:1). Foucault er skeptisk til at det fins noko suverent og konstituerande subjekt, ein universell form for subjekt. Heile hans verk siktar mot å oppløyse forskjellige forestillingar om mennesket. I staden for mennesket opererer Foucault med eit begrep om kroppen, men sjølv denne unngår ikkje historiens preg.

Av og til kan det vere viktig å stoppe litt opp og ta eit steg til sida for å få litt avstand til den form ein lever i/etter. Viktige spørsmål kan da vere; kva for sider ved denne livsform er det viktig å ivareta, og kva for sider er med på å stenge for livsinnhaldet? Ei form kan også stenge for det å ta inn ny kunnskap, nye inntrykk og erfaringar. I møte med noko nytt, kan det å nullstille seg vere ein metode der ein, for ein liten stund, prøver å ”legge litt til side” det ein har av kunnskap, forutoppfatningar og eigne motiv, for å fokusere, og opne opp for dette nye i saken. Dersom vår forutforståing ikkje let seg korrigere av møtet med den andre, opptrer me livsfornektande, seier Løgstrup. Livsforståinga kan få stadig meir bestemte trekk og ein fast struktur slik at den stivnar til ein absolutt størrelse. ”Livsanskuelsen kan bytte plass med livet, den blir en sak man er til for, og et påskudd til anmaselse og overgrep. Man vil omforme den

andre i sitt bilde”. (Lønning,2001, 24 - 25). Det handlar om å rokke ved våre sjølvforståingar om livet.

Rom for refleksjon

Martinsen(2005a) skriv om *livfilosofi* som ein visdomslære der ein set sin eigen *sjølvforståing* på spel, ikkje som noko reint teoretisk, alltid som noko som skal omsettes i praksis. Det handlar om å kjenne og erfare dei eksistensielle spørsmål konkret på *kroppen*. Filosofi som livspraksis visar seg på ein eigen måte i delar av den danske livsfilosofitradisjon. Det er ein måte å vere stilt inn på ut frå ein *sansande* tilgang til livet, til natur, menneske og ting. Det dreiar seg om å vere på nivå med den sansande verden. Inntrykk bevegar oss kroppsleg. ”Af indtryk kan man få infald, ens tanker sættes i gang” skriv Løgstrup(1983:13). Livsfilosofi handlar om *nærheit til fenomena*, nærheit til livet gjennom våre egne erfaringar. Vidare handlar det filosofiske liv om å stille seg på ein viss *avstand* for å problematisere vår tilværelse og oss sjølv. Ein må skape *tanke rom*, og å forhalde seg til livet på ein *kritisk ettertenksam* måte. Skape eit rom til å forme seg sjølv og sitt eige liv. Ei form for sjølvanning der ein er seg sjølv utan å vere seg sjølv nok. ”Det dreier seg om det liv hvor vi kommer inn på livet av hverandre uten å invadere hverandre, hvor vi er involvert i forhold til hverandre med en samtidig åpenhet for at det i alt menneskelig nærvær også er en fremmedhet”(Kari Martinsen, 2005a:62). Martinsen gir her viktige prinsipp for det vidare arbeidet i denne oppgåva, der eg nettopp skal gjere eit forsøk på å skape tanke rom der eg ser kritisk på alle variantar av fastlagte former og prøve å fokusere på innhald. Dette rammar også dei former eg sjølv er innhylla i gjennom min livsstil, min profesjon/yrke som barnevernpedagog og diakon, mi sjølvforståing og kristne tru. Det å kome på sporet av frirom handlar om ei nullstilling som minnar oss om at ei form alltid må stå i forbinding og berøring med eit livsinnhald. Vår tenking og refleksjon treng motspel av følelsar og spontanitet, som gir innsikt, erkjenning og adgang til livet sjølv. Gjennom *sansane* settes me inn i ein samanheng som er større enn oss sjølv. I den større samanheng blir livet rommeleg, me får rom i oss og omkring oss. Livets fenomen er bunde og forma av noko *utanfor oss sjølv*. Det står i motsetning til å kretse om seg sjølv, vere lukka ute frå livet og inne i seg sjølv og si eiga sjølvforståing. Livet har da mista taket på personen, menneske er splitta. Mennesket formes ut frå dei stader og samanhengar dei lever i, og av korleis det tilfredsstillar sine *behov* i samfunnet(same,s.62). Dette gjeld ikkje berre i forhold til naturen og staden, men også arkitektoniske rom og innredning, og ut frå relasjonar.

Rom for sansing

Martinsen(2005b) skriv om *fenomenologisk tilgang* til rom der ho legg vekt på at det grunnleggande ved rommet, både det av *naturen skapte* rom og det *menneske skapte* rom, er at ein kan sanse i det, oppleve glede, sorg, håp, savn, og at rommet er der med sine luktar, sitt lys, sine tonar og fargar. Sjølv om sansinga er livgivande, kan den vere voldsom i sin fundamentale openheit mot verden. Derfor har me behov for å skape avstand for å få eit rom i og omkring oss å *bevege* oss i, så det me sansar og stemningsmessig er i og opplever, kan *erfares*. ”Erfaringens afstand giver rom, således at der kan fortælles om og reflekteres over sansning, stemninger og opplevelser, så vi kan lære af dem for livet”(s.133). Rommet blir da eit rom ein *lever i*. Livsverden.

Ei form må altså stå i forbindelse til eit livsinnhald. Dette krev eit rom for å ta inn alle sanseinntrykk og eit rom for å bearbeide desse slik at det blir til nye erfaringar, som igjen bidrar til å utvide evt. endre forma. Fri-rom handlar da for det eine om å ha rom for sanseinntrykk, og for det andre om rom for avstand, for refleksjon og bearbeiding av inntrykka. I samtalene med gjestene er målet å skape eit rom for refleksjon i forhold til inntrykk og erfaringar dei har om fri-rom. Eg vil her bruke dialog som metode. Kva dette konkret inneber kjem eg nærare inn på under, eg vil først ta med eit avsnitt om den forbindelse som er mellom sansing og *kropp*, og den forbindelse som er mellom ulike kroppar – intensjonaliteten. Merleau-Ponty og hans ”levde kropp”(2003(1962)) opnar opp for at heile vår veren, vår viten og vårt aktive, handlande forhold til verden er kroppsleg konstituert. Martha Marie Espeseth skriv i si hovudoppgåve om *Uvanlige og barn og profesjonelle hjelpere*(2004) om eit menneske- og kunnskapssyn fundert på bevissthet og rasjonalitet, på idear om universelle sanningar og sikker viten tilgjengeleg for objektiv tenking og emprisk utforskning, -der kroppen blir det uegentlige, den blir eit *objekt*. Bevisstheten blir det egentlige, den blir subjekt(s.17). I omsorgstradisjonar og sosialt arbeid som mi utdanning er ein del av, er ofte den gjennomgåande praksis at det er *me* som skal hjelpe *dei*. Det er *me* som kan og veit, *dei* er trengande og hjelpelause. *Me* er subjekt og *dei* er objekt som det skal skje ei endring med. Objektiveringa av mennesket og kroppen opnar opp for krenkingar, invaderingar og overgrep. Ei nullstilling handlar derfor om å forbinde eit subjekt til ein kropp, der ein blir påminna om at kroppen er levande. Ei form med livsinnhald. Opplevingar, erfaringar og kunnskap kjem til oss via kroppen, via det me ser, høyrer osv, det hoppar ikkje rett inn i bevisstheiten. Det å kommunisere med verden, kroppen og den andre, er å vere *saman* med dei, i staden for å vere ved *sidan* av dei.(Merleau-Ponty,1994:40).

Den ”levde kropp”

Merleau-Ponty skriv om kroppen som fortolkar seg sjølv og sin situasjon, og kroppen som fortolkar ein allereie fortolka verden. Han er serleg opptatt av **blikket, persepsjonen** som *forbind* og fører oss til tinga omkring oss. Verden er uutømmeleg, eg kan ikkje eige den, beherske eller forklare den fullt ut. Virkeligheten må beskrives, den kan ikkje konstrueres eller formes. Veden er det eg lever og gjennomlever, erfarar og sansar. Han fornektar ikkje gyldighet, betydning og kunnskap om verden som kjem fra psykologi, sosiologi, naturvitenskap, historie og sosiologi, men han vil, ved hjelp av fenomenologien, kome *bakanfor, under og utover* dei som forklaringar på menneskets liv i verden og kvarandre. *Før* me spør, undersøker, analyserar og reflekterar, er verden allereie gitt, og me *lever i den før* me har eit bevisst, kognitivt og reflektert forhold til den. ”Vårt forhold til verden er ikke analytisk, reflekterende og objektivt, men kommunikativt og eksistensielt” (Marta Maria Espeseth, 2004:20). Me er i levande kommunikasjon med verden, og denne kommunikasjonen er perseptuell. Me oppfattar andre menneske, verden og oss sjølv gjennom kroppens nettverk av sansar. Merleau-Ponty beskriv den førvitenskapelege erfaring for ”persepsjonens evidens” (1945) 1999:28). Det første laget i det perseptuelle felt er kroppens før-refleksive bevissthetsform. Altså det som er der *før* vår *bevissthet*. Kroppen opnar seg for fenomen som allereie er der, og kroppen strekk seg intensjonelt ut mot verden. (Espeseth, 2004:22). Fra det før-refleksive går kroppen over til den refleksive bevissthet. Her får ein den nødvendig avstand til sanseinntrykk, for reaksjon og refleksjon og det før-bevisste blir til erfaring. Fenomena får form og betydning. Det blir noko kroppen står overfor, som gjenstand/objekt. Men det er ei sterk forbindelse mellom det desse to bevissthetsformer. Det før-refleksive og det refleksive/objektive er begge innanfor kroppens perseptuelle felt. Den levande kroppen let seg ikkje objektivere fullt ut, for da var det ingen levande kropp. Dersom refleksjonen mistar kontakt med det før-refleksive, blir bevissthet og kropp flytta ut av det perseptuelle felt. Dersom denne *livsforbindinga* mellom det før-bevisste/før-objektive og det objektive brytes, og ein set inn sperrer mellom den perseptuelle oppleving og våre tankar, ord og handlingar, inntre den absolutte objektivering.. ”Vi må genfinde oprindelsen til gjenstanden i selve kernen af vor oplevelse” (Merleau-Ponty, 1994:7). Det før-bevisste er også eit **før-personleg** felt. Her oppheves *grensene* mellom eg og du. Me er hjå kvarandre *umiddelbart*, slik me er i umiddelbar forbindelse med verden. Han spør vidare; korleis blir kroppen eit ”eg” som kan *skjelnes* frå andre ”Jeg”?

Me her ein *bevisstheit* i forhold til vår kropp. Både slik eg erfarar den, og slik eg ser den andres kropp frå utsida. Min kropps bevisstheit om seg sjølv er også min kropps bevisstheit om andre kroppar. Den indre forbinding både til meg sjølv og til den andre, er muleg fordi vår verden og våre kroppar er **bebudd** av *bevisstheit*. Me fortolkar den andre og den andres intensjonar gjennom våre eigne intensjonar. Dersom kroppen berre er eit område av verden, da er min erfaring ikkje noko anna enn ein dialog mellom reine bevisstheitlar og det system av objektive forbindingar som bevisstheten oppfattar (Merleau-Ponty, 2003(1962:407)). Da er den objektive kropp ikkje ein bebudd kropp, "is not *inhabited*", den er ein framand gjenstand. (same, s.407). Det blir ein steril verden utan plass for anna enn harde fakta og idealar, mekaniske relasjonar: "hur skulle vi kunne leva i en värld där andre människor inte längre är medmänniskor med vilka vi kan interagera ovh samtala, utan enbart är fysisk reducerade kroppar; ja, där det över hovud taget inte finns några subjekt, där bruksföremålen inte längre kan erfaras i sin användbarhet(..) utan bara i sin rena fysikalitet?" (Bengtson, 2001:69-70). Den framande, objektive kroppen fastslår at slik er det, ein gang for alle, klart og eintydig og har ingen bevisstheit som umiddelbart opnar eg for verden, for inntrykk og påverknad i møte med andre. Ein absolutt konstituerande tanke får opplevinga til å stivne. Da blir språket kunstig og rigid, bevegelsane mekaniske og statiske, seksualiteten blir eit spørsmål om stimulus og respons, og kunstnerisk utfolding blir ein repetitiv øving utan rom for kreativitet og skapande kraft. Aller mest skadeleg er forestillinga om ein objektiv og konstituerande tanke for dei menneskelege relasjonane me lever i. (Espeseth, 2004:28). "There is(..) no place for other people and a plurality of consciousnesses in objective thought" (Merleau-Ponty, 2003(1962):406-407). Merleau-Pontys alternativ til ein ubebudd, framand og mekanisk kropp, og til ein objektiv tanke og distansert bevisstheit, er kroppen bebudd av bevisstheit, den levande og tenkande kroppen som opnar seg for verden. (Espeseth, 2004:29).

I Merleau-Ponty skriv om tingen som *også* eksisterar i *seg sjølv*. Den einaste bevisstheit eg har direkte tilgang til er *min eigen*. Andre menneske som er *adksilt fra min bevisstheit*, fins berre som ting i veden. "Därmed hamnar jag och resten av mänskligheten i två oförenliga universa; jag ensam är subjekt, medan alla andra människor tillhör världen av fysiska ting" (i Bengtson, 2001:85) I motsetning til om ein utgår frå den eigne levde kroppen som tilhøyrrer begge univers samtidig. I staden for at det andre blir *reduisert* til *mitt* syn på verden overskrider den andre min verden Den andre utgjer ein fortsetting og *utviding* av min eigne verden i verden. "Allmänt formulerat utgör vi alla en oändelig och öppen fortsättning av varandra" (same, s.86). Bengtons skriv om eit opent system, der den andre er ein anna enn meg, ein *sjølvstendig eksistens*. Kommunikasjon skjer ved at eg let min forståing av den

andres veren i verden få kome til uttrykk i min egne veren i verden. På den måten kan **ein dialog** utvikles, er eg bekreftar den andre og den andre meg, der eg korrigeres av den andre og den andre av meg, der både uenighet og enighet kan oppstå. Forståinga er aldri definitiv, ettersom den aldri er fastfrost i nuet. Me erfarar andre menneske aldri berre som fysiske *ting*. Dei erfares alltid som psykofysiske einingar. Som kropp med innhald, bebudde kroppar. Den levande kroppen kan altså ikkje identifiserast med livlause kroppar, som fysikken studerar. Kroppen er ikkje ein ting som eg kan flytte omkring i rommet på same måten som eg flytter møblar og bøker. Den egne kroppen er ikkje ein statist, men alle *handlingars subjekt*. Det er ut frå subjekta handlingane kjem. Om vår kropp er vår *tilgang* til verden, så forstår me at kvar forandring oppstår ved for eksempel sjukdom eller ulike kroppsskader. Merleau-Ponty (same,s.80) talar om ulike instrument eller ting kan utvide og lette vår omgang med verden, som for eksempel ein blindhund for ein som har mista synet, eller ein bil/tog for ein som bur på landet. Forskjellige typer stimuli kan forbindes til kroppen og påverke vår omgang med verden, gi ulike perspektiv og opne opp for horisontar av ulike dimensjonar i forhold til vår eksistens, slik for eksempel ulike former for rus, eller rusliknande opplevingar kan føre ein person rett inn i ein himmelsk ekstase. For ein periode. Rusmiddel, andre type stimuli og andre ting har med vår kropp å gjere, med vår eksistens og vårt forhold til verden. Gjennom å innføre ting eller forbinde vår kropp med noko utanfor oss sjølv, kan dei bli eit middel for å utvide verda, eller vere ei forlenging av min kropps forhold til verden. Nye vaner kan utvikles. Kan ein kafé, i betydning av å vere ein møtestad mellom ulike personar med eit mangfald av forskjellige livsstilar og livserfaringar, vere med på å utvide våre kroppars forhold til verden? Utvide perspektiv og opne opp for nye horisontar i forhold til vår (sam)eksistens?

2. Fenomenologisk tilnærming

Mesteparten av det teoretiske bakgrunnstoff i heile oppgåva er henta frå fenomenologien, oppgåva vil derfor ha ein fenomenologisk tilnærming, og eg skal her legge fram kva som ligg i denne metode. Jan Bengtson (*Sammenflätningar*, 2001), skriv om fenomenologien som ein metode der ein går "tilbaka till 'sakerna själva'"(s.25-26). Det gjeld å verken ta vitenskapelege teoriar, sunn fornuft eller andre ting for gitt. Det er *tvilen*, meir enn skråsikkerheten som gjeld. Det er i erfaringane alle teoriar, bebrep og liknande har sin start, sitt *utspring*. Ein må altså få tak i saken, slik den **visar seg i erfaringane**. Det fordrar ein openheit, følsomheit og sensibilitet til forskjell frå ein klassifisering under faste kriteriar.

Bengtson skriv: "Man kan låta sitt liv styras av övertygelser och målsättningar til den grad att man inte ser annat änn det som passar med övertygelsen respektive målsättningen. Dette gäller emellertid inte bara för fanatiker, utan i princip för oss alla i situationer då vi är stressade, har det bråttom och måste vara "effektiva" eller "rationella".(s.26-27). Dersom alt fokus er på form, ser ein ikkje anna enn det som passar inn i forma. Fenomenologien forholdt seg til eit fenomen ut i frå korleis den framstår og har betydning **for den som erfarar** den.(s.27). Fokus er på livserfaringar, på livsinnhald. Husserl talar om *livsverden*; denne verden er *forbunde* med eit *subjekt*. *Kroppen* som utgjer det inkarnerte subjekt som er nærverande i alt me gjer. Samtidig er denne kroppen *forbunde med andre*; verden erfares intersubjektivt. I denne *intensjonaliteten* er me *utlevert* til kvarandre. I fenomenologien er dei *empiriske fakta* forskjellig fra kvantitativ sosiologi og naturvitenskap. "The empirical fact is the relation and the content of it"(Wyller; *Diakonia between Phenomenology and Social Construction* s.2). Det er altså *relasjonen og innhaldet* i den som er fokuset. Den andres posisjon er ein viktig del av den livsform me delar saman. Wyller skriv at når ein studerar menneske, må ein møte dei på ein måte som gjer at dei erfarar seg sjølv som **subjekt** i dette møtet. Eit subjekt er ikkje ein person ein *gjer noko med*, slik som med ting. I møte med eit menneskeleg subjekt forholdt ein seg til personen og finn ut kva slags *form av liv* ein delar med den andre, om det er noko ein kan ha ein fells forståing i forhold til. Er det noko ein kan møtes i, som begge kan ta del og er interessert i? Fenomenologisk tolking legg vekt på at både den som erfarar og det som blir erfart høyrer med til hendinga. Me tolkar ein allereie fortolka verden. I den fenomenologiske tilnærming blir derfor tolkaren med i undersøking, og står ikkje i ein utanfor posisjon. Møtestedet og fri-rom er noko som også angår meg. Me erfarar saken ut frå den meining og betydning den har *for meg*, og tolkar den andre ut fra *min samanheng, erfaringar*. Tolkinga av Møtestedet og fri-rom vil derfor vere prega av den versjonen eg har av det gjennom mine sansar og erfaringar. Oppgåva blir forma i mitt mønster, i min bevisstheit. Den andre blir til, blir definert ut i frå min versjon, mitt blikk, i mitt bilde, mi tolking. Dermed oppfangar me ikkje differensen, den andre som forskjellig fra meg. Alle erfaringar har sin horisontar. Erfaringane inneheldt derfor alltid meir enn det som i streng betydnig direkte presenteres i den. Det er ein dobbeltheit i all kommunikasjonen; me kan aldri ta den andres perspetiv fullt ut, mykje vil vere ulikt, ukjent, sjølv om mykje også vil vere felles. Wyller(2005) henviser til Levinas som problematiserar den tolking som berre blir skapt i tolkarens bilde, gjennom hans kropp og hue. Korleis konstruere eit bilde av Møtestedet og fri-rom som også får med den andres versjon, og ikkje berre gjestens versjon i mi tolking? Korleis få med det som ikkje er meg, det som er ukjent og framand. Eit fri-rom mellom oss

kan bevare den andre som ”den framande”. Wyller skriv om eit mennesksyn som handlar om at noko er gitt før meg/oss. Det er noko som finns, noko som ligg der, *er* der, før vår bevisstheit. *Før* me reflekterer og før me tenker, eller blir bevisst på visse mønster/former, *sansar* me. Det er derfor alltid noko som er før-refleksivt, i ein kvar situasjon. Det er ein grunnstruktur som viser at ikkje alt er konstruert, noko er *gitt*. Kroppen er altså sansande tilstade, og tek i mot inntrykk og erfaringar i møte med andre, eller naturen. Det går forut for vår eigen aktive deltaking. Dette skapar ein dynamikk i det dialogiske. Korleis skal dette uttrykkes slik at også den andre kjem til orde? Relasjonen mellom mine sansar og kroppen til den andre er ikkje direkte. Den fenomenologiske relasjonen utvikles og skapar noko som er verken meg eller den andre. Relasjonen startar utviklinga av ein *tredje posisjon*(det udefinerte som eg ikkje veit så mykje om), ein posisjon som berre kan vere muleg gjennom eit møte mellom meg og den andre. Det er ein utviding av verden som kjem til oss i relasjonen og som ikkje kunne vore muleg dersom det ikkje var noko utanfor meg, noko som forutset ein **treledda relasjon**. (Eg skal utdjupe kva dette konkret handlar nedanfor). Oppdaginga av det tredje i ein kva for helst fenomenologisk relasjon og fokus på utviklinga av det tredje kan bli sett på som ein viktig veg til å unngå sameness(likhet), samanlikning og til å bevege seg over til ein meir seriøs ”otherness”, med *rom for ulikhet*(jmf.eks.fra møtet med tiggaren i innleiing). Wyller(2005) skriv om *intensjonaliteten* som er innhaldet i den fenomenologisk relasjon. Det er den nye ”tredje”, som er utvikla fra møtet mellom to personar. I fenomenologien høyrer denne intensjonaliteten til i alle slags relasjonar, mellom menneske og mellom menneske og naturen/kulturen osv. Fokuset er på det som er gitt i relasjonen, det ein mottar, det som ligg der og den felles sak som blir til mellom oss –i motsetning til det å ha fokus på resultat og mål som ligg *utanfor* relasjonen. Wyller henvisar til MacIntyre og det han kallar for ”sosial praksis”; ei livsform der sjølve *samhandlinga* har eigenverdi. Ein fokuserer på dei *interne verdiar* i forhold til innhaldet i denne livsform, og ikkje på dei ytre verdiar og krav om resultat eller eksterne mål. Det å vere saman er viktig, ikkje for å *endre den andre*, den andres livsstil. Det skjer noko med *oss, som miljø*, ikkje berre med ”dei andre”. I denne livsform blir det utvikla dydar. MacIntyre vil ha oss til å utvikle er dei dydene som blir utvikla for å ta vare på intensjonaliteten, det tredje.

3. Intensjonaliteten og den treledda relasjon

Eg skal konkretisere kva som ligg i intensjonaliteten: Vår bevisstheit er alltid *retta mot* noko og nokon, det er ein grunnstruktur i menneskets måte å vere til stades på i verden. Det er ein form for utleverthet. Det er umuleg å stå på utsida av ein praktisk situasjon og beskrive den

objektivt. Me går stadig ut av oss sjølv for å vere hjå dei andre, hjå tinga gjennom sansene og bevisstheten. Me er dermed stadig *utlevert* til kvarandre. På den måten deler me livsverden. Skervheim(1976:52) skriv om at det å møte den andre slik at han aldri berre blir "eit faktum". Me kan aldri kome på innsida av den andres erfaring/perspektiv. Samtidig er det noko allment og felles i vår måte å vere til i verden på som har ontologisk karakter. På grunn av denne dobbeltheten treng våre samvær med kvarandre form, skikkelse og grenser. Dette gir utfordringar i profesjonelle relasjonar. I dialogen handlar det om å lytte til det den andre *seier*, ikkje leite etter motiva eller prøve å psykologisere personen eller forstå han ut fra min forforståelse, men ta på alvor det personen seier. Dermed kan det utvikle seg noko nytt i dialogen vår. Løgstrup kallar grensa mellom sak og motiv for urørlighetssona, den har som funksjon å få oss til å halde oss til saken og ikkje til motiva bak(Løgstrup,1997:177). Går me laus på motpartens motiv, i staden for dei grunnar han gir i ein diskusjon, blandar me sak og person, da bryt den saklege diskusjonen saman. Det er ein distinksjon mellom å delta, la seg engasjere i ein felles sak, og på den andre sida å konstatere og objektivere. Det å ikkje halde seg til saken, men til motiva bak og identifisere eit menneske med motiva er ein sterk eksklusjonsmekanisme. Dersom ein berre tek ut eit trekk plukkar ein mennesket frå kvarandre. Det er viktig å møtes i noko som er felles, ein felles sak, ikkje gå rett på personen. Den treledda relasjon mellom den andre, meg og sakstilhøvet er slik at me deler sakstilhøve med kvarandre. (Skjervheim,1976). Kva som ligg i den treledda relasjon og det å dele ein felles sak, skal eg utdjupe med eit eksempel frå ei hovudoppgåva om "De farlige andre" av Anne Lise Middelthon(1992). Ho skriv om eit helseforebyggande prosjekt der rusmisbrukarar, prostituerte og sosialarbeidarar saman driv hiv-forebygging i utsatte miljø. Formålet med prosjektet er verken opphør av stoffmisbruk eller behandling/motivering. Helse er noko som er felles og ein vanleg sak. Fokus på helse understrekar det horisontale i prosjektet og gjer det som er **felles**, og ikkje det som skiller, til utgangspunkt. I dei fleste andre interaksjonar mellom helse- og sosialarbeidarar og stoffmisbrukarar, er det det som skiller, nemlig stoffmisbruket, som er møtestaden. Relasjonane blir dermed vertikal. Å inneha rolla som "stoffmisbrukar" eller "prostituert" inneber å vere bærer av eit stigma, noko som er med å bestemme interaksjonen både blant stigmatiserte og ikkje-stigmatiserte. Kommunikasjonsfeltet snevres inn og vil i hovudsak dreie seg om dette stigmaet. Stigmaet snevrar ikkje berre inn kommunikasjonen og blir "det det handler om". Bæraren blir også tillagt stigmaet som sin primære identitet. Narkoman, stoffmisbruker, prostituert er kraftige metaforar som konnoterar til skremmande, framand og asosial atferd. Ein total-identitet basert på eit trekk eller ein handling blir ein *reduisert identitet*. Rolleinnhavaren er med på å prege

rolla gjennom sin utføring av den. Stigmaet ”misbrukar” er ikkje berre eit onde ein blir påført utanfrå. Det kan også vere ei løysing for den enkelte som også kan ha gode eller ønska sider. Rolla som stigmatisert kan gi mulighet for fraskrivning av ansvar for eige liv og handlingar. Følelsar som skam og skyld kan bli lettare å bære med ein årsak som legges utanfor ein sjølv. Stoffmisbrukarar omtales og behandles stort sett i den øvrige offentligheten som personar avkledd subjektets eigenskapar. I prosjektet til Middelthun trer eit anna paradoksalt bilde fram. Ved bruk av begrepa nedanfor diskuterar Middelthun kva som kan skje og kva for mulegheiter det kan gi når roller blir oppløyst eller bytta om.

Anti-struktur i eit relfeksivt rom.

Formålet med prosjektet er som sagt at misbrukarar og sosialarbeidarar skal drive HIV-forebygging. Det er ingen kjente roller eller kategoriar tilgjengelege for det arbeidet som misbrukarar og sosialarbeidarar skal utføre i prosjektet. Det einaste som er klart er at dei ikkje skal operere i eit sosialarbeidar/klient forhold, og at dei skal gjere noko anna saman enn det dei vanlegvis gjer. I prinsippet er dei på like fot i det hiv-forebyggjande arbeidet. Formålet med prosjektet er verken opphør av stoffmisbruket eller behandling/motivering. Det blir altså etablert eit nytt rom som rusmisbrukarane både er ”deltakar i” og ”representantar frå”. Dei er både deltakar og observatør på eigen arena, både deltakar i miljøet og representant for samfunnet utanfor. Posisjonen som observatør gir avstand og mulighet for relfeksjon. Avstanden skapar eit ”refleksivt rom”. Begrepet ”antistruktur” er ein fase som betegnar ein stad der ein står midt i mellom og er verken dei eine eller det andre. Det opphever all oppdeling og all diskriminering. Relsjonane er ”..udifferensierte, likeverdige, direkte, stadig eksisterande..(same, s.109). Dei sosiale skillene som eksisterar i kvardagen, ”ute i samfunnet” viskes ut. Antistruktur visar seg gjennom at misbrukaren går frå å bli oppfatta som objekt, styrt eller besatt av noko utanfor, narkotikaen, til å bli behandla og å oppfatte seg sjølv som subjekt. Frå å ha ein total og redusert identitet til ein meir kompleks og samansatt. Dei deltakande stoffmisbrukarar og prostituerte blir i prosjektet oppfatta som samfunnsnyttige, både av samfunnet og av seg sjølv. Tre forhold ved prosjektet er prega av anti-struktur eller communitas: opphevelse av gamle roller, deltakarane trer fram som subjekt og at dei ser på seg sjølv som og bli sett på som samfunnsnyttige(s.112).

Det rommet som communitas representerar gir mulighet for å prøve ut og bearbeide temaer og følelsar som det ellers ikkje er plass for, eller legitimt å ta opp. Ein skapar seg eit eige rom for å få mulighet til å prøve seg på innsida av samfunnet. Ein viktig eigenskap ved dette rommet

er mulegheiten til å tre inn og ut av det, og mulegheiten for samtidig å høyre til både utanfor og innanfor samfunnet. Denne doble posisjonen gir mulegheit for refleksjon, og den gir mulegheit for å prøve ut ei ny rolle, utan at krav knytt til framtida er kleba ved. Å endre ein bit av sitt liv, treng dermed ikkje å bli så trugande eller farleg. Dei gamle strukturar er ikkje forsøkt sletta i det heile tatt. Det gir mulegheit til å utvikle ein meir samansatt identitet. Så sjølv om fokus er på hiv-forebygging, er prosjektet samtidig virksom på eit anna plan. Østerberg brukar begrepet amfibisk handling. Deltakarane får mulegheit til å sjølv, på amfibisk vis, å reflektere over og trekke konklusjonar om stoffmisbruk og prostitusjon. Prosjektet er ein pendling mellom å vere ein samfunnsnyttig person og ein stigmatisert avviker. Og det gir mulegheit for eit trygt møte med ”den generaliserte andre” –som er samfunnets holdningar og normer. Prosjektet har vore etablering av rom der deltakarane kan vere det som ”verken er det ene eller det andre og likevel begge deler”(s122).

4. Dialog som metode, refleksjonsrom

For å bruke språket til Merleau-Ponty og fenomenologien, er altså Møtestedet eit rom som er bebudd av levande kroppar. Desse kroppane har erfaringar og inntrykk, og målet med samtalene er å skape eit refleksjonsrom, eller refleksivt rom, som Middelthon kallar det, for å få del i dette. Det er kroppane i form av livsinnhald, og livserfaringar som er hovudfokus i samtalene, ikkje rusavhengigheten, eller rusproblematikken, sjølv om dette også er tema som kan ha med fri-rom å gjere.

Metoden baserar seg på den teori og tilnærming som står over, samt Middelthons eksempel på tre-ledda relasjon. Eg vil her kome inn på kva det konkret handlar om i mitt møte med/samtaler med gjestene ved Møtestedet. Fog(2004) skriv at det empiriske materialet er eit produkt av forholdet mellom forskar og intervjupersonen(den felles sak) – som er avhengig av kontakten. Det er alltid ein viss gjenkjenning, me deler ein sosial og kulturell kontekst. Dess meir ein kjenner hans kontekst dess større mulighet for å forstå hans nyanserte uttrykk. Min bakgrunn for å kjenne til gjestens kontekst er at eg har jobba som ekstravakt ved Møtestedet frå januar 2004 til august 2005. Eg kjenner derfor til ein del av miljøet, og til nokre av gjestene frå før. Dette er ein fordel for oppgåva i forhold til den felles sak, fordi eg har ein forbinding til staden. Men det kan også påverke det empiriske materialet ved at mitt inntrykk og versjon av Møtestedet, kan kome i vegen for *den andres versjon*, som det står over. Vidare kan det at gjesten ser på meg som ansatt, påverke kva han fortel om Møtestedet til meg. Dei fleste samtaler har også foregått i Møtestedets lokaler, noko som kan vere med på å påverke samtalene. Eg har prata med 6 personar. Dei har ulik tilknytning til Møtestedet og

ulikt forhold til rus, nokon er på metadon, og narkotika, andre på alkohol, og nokon har ikkje tilknytning til rus. Nokon brukar kafeen ofte, andre meir sjelden.

Samtalene er tematiserte. Dei er ikkje strukturerte i forhold til spørsmål i bestemt rekkefylgje, men ei temaliste med stikkord. Det å bruke intervjuguide i ein slik samanheng kan stå i vegen for møtet og lyttinga, det å vere tilstade og deltakande. Fog(2004), skriv om samtala som ein spontan prosess utan at det er fastlagt eller kontrollert på førehand. Ein let seg flyte i den strøym samtala er. Samtala blir til undervegs. Målsettinga med intervjuet var å få tak i gjestenes inntrykk av Møtestedet, deira erfaringar. Forma på intervjuet var derfor ganske open både i forhold til tid og i forhold til tema. Når målet er å finne det tredje., det som verken er meg eller den andre, men som blir til i eit møte mellom oss, krev det ei form som er open. Tema for samtalene vart derfor ei blanding av mine spørsmål og det dei ulike gjestene var opptatt av. Fog skriv om samtaler som i undersøkingar går over frå sin opprinnelege form som gjensidig fortruleg, til å bli profesjonelt utnytta som instrument, metode, eit middel til noko anna. Den profesjonelle samtala er asymmetrisk. Dette utfordrar etiske grenser og det å ta hensyn til det krav som ligg i utlevertheten om å ta vare på den andres liv og krav om å beskytte kvarandres verdighet og autonomi. Talens openheit gir tilgang bak fasaden.(Løgstrup,1956). Det handlar om ein balansegangen mellom talens openheit og det å ikkje å kome inn på tema der ein trår over personlege/private grenser. Løgstrup kallar dette for urørlighetssone, som det står over, og som eg kjem meir tilbake til det seinare. Oppgåva mi og samtalene med gjestene balanserar på denne grensa. Ved å halde eit felles fokus på det som har med Møtestedet og fri-rom å gjere, som angår begge partar, var hensikten å unngå å stigmatisere den andre, og trå over den andres grenser(jmf.Middelthon over). Samtalene er basert på samtykke(vedlegg), der gjesten vart informert om hensikten med samtala, frivilligheit og annonymitet. Samtalene vart tatt opp på band og skrive ned ut frå det gjestenes uttalelsar.

PRESENTASJON AV MATERIALE; CASE OG TEORI

1.Presentasjon av samtaler med gjester med fokus på fri-rom og felles sak

Målsettinga med intervjuet var å få tak i gjestenes inntrykk av Møtestedet og deira erfaringar. Materialet vil bli presentert i forhold til tema omkring fri-rom, kva som hemmer/fremmer det, og på fokuset med å finne *ein felles sak*. Dei ulike tema som har kome opp i samtalene er ein blanding av mine spørsmål og det dei ulike gjestene har vore opptatt av. Materialet nedanfor vil derfor omhandle fri-rom i forhold til kafeens ulike rom, samfunnets rom og fri-rom på det mentale plan.

Fleire trekk fram behovet for å ha ein fristad, og seier at kafeen er ein fristad i forhold til spanere, politi og frå samfunnets blikk. I samtalene blir det også kome inn på den friheten ein har inne på kafeen og på utfordringar i forhold til grenser og terskel:

Fristad/frihet/frirom

- Vi blir jo husja og jaga over alt i byen, så et sted må det være et sted der sånne også kan møtes, men ikke det at dem da skal kunne ha rett til å være narkoman når dem kommer på innsida av dørene.

- Noen ganger er det et tilbudssted til meg om mat og alt mulig som jeg kan kjøpe fra folk fra a til å. Noen ganger for å finne noen i miljøet som jeg må finne. For det tredje er det kaldt ute og jeg hadde lyst til å sitte og drikke en kopp kaffe bare. Den friheten har jeg til å bruke kafeen til en kopp kaffe, kanskje en annen dag til 5 tabletter.

Men det er til sist et varmt sted å være i de kalde realitetene som skjer utenfor.

I forhold konkret fri-rom svarar ein gjest:

-det er hjemme hos meg selv det. Når jeg kommer hjem etterpå og låser døra og tar fram den maten jeg skal ha og har satt meg sofaen og slått på tv'n og tenkt på den dagen her og venter på at klokka skal bli så mye at jeg kan sove, det er mitt fri-rom

-nå handler det om å bli rusfri, det skal bli mitt fri-rom.

Det er ikke noe som heter sprekk, det er et veldig misbrukt ord. For når jeg ruser meg så er det noe som har utvikla seg over tid. Det er ikke noe som plutselig skjer. Og det er noe jeg egentlig kunne ha stoppa viss jeg hadde gjort de tinga jeg vet jeg burde ha gjort. Jeg burde angitt meg selv før jeg å rusa meg, ringt og sagt nå er det rett før jeg ruser meg. -men når du er i ein sånn prosess er det vel vanskeleg å si fra. Det er vanskelig å stoppe. Så det handler om å bli lojal mot seg sjøl, bli sin egen vokter, og spesielt bli sine egne tankers vokter. Stoppe tanken når han kommer, ikke la tanken få lov til å utvikle seg. Jeg begynner å bli ganske sliten av dette livet. Hele tida en kamp. Jeg er vel en kriger. Men krigere må vel hvile iblant de og. Selv den sterkeste må hvile iblant, er det noe som heter.

Det er en sinn sjukdom, rett og slett en sinn sjukdom. Nå har jeg prøvd alle metoder for å kontrollere rusbruk og har innsett at det er ikke noen metoder som gjør at jeg kan kontrollere rusbruk. Når jeg går rundt og tror at jeg kan prøve en ny metode å ruse meg kontrollert på, da er jeg sinn sjuk. For det er ikke mulig. Det vil gå sånn som det alltid har gjort. Det utarter

seg, også sitter jeg plutselig til avrusing igjen som jeg sverga på at her skal jeg aldri innommer. Jeg har vært på ganske mange avrusninger siste 2 åra. Sprekkene har vært kortere og kortere, det har de vært. Jeg skulle også ønska at livet mitt kunne vært helt annerledes, men jeg er nødt til å gjøre ganske stor jobb for å skulle forandre på meg sjøl, og er jeg villig til å gjøre den jobben? Ønske om at ting skal forandre seg, og det er veldig sterkt, men er det så sterkt at jeg er villig til å gjøre den store jobben, for det er ganske stor jobb å snu om på i vært fall det livet jeg har hatt. Jeg har sett meg selv som et offer i mange år. Og det har jeg helt sikkert vært også, men for noen år siden, ikke så veldig mange år siden, så kom jeg til det at, ok det som skjedd før det har vært med å gjøre livet mitt til det det har blitt til, men det er mitt ansvar å forandre framtida mi. Det har vel noe med at jeg har blitt eldre å gjøra. Ikke det at jeg har gått her. Men jeg har nok fått input her i fra i forhold til å se på meg sjøl på en annen måte også.

Grenser

Fleire trekk fram dilemmaet i forhold det å sette grenser for omsetning og bruk av rusmidlar inne på kafeen.:

-Etter at Plata ble sprengt syns jeg det blir vist mindre respekt i fra folk på gata, i og med at dem prøver å få dette til å bli et slags møtested for omsetning, men det lykkas ikke så godt. Det virker som de er flinke til å holde det ute av lokalene her. Det som skjer på fortauene her er bare naturlig det. Som regel blir jo de som prøver seg her inne ferska. Som regel. Med en hau av unntak selyfølgelig, narkomane er ikke idioter heller, kan jo triksa sine.

-De som kommer hit kommer gjennom plata, de kommer hit for å ta kontakt med hverandre og avtale om kjøp og salg, om alt mulig og samtidig ta en kopp kaffe og frihet fra politi. Det er et samlingspunkt hvor jeg kan lete etter noen som skylder meg penger, eller som jeg kan låne penger av. Så det er forskjellige bruksområder på den kafeen.

Møtestedet balanserar mellom ynskje om å vere open og inkluderande i forhold til den rusavhengige og det å ha klare grenser i forhold til handel og bruk av rusmidlar. Noko som ikkje minst visar seg i dilemmaet rundt toalettet. Mange reagerer negativt på å bli forstyrra og masa på dersom dei brukar for lang tid på do. Det er ein balansegang mellom det å la personar få vere i fred på toalettet, som er eit høgst privat rom, og det å trå over grensene for å hindre at personar tek overdose. *-Jeg syns de er flinke til å passe på at regler blir fulgt, og at de passer opp folk. En ting er at folk kan for eksempel misbruke toalettet til å sette seg skudd, men de er*

flinke til å passe på at det ikke skjer mer enn det som er mulig å få stoppa, og dem er flinke til å passe på at ingen dør her. Det er jo et veldig stort ansvar

- det er nødt til å være enda strengere regler på en sånn en plass enn på en vanlig restaurant. Gir du dem en liten sjanse så stopper det ikke der. Så da kan du stoppe og sette streken med en gang, i stedet for å få masse trøbbel også må du rydde opp i trøbbelet etterpå. Og holdningen innad i narkomiljøet – det er ingen som liker at noen går inn på do og griser til med blod og begynner å djunke. Det var ingen som likte den som gikk ned på østbanen med rompa i været og med sprøyta i rompa. Det er en prosent av de narkomane som driver sånn og ødelegger for alle andre.

*-Jeg blir ikke et bedre menneske eller annerledes når jeg kommer inn. Jeg legger meg bare inn under en sånn lov, regel. Det er ikke noe politi her inne som er mistenksom til alt som skjer, de har lagt den jobben til de som jobber her, eller tenkt at de som jobber her kan kontrollere. Disse (være)stedene blir en slags sted mellom de som skal godkjenne stedet og de som skal drive stedene. Hvor mye de kan tøyes. Lovene. Kafeen kan ikke være en skille- dør mellom det gode – dårlige, det positive og negative. Miljøet ute og inne er det samme. Der er det kaldt, her er det varmt, der er det røyk, her er det kaffe. Jeg blir ikke noe spesiell når jeg er her. Jeg prøver i alle fall å ikke være til problem for andre inne her...fordi det er et **felles rom**. Når vi kommer inn, vi har ”skrevet under” en avtale at vi skal holde oss litt mer nyktere narkomane, jeg vil ikke si at det er mer menneskelig eller mer vanlig eller noe sånn. For mange er det positivt med en sånn avtale, det er opp til hver enkelt. For noen er det en slik pest og plage at de ikke kan drive business eller røyke her inne. For noen er det himmelsk. Takk Gud at her treffer jeg ikke folk som presser ting og tang på meg, tilbyr meg eller noe sånt.*

Kaférommet er opent og oversikteleg for at personalet skal ha oversikt over det som skjer i rommet. Nokon uttrykker at dei føler seg overvaka. Ein gjest kommenterer at han føler seg stempla fordi dei ikkje bli vist tillit i forhold til toalettet og i forhold til dealing. Igjen er det balansegangen mellom det å få vere i fred – få eit fri-rom fra andres blikk, fra mistekksomhet, -og det å verne kafeen som fri-rom i forhold til illegal aktivitet og kjøpepress. Ein gjest uttrykker at han føler seg beglodd dersom det kjem for mange ulike grupper og personar som skal inn for å titte, som kan handle om ein følelse av å sitte på utstilling. Fri-rom handlar også om det å bli sett i eit møte der ein *deler ein felles sak, eit felles fokus.*

Blikk, fokus, behovet for å bli sett

Fleire trekk fram behovet for å bli sett, behovet for å ikkje bli oversett, sett *skeivt* på, bli behandla som objekt. Dei nevner andres blikk og det å møtes ansikt til ansikt.

Ein felles sak/fokus kan vere ønske om å finne ein veg ut av rusavhengigheten, som ein kan dele både med ansatte og andre gjester.

*-Jeg kommer ikke hit for å spise mat eller noe sånt. Det er ikke mitt mål. Men å være en del av bilde, bli sett, jeg leter etter de jeg er bekymra for. Jeg traff en dame, vi var sammen på opptrapping på metadon. Hun snakka om en som hadde slutta med metadon, og det er jo noe jeg også kunne tenke meg. Og hun sa det er helt greit, det er bare innleggelse og nedtrapping. Det er noe jeg får greie på når jeg kommer hit, hjemme tror jeg at jeg resten av livet er slave av metadon eller noe sånt. Jeg tror jeg har spist et par tre ganger her, jeg tror ikke det er beste maten som jeg har spist. Men jeg ser at de som driver her.. det er et salgs engasjement, de engasjerer seg sterkt og det er stort. Man må ha en sterk mentalitet, en sterk vilje og en stabilitet. De har en sånn rettferdighetssans. Alt i alt midt i byen, Hilde, det er viktig at det er et sted man ikke blir sett *skeivt* på. Andre steder sier folk; hun er sånn eller han er sånn, men her inne slapper man av, man blir ikke sett på som et objekt, eller et spesielt objekt som er skilt fra andre i samfunnet. Det er positivt. Det er innlagt den greia. Du ser hvem som ikke er akseptert i samfunnet og hvem som er det på øynene til nordmenn som går opp og ned i Karl Johan. Viss det står 3-4 sånne mennesker på Karl Johan og det kommer en norsk dame som bor på Røa eller Bygdøy som skal gjennom de 4 velger å gå utenom. Kafeen skal gjøre sånn at de som er oss skal føle oss litt nærmere....*

Du kan dra til Holmenkollen kafé, eller du kan komme til Vålerenga kafé. Kafeer begge to, men det er to forskjellige terskler. Man selv vil ikke med skitne klær eller utseende gå på Holmenkollen kafé og ta en kaffe, rett og slett fordi man ikke tåler så mange blikk og fordømmelse.

-Viss jeg sprekker, så kan jeg si det uten at det er konsekvenser. Jeg kan komme hit når som helst, og jeg kommer hit når som helst. Jeg kommer ikke hit bare fordi jeg kjeder meg på andre steder. Det er godt å komme og se at folk blir glad når de får se at du kommer. Det er godt å komme hit og se at folk blir glad fordi de ser at du er nykter. Jeg ser jo folket når jeg har klart å være rusfri en stund, så ser jeg en slags skuffelse både hos ansatte her og også hos enkelte av brukerne. Når de har sett at det har gått bra med meg en stund, så ser dem at jeg tryner igjen, så mister dem litt av trua på at dem sjøl kan klare det. Men det er et ansvar jeg

har. Her er det folk som bryr seg like mye om meg som min egen familie gjør. Her får jeg kjeft av "fatteren" når jeg kommer noen ganger. Cato, han har tatt meg noen ganger han. Han liker jo ikke å se det at jeg har sprekt, og det sier han rett til meg. Også blir han veldig glad når han ser at jeg har begynt å legge på meg, ikke bare han da, men eksempelvis. Jeg har behov for tilbakemeldinger jeg, både positive og såkalt negative. Jeg har behov for å bli sett, selv når ikke alt er som ønska. Og det er det rom for her. Skulle denne kafeen her bli borte, så kommer det til å bli et stort tomrom.

Gjestene nevner også erfaringar fra andre plassar/hjelpeinstansar, der ansattes ønske om rask endring og forandring kan bli for dominerande, slik at ønske om endring ikkje blir ein felles sak, men føles som ein form for manipulering der andre prøver å "snike seg inn bakvegen". Dei seier noko om tempo og det å møtes i ein felles prosess som krev tid og rom.

-Det er mange måter å gi hint om at nå bør du gjøre noe. En måte er å si; kjeft å se deg og gi han en klem. Det er en måte å si det på med handling i stede for med ord. Det er at her kan da hver enkelt bruker få ...-de har mye negativitet i seg når de kommer inn, og kan få et påfyll her som kan gi dem kanskje en annen måte å tenke på når de går ut. En motivasjon for å kanskje gjøre noe med.. -føle verdien i seg sjøl. Også er det mange måter å gjøre det på. En god klem kan gjøre mye mer enn at du skal få høre: Nå MÅ du, nå SKAL du. Da går rullgardina ned. Opplever du sjøl over tid, og tar etter hvert innover deg hvor verdifull en sjøl er, så blir det jo til at en etter hvert ønsker å ta et ansvar for sitt eget liv også. Jo mer en har troen på seg selv og tar seg selv på alvor på en riktig og alright måte. Så har det stedet her absolutt en visjon, men en skal aldri gjøre regning med at det skjer en forandring kjapt. Dette her kan ta år for å få til en sånn forandring eller hjelpe noen til en slik forandring. Men det handler veldig mye om at, for eksempel noen steder ønskes det at forandringen skal skje kjapt, helst der og da på bakrommet. Mens her så gis det tid og rom, sånn at brukerne kan da få tid til å bli vant med en ny positiv tanke om seg selv, og la det synke inn og bli fortrolig med det. Så kan neste steg tas. Så dem har jo selvfølgelig en klausul her om at dem ønsker å se en forandring, men dem gjør det på en sympatisk måte.

Man skal ikke forvente lystring. Det er jo det som er for de som jobber her, at de ønsker ikke å miste noen av de som går her. For hver enkelt som jobber har jo sine ynglinger som de er spesielt opptatt av. En kan høre at; -nå er det lenge siden den personen har vært her, undrer på hvordan det går. Og du merker at personen, altså noen er jo mer glad i, eller har en som de er spesielt glad i da for å si det sånn.

Ein gjest trekk fram ein spesiell episode i forhold til korleis han føler seg møtt på Møtestedet:

-Senest i går: Det kom ikke noen moralpreken eller hånda på hodet, men det var noen som jobber her som sa: "Jeg har ikke noe med det, men jeg syns du kjører hardt nå, ta det med ro og prøv å sett korka på flaska". Men det var ikke noe sånn; -bli med inn her så jeg kan få be for deg og bla bla. Det tok meg til tåra, og jeg ble jævlig rørt av det at hu brydde seg om meg og tenkte på meg. Hu hadde plutselig begynte å tenke på meg og hvordan de gikk med meg, det syns jeg var sterkt. Men hun kom jo på en annen måte, hun kom ikke bakveien.

-Du blir møtt ansikt til ansikt og det blir ikke frem-manipulert på ein sleip måte en forandring. For det er ikke alle som gjennomskuer det, men en del gjennomskuer det og da vil ikke den personen noensinne komme igjen.

-Jeg gjennomskuer sånn veldig fort. Jeg leser et ansikt jævlig fort. Flere av dem jeg kjenner, alt i fra personlig til sånn hei og hå og sånt og prata mye med, er gode menneskekjennere. Så meg skal de ha problem å bløffe med. Ikke at jeg er en sånn verdensmann, men jeg leser et ansikt veldig fort.

Det å møtes ansikt til ansikt i staden for det at den eine part "snik seg inn bakvegen", er viktig i forhold til det å dele eit felles fokus/sak. Ein gjest som er selger av =Oslo, seier noko om blikket og det å bli oversett. Måten han taklar dette på, visar at sjølv om han blir veldig såra, klarar han likevel å halde på eit visst sakleg fokus, -ein kan kanskje sjå det som eit muleg frirom på eit *mentalt* plan. Han ser møtet i ein større samanheng, som gjer at han på eit vis klarar å skjerme seg litt fra den fordømming han blir møtt med gjennom blick og mimikk. Han forholdt seg sakleg i møtet og fordømmer ikkje tilbake. Han gir berre overfor seg sjølv ein anna versjon, ei anna "sanning" i forhold til situasjonen enn den han blir møtt med, og prøver dermed å stille seg utanfor den nedverdige posisjonen han blir forsøkt plassert i.

- Det jeg opplever på å selge =Oslo, er 90 prosent bra og 10 prosent dårlig. Dem som jeg reagerer på er dem som.., -om du kikker ned eller kikker bort, – du har sidesyn, du har framsyn, dem ser det, dem høre hva du sier, men later som du ikke eksisterer. Du er luft. Dem som løfter hodet opp, rister på hode og flytter seg til sida og sånt, opplever jeg og ofte. Jeg klarer ikke å bli sur av natur, men det er jævlig sårt, jeg blir såra av det. Jeg snudde meg mot ei, ikke den dagen, men jeg spurte høflig ei middelaldrende dame, kunne vært mora mi. Hun lata som hun ikke så meg og kikka opp, også rista hu på hode også flytta hu seg litt bort. Så gikk jeg noen meter bort, så stoppa jeg. Jeg sa ikke noe til henne, var ikke uhøflig, anna enn jeg spurte om hu ville ha magasinet. Så sa jeg til meg selv, ikke det at jeg ble tullete eller noe

sånn, men jeg tenkte med meg selv, det kunne vært datra di, det kunne vært sønnen din, eller begge deler, viss du har noen, viss du er så heldig. Det håper jeg. Jeg sa det liksom sånn i tankene mine. Tenk på det neste gang. Det kunne vært deg som hadde liggi under for heroin, alkohol. Det kunne vært hvem som helst. Og det sa hu, det andre kvinnfolket jeg snakke med også; ”det kunne vært meg også som hadde slitt med spritflaska”, ei jeg har snakke med før. Jeg respekterer og aksepterer at dem sier nei, men ikke lat som du er luft. Det kunne vært gud og hvermann. Hvem fanken er det som ber om å bli alkoholiker eller narkoman og sånn. Det er ingen som gjør det. Det er tilfeldighetene. Det er jævlig sårbart av og til. Av og til så har jeg gått der i fra og tåra har trilla. Så har jeg gått videre. Men nok om det.

I forhold til det å vere var for andres forventningar og andres blick seier ein anna gjest:

-Det har jeg vært hele mitt liv, men etter at jeg begynte å selge magasinet =Oslo, så måtte jeg bare legge fra meg den, for det går tusenvis av mennesker forbi meg hver dag, ser på meg og tenker tanker om meg, og noen ganger ser jeg veldig godt hva dem tenker, men jeg kan ikke la det skremme meg. Når jeg står og vet hvem jeg er og hva jeg står for. For den tryggheten har jeg, den sjøltilliten har jeg. Men før ville det gjort meg veldig mye viss noen så på meg med et blick som jeg visste var feil. Men nå klarer jeg å skjerme meg fra det, fordi jeg har god samvittighet. Jeg gjør mitt beste, selv om jeg trodde at jeg kunne bedre, så har jeg blitt litt mer ydmyk med åra jeg også.

-Jeg er så heldig at jeg tør å være meg sjøl hvor som helst. Så trygg er jeg i meg sjøl. Jeg har god samvittighet og det er beste sovemedisin. Jeg har god samvittighet og da har jeg et fri-rom uansett hvor jeg er hen.

”Sånne som oss”

Ein gjest seier at det viktigaste med kafeen er at han blir møtt med respekt. Hans inntrykk er at narkomane blir sett på og behandla som søppel av mange offentlege kontor. På kafeen har han aldri møtt arroganse. Han seier at dei som jobbar på kafeen ”*liker sånne som oss*”. I forhold til møter med sosialkontor og legekantor kan han få ein nedverdiggande følelse og ei oppleving av å stå med ”med lua i hånda”. Ein anna skriv som det står over at det må finnes ein stad der ”*sånne*” også kan møtes. Fleire brukar orda ”sånne” og ”sånne som oss”. Kva inneber det å plassere seg sjølv i kategorien ”sånne”? Kven er dei og kva betyr det å vere del av denne kategorien. Det fins mange ulike grader og variantar av denne typen;”sånne”, nokon er meir slitne enn andre, det som er felles er kanskje ei oppleving av andres fordømmande halsning. Kor mykje av den blottstillande livsstil kan samfunnet akseptere, romme? Kor

mykje kan Møtestedet romme? Balansegangen mellom det å vere eit fri-rom der ein kan kome i den form og forfatning ein *er* i akkurat *den* dagen utan å møte negative reaksjonar og fordømming, og på den andre sida; fri-rom i forhold til det å bli ”invadert” på eigne private grenser i forhold direkte møte med andres utleverte livsstil/form. Eigne grenser kan bli utfordra i møte med ein kropp og ein livsform som til tider kan framstå som kaotisk, formløs og blottstilt i forhold til hygiene, kler, mangel på kler, atferd, vaner osv.

Ein gjest seier det slik: *Her lever du jo midt oppi menneskelige tragedier. For det er jo stort sett bare tragedier her. Det er tragisk at folk er narkomane og ikke har vaska underbuksa si på to måneder. Det er tragisk. Det er for jævlig at noen mennesker skal ha det sånn. Uansett om de bor i Norge eller i Uganda.*

Terskelen på kafeen, takhøgde

Fleire nevner at Møtestedet er ein kafé der dei kan vere seg sjølv og kome som dei er. Samtidig kjem nokon inn på dilemmaet i forhold til kor låg terskelen skal vere, og kven kafeen skal vere til for. Ein seier at han ikkje kjem til kafeen når han har ein dårleg dag. Nokon reagerar på at personar oppheldt plassar med å sove. Kven skal kafeen vere til for – dei mest slitne, eller dei som ynskjer ein mest muleg normal kafésituasjon? Kven skal ein ta mest hensyn til, korleis balansere mellom å vere eit fri-rom der folk kan kome og vere som dei er i det liv dei lever og den dagsform dei er i, og samtidig oppretthalde ein viss kaféstandard der ein føler seg vel i andres selskap i forhold til andres og eigen utleverthet og blottstillelse? Kva slags krav kan stilles til hygiene, påkledning og oppførsel? Korleis oppretthalde ei form som skånar og fremmer fri-rommet utan at gjester opplever å bli krenka og ekskludert enten av andre gjester, eller av kafeens terskel? Balansegangen mellom å trække over grenser, påføre skam og det å tilby grenser som kan gi verdighet, kan vere *hårfin* når personar befinn seg i ein slik situasjon. Korleis møte og gi form til gjesten på ein måte som også kan hjelpe han/ho til å verne om eigne grenser, utleverthet og bevare eigen integritet og fri-rom i møte med omverdenen? Ein gjest samanliknar Møtestedet med Urtegata, frelsesarmeens verested, der ein har tilgang på dusj, brukt kler, medisin, barberingsutstyr. Det kan vere eit eksempel på ei form som står til innhaldet –den utleverte livsstil, ved å møte fleira av dei konkrete behova gjestene kan ha. Samtidig seier han at det positive ved den meir *alminelege* kaféstandarden på Møtestedet er at det forpliktar han, og stiller *visse krav* til han om å framstå på ein måte som ikkje øydelegge denne standarden ved å vere skitten osv. Han likar å gå på Møtestedet når han føler seg i fin form. For han er det altså viktig at hans eigen form står i stil med den

standarden som er på Møtestedet, for å føle seg vel der. Andre gjester har heilt andre opplevingar av terskelen.

-De har tøyet terskelen, den er veldig, veldig lav, skjønner du? Det er ikke med nesen høyt i været. De vet hva som er hva og hva det er som kan kreves på gatenivået. Den kafeen som er på Urtegata har lavere terskel når det gjelder klesveien. Der er det mer variasjon, terskelen der er enda lavere enn her. Folk har tilgang til dusj, brukt klær, medisin, barberingsutstyr, sove, slappe av. Mange har ikke noe sted å bo.. Jeg ser nå at de som er der har det dårligere, de har ryggsekk mange, mange har ti poser som de går med. De har sovet i en eller annen undergang eller tunnel. For mange er det positivt at terskelen er så lav der, fordi folk er ikke nødt til å være..eller gjøre et eller annet som er i dems makt. De føler seg lettere velkommen på Urtegata, fordi det er en slags kristen mentalitet. Det er nesten en prest som har bedre forståelse for den lave terskelen, folk som bor i gata. Så det er et sted som når man går inn, man kan være skitten, sulten og helt nedenfor, men kan komme ut ferdig barbert, med kanskje en ny jakke, nye sko, mett. Her ser jeg at det miljøet du og de som jobber her bidrar med, gjør at folk liker å komme hit reinere, man forplikter seg til å ikke være skitten. Jeg føler det sånn. Jeg har ikke lyst til å komme hit når jeg er...det er et slags kriterie for meg når jeg kommer hit, at jeg bringer med meg noe positivt. Jeg skal ikke ødelegge det som er her med å sove, kaste opp eller...Jeg har lyst til å være barbert når jeg skal ha en kopp kaffe, jeg vil ha penger til å betale for. Jeg barberer meg for å komme hit, ren skjorte, at jeg føler meg ren og pen, en som de andre. Men jeg skal ikke gå foran som forbilde. Men det er helt sikkert at interiør...eller slik som kafeen drives, lokalet, farger, musikk og alt som er her, det er noe som påvirker forbrukerne og det er noe som du ellers kan finne i byen også.

Her har jeg lyst til å komme når jeg er oppegående, når jeg er frisk fra rusmidler og når jeg har dusja, og det har ingenting med noen å gjøre, i hvert fall jeg er en del av de med de kriteriene jeg har på meg selv. Det har noe med den kafeen her å gjøre. For meg er det positivt. På dager jeg ikke føler meg bra, er det ikke interessant for meg å komme hit. Da blir Urtegata stedet, fordi der er det slik at der kan en være uten noe spesielt.

-Dem opprettholder plasser for veldig mange sovende folk. Skulle ikke vært lov å gå inn der og sitte der og sove 4 timer om dagen, mens folk står på utsida og venter på å komme inn og få mat. Kafeteria er til for at du skal kunne spise og drikke litt. Sove får dem gjøra andre steder. Og det har irritert meg mange ganger.

- Du kan være den du er. Du kan være sterkt alkoholisert, narkoman, eller du kan være en som ikke sliter med rusproblem, du er like mye velkommen selv, om du ikke sliter med rusproblem, selv om det i utgangspunktet ble starta for rusmisbrukere. Her ser jeg det, og føler på kroppen, at det er åpent for alle. Det er åpent for gud og hvermann. Det er veldig fint at de har et sånn syn på det.

- Det er et sted hvor det er takhøyde. Det er akseptert at vi er ulike, tenker ulikt, at vi er annerledes i forhold til hverandre. Det var det som var utgangspunktet og meningen med stedet, at det var brukerne av stedet som skal farge stedet. Prege stedet.

-Det er jo sånn at på en hvilken som helst annen kafé eller restaurant så vil jo brukerne av stedet her oppleve at de kanskje ikke er velkommen. Går du litt skeivt, så passer du jo kanskje ikke helt inn i det bilde, det segmentet de ønsker at det skal være der. Du kan være til sjenanse for dem som sitter der. Men her kan du være den du er. Du blir jo ikke møtt med en flat hånd og her kommer ikke du inn. Også er det lov til å uttrykke, –viss du blir sint på noen her, så er det greit, du mister ikke den som venn likevel.

Målet om å halde fokus på ein felles sak, blir utfordra i eit møte der den andres utleverthet er av ein slik grad at den står i fare for å stjele all oppmerksomhet og alt fokus. Dette kan også gjelde i møte med ein person som ikkje har grenser i forhold til kva, og til kven, han/ho utleverer alle detaljar om si livshistorie. Kven sine grenser gjeld da? Er det min oppgåva å lære den andre å sette grenser, og er det min definisjon av verdige grenser som er standarden? Det er vel her Løgstrup meiner at ein må bruke skjønn. Det fins ingen fasit svar. Evne til å bruke skjønn krev mykje innsikt både i seg sjølv, andre, den felles verden, samtidig som ein her open mot alt det ukjente som ein aldri kan få full oversikt over. *Tvilen* må derfor stå mykje sterkare enn skråsikkerheten ved slike dilemmaer. Men tvilen kan ikkje hindre ein i å ta ansvar i forhold til den etiske fordring i møte med andre.

Forholdet til samfunnet rundt , samfunnets rom– møtes i ein felles sak?

- ”møtes på midtveien.”

I samtalene blir det kome inn på samfunnet, på såkalte ”nyktre dustinger” – dei ”normale” og på det ”rotteracet” som er i samfunnet. Ein gjest seier noko om krav som blir stilt til ein som skal prøve å leve eit liv som nykter. Han seier vidare noko om eit samfunn som ikkje er à jour med seg sjølv, som ikkje er i balanse. Både rusavhengig og ”nyktre dustinger” har same

ønsker, snakkar om det same, men dei misforstår kvarandre og har forskjellige verkemiddel, seier han. Det er mange måtar å ruse seg på og vere avhengig av stimuli. Dei tek opp det med å bryte ned barrierer og fordommar.

- La oss da si at dersom en skal bli nykter, så kan en jo sitte med en følelse som nykter at nå må jeg prestere for å bli likt, for å bli respektert. Akkurat som du skal løpe sekstimeter på så og så mange sekunder. Du skal være flink. Når da egentlig bare det å være nykter -faktisk at man skal være nykter, -det skal ikke ligge en prestasjon i det. Da kan også en som har vært gjennom rehabilitering selvfølgelig blomstre opp i sitt eget tempo som de kan føle trygt. Men da når de er ferdig rehabilitert, så blir det forventet at da skal du ordne deg, og du skal klare og fikse deg på lik linje som andre. Men har du da vært bruker i femten –tjue år, så ligger du noen år tilbake. Og da ender det gjerne med at de kommer innom her. Kanskje i starten som nykter og ferdig rehabilitert, også er de da igjen i kontakten med miljøet. Det skulle vært noe tilsvarende sted som Møtestedet for de som er ferdig rehabilitert. De har sikkert selv masse spørsmål og usikre tanker som de kan føle som flaut å spørre ute i samfunnet. Det hadde vært en ide. For at en rehabilitering skal kunne fungere når du er ferdig, så må samfunnet kunne stoppe litt opp. For samfunnet er ikke på noen som helst måte å jour med seg sjøl. Så først må jo faktisk samfunnet stoppe opp litt og ta igjen seg sjøl, så tror jeg virkelig at brukeren hadde møtt samfunnet med en annen forståelse. De må møtes på midt veien. Men der er jo sånn som =Oslo fantastisk bra greie, at brukerne kan bekreftes på at nyktre er ikke dustinger. Og omvendt. Det er mange barrierer der. Det er ganske mange som betrakter brukere som søppel. Når du er ferdig rehabilitert har du ikke vært å jour med deg selv på 15 år, du kan snakke på en litt skeiv måte som ikke er så veldig vanlig, du kan kle deg kanskje litt rart fordi du ikke har vært å jour med motene siste åra. Det er mange ting som gjør at når du kommer inn så enser folk med en gang at han/hun har vært på kjøret. Da er det igjen det at det er fort gjort at en ikke føler seg vel tilpass der, når de prøver å integrere seg for eksempel på en kafé så blir det til at dem kommer tilbake hit, for her kan dem være seg sjøl. Med det utfall at de igjen sprekker en eller annen gang, fordi det er så mye dop rundt her.

-Vi ble stempla lenga før kafeen åpna. Det har ikke blitt noe mer enn før. Jeg har hatt med meg rusfrie folk hit. Jeg har rusfrie venner også, både gutter og jenter, det er mye fleip med det – nå er det min tur til å invitere deg på middag, også tar jeg med dem hit. Det er mange rusfrie som har fått se åssen det er på kafeen her, som ikke er redd for narkomane lenger.

Utopien må være det at vi tror det at folk skal miste den falske stoltheten de går og bærer på. Hadde folk turt å se innover seg sjæl, så har vel alle en eller annen rusavhengig i familien sin. Skammen. Det å få samfunnet til å forstå at vi ruser oss ikke fordi det er moro, de fleste av oss ruser oss fordi vi har problemer og er nødt til å sjølmedisinere oss. De fleste av oss. Noen gjør det fordi det er morsomt å ruse seg. Men når de har begynt å vanke her, da er det ikke fordi det er morsomt å ruse seg lenger. Da er det fordi dem har blitt narkomane og vanker i strøket her. Jeg har aldri rusa meg så lite som etter at jeg begynte å selge det magasinet. For jeg kan ikke forstå den som kan stå rusa og selge magasinet også snakke med folk, jeg mener når et menneske kommer og kjøper et blad av en narkoman som selger blader, så kan det faktisk være første gang de snakker med en narkoman hele sitt liv. Og da skal du helst gjøre deg forstått. Jeg vil ikke at folk skal være redde for narkomane. De kan godt få lov til å vite at jeg er rusavhengig. Også går dem derfra, også skal de slippe å være redd neste gang de møter en rusavhengig bare fordi han er rusavhengig. Jeg klarer å vippe folk av pinnen hver eneste dag bare ved å være høflig. "Takk skal du ha, ha en fortsatt fin dag og fin kveld". Og da er det akkurat som: "hæ, hvem var det jeg snakka med nå, var det en narkoman, eller var det en direktør". Så jeg syns det er litt moro å vippe folk litt av pinnen og vippe litt på fordommene dems. Det er veldig viktig å representere firmaet mitt.

-For å bli mer populær eller kjent og være litt lysere i den mørke hverdagen til narkomane, kunne for eksempel leid en buss til Sverige og kjøpe røyk. Eller at vi arrangerer en sånn tur til Bygdøy, Huk og blande de menneskene med folket, med samfunnet. Ikke stenge av vinduet til gata, det er ikke synlig. Turistene ser ikke de folka her, men de er ikke forsvunnet, de er her. Du trenger bare følge overdose hyppigheten, statistikken, da skjønner du hva jeg mener.

Ein foreslår å opne kafeen for næringslivet rundt og andre nyktre i samfunnet.

Det som hadde vært..., -men da hadde jo noen av brukerne bare gått og aldri kommet tilbake hit, det er jo at stedet hadde blitt åpna for "nyktre dustinger" som da kan spise her og da også kunne ha en samtale her eller bare blitt kjent med folk, og det vil jo spre seg videre ved at de sier til andre at det er veldig alrighte mennesker dette her. Men da måtte jo stedet vært større enn det er nå. Næringslivet rundt kunne jo spist lunsj her, og på et tilsvarende sted. Men det kan vanskelig gjøres her. Det må være litt andre rom. Og den gruppa som hadde kommet inn da, såkalte "nyktre dustinger", de ville kanskje få noen a-ha opplevelser, dem tenker kanskje at; oj, jeg har kanskje ikke sjølinnsikt, den jeg satt og prata med som er rusa,

har mer sjølinnsikt enn det jeg har, mye mer perspektiv på livet. Og det er jo også det som er at vi ute i samfunnet er jo mindre snille mot hverandre enn mange brukere, til tross for at de bøffer hverandre og lurer hverandre, så har de faktisk mye mer kontakt med det snille i seg sjøl enn det mange ute i samfunnet har. Og det har jo mange av brukerne gjennomskua, for de står på sidelinja og beskuer samfunnet og ser hva som foregår, og da er det jo klart at det kan være vanskelig for dem å ha en motivasjon når noen sier; "Du, nå må du blir rusfri da, komme deg inn i samfunnet". Det er klart dem stritter imot det for dem vil ikke være med på det rotteracet som er her ute. Det er et rotterace uten like. Der er mange måter å ruse seg på, mange måter å være avhengig av stimulans. Det er jo det at det stedet her kan på sikt, ved å kunne "opptre" mer offentlig, være noe som kan bryte noen barrierer. For jeg tror at såkalte nyktre dustinger og brukerne snakker veldig mye om det samme, men man misforstår hverandre. En ønsker å komme samme vei, men virkemiddelene for det er så ulike.

Det relasjonelle rom og det rituelle rom. Lystening, måltid, forming av vaner. Trygghet
Fleire av gjestene nevner den gode maten og måltida på kafeen, kvaliteten i forhold til prisen. Vidare seier dei noko om betydningen av relasjonen med ansatte, samt lystenningsritualet og den kristne/diakonale ramma. Møtestedet, relasjonane og vanene ein knyttar til staden representerer ein trygghet.

- jeg syns kafeen blir drevet så godt som det er mulig drive det i det miljøet som er. Jeg er veldig takknemlig for det stedet her. Og når jeg kommer hit nå, så er det ikke for å møte rusavhengige, det er fordi det er en trygg plass å være, og skulle jeg ha behov for å prate med noen folk, noen som løfter meg opp av...-finder jeg det her blant de ansatte. Det er en del av mitt nettverk. De ansatte her har blitt en del av mitt nettverk. Jeg fikk starta ansvarsgruppa mi her. Det er folk med ressurser/kontakter som jobber her, jeg syns det var veldig fint å få med en herfra, for å holde sosialkuratoren litt i tøylene.

-Jeg husker en episode i fjor, sist høst da jeg kom fra avrusing, og jeg skreiv meg ut en torsdag fordi jeg skulle hit og snakke med noen her, og jeg skulle være med på andakten her og hele pakka og kom bort hit og det var stengt den kvelden, da fikk jeg panikk. Da gikk jeg hjem, satte meg på rommet, fikk enda mer panikk, gikk ned på avrusningsstedet igjen og spurte om jeg kunne få være der en natt til. Det skremte meg, at dette stedet ikke var åpent og spesielt den torsdagen. Jeg har alltid fått det for meg at torsdagskvelden det er en kveld som ikke skal være stengt. Og det mener jeg fortsatt at, for noen er torsdagskvelden veldig viktig,

spesielt for meg som vil ha med meg lystningseremonien og den delen der. Det er ikke så mye åndelig føde å hente i samfunnet ellers. Så da ble jeg ganske redd og jeg fikk lov til å komme inn igjen på M3 samma dagen. Det er eneste negative kritikken jeg har her, er at det plutselig kan stå lapp på døra at "vi har stengt i dag". Uten forvarsel. Og viss det kan skremme meg som ikke lar meg skremme av ingenting, så tør jeg ikke tenke på hvordan det virkelig kan skremme andre. Det er det som er tryggheten, det at jeg vet det er åpent her. Det kan jo være sykdom. Jotun fabrikker, de kan ikke stenge fabrikken bare fordi folk er sjuke. De kan jo ikke stenge et annet sted bare på grunn av sykdom. Da får de ringe manpower da. Skjønner du hva jeg mener? Og det er ikke ment som negativ kritikk. Så mye betyr den for meg, at det er åpent de dagene som det står at det skal være åpent. Det kunne tatt livet av meg den dagen der, så redd ble jeg. Jeg kommer ikke til å slutte å bruke Møtestedet selv om jeg blir helt rusfri. Kanskje det blir viktigere for meg enn noen gang.

- Jeg har et sterkt inntrykk av Møtestedet. Det er den fineste plassen jeg går på i byen. Selv om det er mange fine plasser å gå på, foretrekker jeg Møtestedet. Det gjelder maten, tilbudet, pluss den gjestfriheten jeg møter av de som jobber her. Det jeg liker best er det at jeg kan komme inn og tenne et lys. Sosialt samvær med ansette som jeg kan snakke med.

-det er en rett som vi spiser her som er så billig, som kan koste 10 ganger mer på en restaurant med samme kvalitet, samme mat, mange er takknemlige og mange setter pris på det. Jeg og i blant setter pris på det. Ingen blir rusfri på grunn av den kafeen. Folk blir kanskje mindre magre, fett lagrer seg, men ellers blir det ikke rusfritt.

-Det er en super kafeteria. Man har bedre mat der enn på Grand. Det er jo et ypperlig tilbud.

-jeg har psykolog som jeg snakker med viss noe psykisk plager meg, som jeg har som er ekspert på mitt psykiske felt. Men ellers deler jeg aldri noe privat med dem som jobber her. De er ikke for det første kvalifisert, og for det andre det er ikke nødvendig for meg. De har nok å gjøre.

-Det kompetanse her. Det er folk som kan faget viss noen vil ha hjelp. Det er jo også sånn at gjestene kan jo gi mye til stedet her, til de som jobber her - i form av innsikt. Så det er jo også det at de som jobber her føler seg privilegert for å kunne jobbe her, fordi de her kan lære mye.

Gjestene seier også noko om sitt forhold til den kristne profilen – og om korleis den kan oppleves i forhold til eigne grenser, det å bli respektert for sitt syn. Dette seier noko om det å møtes i ein felles sak – og ikkje.

-For mitt vedkommende, fra jeg starta å gå her, fra dag 1 til i dag: Det er kristne folk som jobber her, det er folk som har en vanlig tro. Det er folk som er religiøse. Men jeg har aldri blitt spurt om noen kan få be for meg, eller spørsmål om jeg skal inn til behandling eller noe sånne ting. Det har jeg aldri opplevd på Møtestedet. Men jeg har opplevd det ganske ofte andre steder. Jeg synes det er plagsomt, på grunn av at ..Jeg sliter jo mye jeg også, jeg er veldig deprimert og sånn, har litt nerver og sånne ting, plages med søvn og hele pakka. Men det er folk som jobber andre steder som ofte kommer bort og skal be for meg og sier at jeg skal ta i mot Jesus og.. Det preller av meg, men jeg synes det er litt slitsomt. Når jeg sier hvor jeg står hen i samfunnet, og dem hører hva jeg sier for noe, men ikke aksepterer det som jeg føler, og spør meg neste uke og neste uke der igjen. Det synes jeg blir plagsomt. Jeg respekterer dem, men de respekterer ikke meg. Det synes jeg er slitsomt. Det synes jeg er plagsomt. Men det har jeg aldri opplevd på Frelsesarmeen. Det har jeg aldri opplevd på Møtestedet. Jeg forstår at den eller dem vil meg godt, men når de stadig kommer bort og sier at du må legge deg inn og bla bla, det synes jeg blir slitsomt. Men jeg glatter over det for å være snill. Men jeg kommer sikkert til å si fra en dag. Jeg synes det har blitt for mye. De har nok skjønt det på en måte på ansiktsuttrykket mitt og måten jeg har svart tilbake på en høflig måte at kanskje vi skal bremse litt, og la det ligge med det. Men viss det fortsetter vil jeg si det, men da vil jeg ikke si det i full offentlighet, da vil jeg si det under fire øyne, for jeg har alltid vært ærlig, og da kommer jeg til å si det direkte.

Dette viser noko om korleis eit kristen fokus, sjølv om det er godt meint, kan bli for dominerande fra den eine parten på ein måte som virkar invaderande. Når ein ikkje respekterer at motparten ikkje deler same sak og same interesse. Ein kan ikkje presse sin kristendom/form på andre. Ein kan ikkje prøve å kontrollere og styre kva andre skal tru, føle, tenke osv. Det å tru foruset fri-rom.

-Det er forskjell på kristendom og kristen tro. Det er forskjell på å være bevisst på rettferdigheten og å være bevisst på synden. Og da kan det å yte rettferd mot en annen, det kan være i form av å gi en klem og bare med noen ord om at; jeg er glad i deg. Jeg ser deg.

Ole Martin Holte, prosjektleder i Fratello oppsøkende Tjeneste i regi av Fransiskushjelpen, skriv(i Embla nr.8 202) om det han kallar krenkande misjonering. Han skriv om diakoniens

grunntanke om ”kristen nestekjærleik i praksis”, som dei mange diakonale organisasjonar i oppsøkande arbeid på gata jobbar ut i frå. ”Men vi krenker, vi også,” skriv han ”kanskje dypere og verre enn mange andre. Under dekket av å vere tilstede ”I Jesu navn” begås det krenkelser overfor rusmisbrukere og andre på gateplan(..) Budskapet om frigjøring og nestekjærighet blir fort kristendom, og rusmisbrukeren føler seg dømt og krenket”. Han skriv vidare at utsagn som ”bare du tror nok” er krenking av eit menneskets seriøse og harde kamp for å gjere noko med sin situasjon. ”Diakonien skal ikke først og fremst forandre mennesker i vårt bilde, eller gi håp om enkle løsninger, men gi mennesker opplevelsen av å være del av et inkluderende og bærende fellesskap. Kristelig moralisme i sin verste form måler troens verdi ut fra om mennesket som tror kan utvikle seg til å bli et ”ordentlig” menneske. Eg kjem meir tilbake til dette seinare i oppgåva. Religion og tru er noko som kan berøre menneske djupt og kan derfor brukes som eit makt – og disiplineringsmiddel over for andre. Kristen for/diakonal kontekst blir derfor eit viktig punkt i forhold til drøfting av fri-rom, noko eg kjem meir inn på i forhold til diakoniens historie. Eg tek til slutt her med fleire kommentarar i forhold til den kristen profil, og i forhold til lystenningsritualet.

-Jeg synes at det må være en kristen profil. Det er å ha respekt for huset, slik som det er på frelsesarmeen. Hadde det ikke vært det, så hadde det blitt ei heilt anna bule. Så er det noe jeg er for, så er det at det er kristen regi, og at dem har lysteninga, og at dem har de moralske regla og sanne ting. Er det noe en narkoman trenger, så er det i alle fall akkurat det. Jeg har aldri hørt om noe forkynning der annet en lysteninga på torsdager. Ingen kan ha vondt av å høre litte grann sann moral. Det vil bestandig kunne bremse litt av det verste. Stopper dem med det, er det ikke lenge før dem har ei ordentlig bule der nede, selv om det ligner jo stygt allerede da. Men allikavel så har dere også klart, sånn som frelsesarmeen har klart det –å få folk til å forstå at her får dere hjelp, så det minste dem kan gjøre er å vise litt respekt. Og det blir respektert blant narkomane. Tullinger fins det i alle lag, man blir ikke kvitt det hundre prosent. Dere kunne kanskje, viss dere ville gå mer den veien der, hatt et kristent møte et annet sted for frivillige som ville ha mer. For jeg tror du hadde blitt overraska over hvor mange som hadde kommet.

-nå er det ikke det at jeg liker han fjompenissen ovante rosenes by. Bondevik. Bondesvik kaller jeg han for. Det er det han er. Borgerlig idiot. Etter at den borgerlige regjering kom inn, er det lagd mange nye båser. Og det er vanskelig å komme ut av de båsa der. Dem bygger plattform, og liker godt å gå på den øverste sjøl, hvor dem kan se ned på dem andre. Jeg liker ikke den holdningen og den dere kirkelige holdningen....

På Møtestedet blir du godt mottatt, dere godtar de verste folka. Det virker av seg sjøl det, det trenger ingen ord. Har du hørt noen gang en muslim rope noe dritt etter deg fordi du jobber på Møtestedet? Han veit jo godt at det er et kristent sted, men dem har blitt møtt med verdighet der, og dem har blitt godkjent uansett åssen dem var der. Og beste forkynnelsen får du gjennom gjerninger ikke ord. Viss en eller annen prøver seg på et eller annet der dem begynner å snakke dritt om betjeninga, så har du jo sjøl hørt reaksjonen som kommer fra kafeterian. Det er dere dem støtter.

Synspunkt i forhold til lystenningssermonien.

-Den åndelige føden. Ja det er liksom et minimum. Viss jeg tenker meg om, så vet jeg ikke hva Oslo hadde vært for meg uten Møtestedet, det er ikke sikkert jeg ville vært i Oslo lenger. Det er en av de tinga som gir meg grunn til å fortsette å være her. Jeg savner litt mer sånn ting om Jesus Kristus da. Men det savner jeg omtrent i alle gudstjenester her. Mer bibelhistorie, sånn barnslig. Vi skal ta det som barn, og jeg vil ha det litt mer sånn.

-Det som jeg godt kunne tenke meg og likt litt, -det er jo veldig mange folk som er bra til å synge, spille gitar og sånne ting blant kristne folk. Hvorfor får ikke dem en liten aften hvor dem kan sitte nede der og synge litt. Synge litt budskap. Det blir litt bedre og ikke så tørt for dem som sitter nede i salen, da blir det til at dem lytter litt isteden. Når han setter i gang med den superoperaen. Det hadde vært veldig moro å fått sånne gjesteoppdredner der med folk som er flink til å spille gitar og kanskje ei jente som står og synger. Jeg trur det ville ha blitt tatt i mot veldig godt. Jeg trur det hadde gitt mye tale til den folkegruppen som vanker der nede enn” laudentis”(omnes gentes). Folka sitter jo der og har vent seg til at dette her skal dem igjennom, også er det ferdig. Jeg tror det er mange som sitter og tramper med beina og venter på at det skal bli ferdig. Vi er ikke noen kirkegjengere. Men jeg tror det at slepper vi å synge latin der nede, så trur jeg det fungerer litt bedre. Som sagt han er jo lynforelska i opera. Han blir dominerende, og da sitter vi andre og venter på at blir han snart ferdig med det greiene så går vi videre på dette arket, så er det de samma sangene. Deler ut noen sanger som det ikke er en kjeft i salen som kan, likevel skal vi synge dem – hvorfor? Er det for å prøve å få med seg salen eller? Jeg forakter ikke han. Han er en mektig type og sånne ting, men det er ikke akkurat så veldig kirkelige lokaler nede på møtekafeen. Syns også at dem tar for lettvindt på det med nattverden. Det står også noe før en skal ta i mot nattverden. For å sette det på spissen skal en ikke kunne drepe en person først, også gå inn og ta i mot nattverden. Det står noe om bekjennelse..

-Uansett hva vi hadde fore oss her. I døden er vi alle like. Det er vi egentlig i livet også, bare synd på dem som ikke skjønner det. Det eneste du kan ta med deg herifra, det er hjertet ditt, og viss du fyller det opp med gull, så har du ikke plass til så mye annet. Det er det eneste vi får med oss her fra dette livet, det er hjertet vårt. Så da hjelper det ikke hvor stor bankkonto du har. Eller hvor mye kroner du tjener på å pushe i skippergata.

Eg kjem meir inn på det forskjellige gjester har sagt i forhold til teologiske temaer seinare i oppgåva. Dette går på kristen *tru* og *krisenform*, og nåde.

Eg skal utover i oppgåva gripe tak i nokre av dei tema og dilemmaer omkring fri-rom, og om den felles sak, som blir reist her i samtalene. Det eg først vil gripe tak i er det som handlar om kategorisering og kva det betyr i forhold til sjølvdanninga. Eg understrekar og legg vekt på dette her som eit utgangspunkt for å understreke eit poeng og sette det inn i ein større samanheng. Kva ligg til grunn for dette avgrensa skille mellom ”oss” og dei”? Foucault seier noko om det å konstruere og definere og skape seg sjølv i forhold til ein motsats. Subjektet blir dermed konstruert ut frå ein samanlikning. Ein definerar seg sjølv i forhold til den andre. Dess større kontrastane framstår, dess tydelegare framstår ein sjølv som subjekt. Det kan handle om eit forsøk om å markere egne grenser om sitt ”fri-rom”, som samtidig set grenser for andres eksistens. ”Gjennom utstøtelsen av det andre set me grensene om oss sjølv”(Solheim,1999:2). Eksklusjonen objektiverar, den skapar ein barrierar mellom dei som er utanfor, mellom ”vi” og ”de andre”. Eksklusjonen markeres gjennom kroppsuttrykk, den signaliseres gjennom blikk, tilbaketrekning, distanse, aversjon. Den oppleves kroppsleg, som ein fysisk barriere, ein vegg.(same,s.3). Grensene skapar innhaldet. Kategoriar skapes gjennom avgrensing. Eg skal i oppgåva sjå denne avgrensing – som er ei form for avvising og fortrenging, i forhold til begrensing, som kan handle om å gje form, og rom.

Dersom gjestene plasserar seg sjølv i kategorien ”sanne som oss”, og alle andre i kategorien ”nyktre dustinger”, blir eg tilhøyrande den siste kategorien. Kva er ein ”nykter dusting”? Som eg skriv i metoddelen handlar oppgåva om ei nullstilling som også rammar meg sjølv og dei former eg er ein del av. Når eg no går inn i presentasjonen av Møtestedet i eit historisk perspektiv i forhold til den diakonale tradisjon. Kirkens bymisjon er ein del av, skal eg ta dei to kategoriane med inn i stoffet. Fri-rom forutset altså eit bevisst forhold til den form, og det

rom eig er ein del av. Nullstilling handlar om det å bli bevisst dei former som styrer og omringer eins liv, dei grenser som fins her, kven som definerer og har makt gjennom desse grensene. Som eg er inne på i innleiinga går det å finne balansen mellom rammer som begrensar oss på ein måte som kan ekskluderar og grenser som skånar. Eg kjem da inn på Foucaults disiplineringbegrep, der han skil mellom disiplinering som er ein del av eit maktspell der det handlar om innordning, underordning, og disiplinering som handlar og begrensing – ei sjølvbegrensing for å gi rom for andre. Kategorisering av ”dei” og ”oss”, målet om å redusere skillene og ønske om å finne ein felles sak, handlar om det same. Fokus på det tredje, rettar seg mot det som er udefinert, det ein kan finne *utanfor* våre former og stramme definisjonar/kategoriar, den orden som plasserar. Dette vil følge med i stoffet utover.

Eg ser no på forholdet mellom form og innhald, og på spenninga mellom fokus på den ytre form, og fokus på den andre, som blir skissert her i dette historiske perspektiv. Dei seier noko om begge roller og rom. Materialet belyser ulike sider ved sjølvdanning. Ei sjølvdanning der likhet, lydighet og kontroll står sterkt, og ei sjølvdanning der sjølvrealisering med rom for motstand der intensjonaliteten rettar seg mot den praktiske, konkrete nøden. Denne delen førere så over i ein drøfting av sjølvdanninga her og i forhold til den morderne kontekst.

2. Presentasjon av Møtestedet som del av diakonal kontekst og tradisjon

I Limadokumentet står det blant anna om *diakoni* at kristne er kalt til å stå *solidarisk med dei utstøtte*. Dette kan gi diakonien ein retning der det handlar meir om politikk enn veldedigheit. Eg skal ikkje fokusere direkte på dette, men på kva for *rolle og rom* dei fattige og utstøtte har og har hatt i diakonien. Og vidare kva det betyr å vere blant ”dei utstøtte”; kva er kriteriene for å høyre til/ikkje høyre til eller evt. kome ut av/inn i denne kategorien? Korleis verkar det inn på mulegheiter og begrensingar i forhold til fri-rom? Handlar det om å vere i ein kategori som gjestene på Møtestedet kallar for ”sånne som oss”? Eg startar med å sjå på oppstarten av Møtestedet før eg tek eit historisk tilbakeblikk. Med dette kjem eg inn på diakoniens røtter i pietismen. Sidan diakoni og den diakonale tradisjon er ein del av mi sjølvforståing, handlar det også om å sjå på ”den nyktre dusting”, og på kva denne rolla inneber, i eit diakoni-historisk perspektiv. Eg vil her trekke ein der trådar opp til dagens kontekst, og starte ei drøfting av Møtestedet som fri-rom. Eg vil her bruke teoriar av Martinse og Foucault om disiplinering og rom. Kva i denne form opnar/stenger for fri-rom, og kva er det viktig å ta

vare på og føre vidare i dagens diakoni, kva for dilemma og ueheldig sider ved denne tradisjon bør ein vere oppmersom i forhold til dagens diakoni?

Bakgrunn for oppstart av Møtestedet

Møtestedet vart starta i 2001 som del av Nadheim Kvinnesenter og som ein diakonal verksemd fundamentert på Kirkens Bymisjons menneskesyn og verdigrunnlag.

I verdidokumentet står det at ”Vårt menneskesyn gir oss et samfunnssyn som forplikter oss til alltid å tale og handle på vegne av de som er svakest stilt i samfunnet.”

Sturla Stålsett, generalsekretær i Kirkens bymisjon, seier(i A-magasinet, Aftenposten 28.04.06) at Bymisjonens troverdigheit og styrke ligg i ”vårt arbeid på gateplanet og i de enkelte virksomhetene. Det er her våre visjoner settes på prøve”.

Nadheim har sidan 1981 drive gatearbeid blant kvinner i prostitusjon i Oslo. I 1999 inngikk Kirkens Bymisjon eit samarbeid med NSB, der Nadheim vart bedt om å utvide si målgruppe til å gjelde kvinner og menn med rusproblem som oppheldt seg på og rundt Oslo S. Feltarbeidet rundt Oslo S bidrog til å knytte relasjonar og gav nyttig kunnskap om dei rusavhengige som oppheldt seg der. ”Plata” besto av gjengangerar i behandlingsapparat og fengselsvesen; rusavhengige med multiproblematikk som psykiatriske diagnosar, utøvarar av alvorleg kriminalitet/vold etc og unge rusavhengige med manglande samfunnstilhørigheit. Plata fungerte som marknads plass for kjøp og sal av narkotika. I den forbindelse vart behovet for ein kontaktstad for rusmisbrukarar i området aktualisert. Det skulle vere ein kafé med sosialfagleg profil, ein open og inkluderande møtestad for rusavhengige. I Årsmelding 2005 står det at tilbodet trengs fordi fleirtalet av gjestene ikkje får adgang til verken kafear eller andre innandørs soner av det offentlege rom som den øvrige befolkning. ”Møtestedet en ganske allminnelig kafé for et publikum som i blant har litt ualminnelige behov. Møtestedet er et åpent fellesskap, der menneske inkluderes på noe ulike vilkår avhengig av hvilke behov de til enhver tid har.”(s14). Møtestedet er ein stad ein stikk innom, ein stad for mat, ein stad for kulturopplevingar, fellesskap, deltaking i Gudsteneste, og ein stad der ein henvendar seg for å få støtte i arbeidet med eigen livssituasjon. Gjestene har tilgang på gratis telefon for dei som ynskjer å ta kontakt med nettverk, familie, institusjon, venner. Besøkstalet på kafeen har overstige det dei trudde var realistisk då kafeen vart planlagt. Etter at plata var sprengt juni-2004, vart det ein ekstra utfordring for Møtestedet å hindre at kafeen vart brukt som kontor for salgsvirksomhet. Fra første januar 2006 vart Nadheim Kvinnesenter og Møtestedet organisert som to sjølvstendige verksemdar i Kirkens Bymisjon Oslo.

Kullerud(2005) skriv om Kirkens bymisjons historie, der det gatenære er det som gjer kyrkja truverdig. Eg vil no gå inn på bymisjonens historie og sjå den i samanheng med diakoniens historie, slik den utvikla seg frå pietismen på 1800-talet. Hovudfokus for dette tilbakeblikk blir som sagt å sjå på utstøtte og fattiges rolle og rom i diakonens motivasjon og intensjon med sitt arbeid, og samtidig sjå på diakonens/sosialarbeiderens rolle. Og vidare på kva som kan opne/stenge for mulege fri-rom i denne relasjonen. Når det gjeld forholdet mellom form og innhald, visar histora ei spenning mellom fokuset på det å ha ei *rett* kristenform, og vere ei *rett* kyrkje, og på det å ha eit brennande engasjement for den nødstilte.

BYMISJONEN I EIT DIAKONI-HISTORISK PERSPEKTIV

Bymisjonen vart stifta av sosialt engasjerte pietistar på 1800-talet. Den gang, i 1855, heite stifelsen *Christiania Indremisjonsforening*. Bakgrunnen for opprettinga av denne indremisjonsforening, var at det saman med ei sterk befolkningsvekst i byen, vaks også behovet for ein indre misjon i forhold til den *kyrkjelege nødstilstand*.. Ideen om ”indre Mission” kom frå Tyskland som ein pietistiske impuls som saman med ein liberalistisk ideologi og effektive organisasjonstalent(bl.a. J.H.Wichern, Th.Fliedner o.a.) skapte ein diakonal, institusjonsbyggjande vårløysing på 1800-talet. Wichern var opptatt av at Europa var i ein *sosial krise*, der massefattigdom, svolt og sjukdom vaks i stor fart. Wichern meinte at kyrkja hadde *svikta*. Indremisjonsbevegelsen på luthersk-pietistisk grunn vart skapt for gjennom *forkynning og handling* å kome menneska til hjelp i den nye nøden, både andeleg og materielt. Til dette trengtes ein diakoni, ein storslått organisert nestekjærleg teneste som skulle gje samfunnet tilbake eit menneskeleg ansikt. Det måtte skje ein regenerasjon, ei gjenreising av stat og kyrkje. Kyrkja trengte ein diakoni for å vere *ei rett kyrkje*.

Kjærleiksgjerningar og diakoni var eit *teikn* på at kyrkja var på rett veg og var ei sann kyrkje av truande. ”Dette var kirkens kall, og kjærlighetsgjerninger var et middel til å vise sin egen rettroenhet”.(Martinsen,2000:.108). Trua skulle syne seg i handling, for vissheit om eigen tru og for å frelse andre. I denne bevegelsen vart diakonissesjukepleien eit middel i eit stort frelsesoppdrag. Martinsen(2000) stillar da spørsmålet; ”hva er kirkens interesse? Å hjelpe den lidende og analysere nøden eller å vise at kirken er en rett kirken, en sann kirke av troende?”(s.107). Wyller(2003) skriv om Hallesbys rolle i det pietistisk-teologiske miljø i Noreg på denne tida. Han meinte at dei kristne ikkje var nok kristne. Dei kristne måtte vise i praksis at dei fortjente kristenavnet. Ein må leve på ein ganske *bestemt måte*. Mennesket måtte frelses, rettfærdiggjarast og til sist ”gjenfødtes” for å kunne gjere godt mot andre. Det var snakk om ein asketiske disiplinen for å halde kontroll på synden. Elisabeth Hagermann som

kom til Diakonissehuset i 1914, skreiv ei lærebok i etikk der ho blant anna tek opp dei krav og forventningar som blir stilt til ei diakonisse/sjukepleier. Wyller(2003) skriv om Hagemanns pietisme som eit djupt engasjement i verden. Ein disiplinerte seg for å bli god for andre. Vidare skal diakoniessene oppøve sjølvdisiplin slik at dei føyer seg *lydig* inn i sjukehusets hierarki. Hagemanns uselviske og instrumelle diakoni kan knyttes ann til Max Webers analyse av dei reformerte og pietistiske kristne på 1700-18-talet. Weber visar korleis bestemte haldningar i desse kristne tradisjonane kunne bidra til å forstå den rask utviklinga av *kapitalismen* i bestemte europeiske land på den tida, som gjorde det mogeleg for den moderne kapitalisme å vekse fram: ”Bakgrunnen for dette var idealiet om et nøysomt og asketisk liv innenfor den reformerte og den pietistiske tradisjonen”(same:28). Weber skriv om den *innflytelse* religiøse motiv og protestantiske kallsetikk har hatt på utviklinga av *vår moderne kultur*. Han ser på den kristne kallstanken og dets *plikt* i forhold til *lydigheit* mot samfunn og øvrigheit. I pietismen der *bevistanken* – det å oppleve visshet om eigen frelse, stod svært sentralt, vart det verdslige kallarbeidet viktig for å vise den riktige handling. Dei lutherske pietistar arbeid i dagleglivet var ein *kontroll* for sann omvendning. Det var frelsesinteresser, *ikkje økonomiske interesser*, som la grunnlaget for den metodisk-rasjonelle livsførselen. Men reformasjonens langsiktige verknad får for Weber ein djup paradoksal og i forhold til dei opprinnelege intensjonar irrasjonell karakter.(Martinsen,2000)

Det er fleire spenningsmoment som visar seg her i den pietistisk-inspirerte utgåva av diakonien i forhold til dei nødstiltes rolle. Martinsen peikar på det diakonale kall som eit *brennande engasjement* og ein *sosial forpliktelse overfor andres lidningar*, og på den andre sida eit kall som handlar om *bevis* og *kontroll* i forhold til eige trusforhold og frelse, og i forhold til det å vere ei truverdig kyrkje. Det diakonale kallet står da i ei spenning mellom interne verdiar, retta mot den nødstilte, og eksterne/ytre verdiar med fokus på å bekrefte og bevise ei kristen livsform og eigen frelse, som fører til at diakonien blir eit middel der kallet rettar seg mot ein *lydigheit* og *plikt* mot øvrigheit, som igjen virkar inn på framveksten av vår moderne kultur og kapitalismen: ” Religion må nødvendigvis frembringe både flid og nøjsomhed, og disse ting kan kun frembringe rigdom”(Wesley i Martinsen,2000:105) Det var den andelega veksten som var sjølvdanninga sitt mål. Hagemann legg avgjerande vekt på at det er den kristne trua som er motivasjonen til og fundamentet for å tene den sjuke. Men ho legg samtidig stor vekt på at trua også inneber at målet med tenestaer to ting: Pasienten skal få eit glimt av den evige verden og sjukepleieelevane skal bli gode kvinner. ”I perspektivet av Weber er det kritiske ved denne blandinga at den bruker (sjuke) mennesker

som middel til å oppnå et mål.(Wyller,2003:30). Nærheten til modernitetens instrumentalisme og tidvis objektiverande menneskesyn er heile tida ein krevande utfordring. Den instrumentelle ”får noe til” og ”kan vise til resultater”. Men i omsorgen for menneske er det ikkje alltid samanfall mellom ”å få noe til” og god pleie og omsorg. Motivasjon og sinnelag kan stå i vegen slik at det nesten ikkje spelar nokon rolle korleis den som mottar hjelpa, *erfarar den*. (same,s.31). Hagemanns *pietistiske kristendomsform* er forutsetninga for dei instrumentelle trekk ved hennes diakonale sjukepleier etikk. Ein skal øve ein ekstrem sjølvkontroll, dels for å bli eit bedre menneske sjølv, dels fordi den andre skal få eit bedre liv. Den instrumentelle tendensen veks ut av ei tru som vektlegg det asketiske nesten til det *sjølvutslettande*. Ein disiplinerar seg for den andre, samtidig som den andre spelar ei viktig rolle i denne personlege prosess i retning av å bli eit bedre, sannare menneske.

Den pietistiske form står ikkje så sterkt i diakonien i dag, men spørsmålet er likevel kor mykje av denne arv, og av denne spenning som heng igjen i diakoniens form i dag? Kor mykje handlar dagens diakoni om lydigheit, om eigen proses og om innordning i ei form? Er det meir rom for innhaldet, i alle dets ulike variantar og mangfold? Er dagens diakonale/kristne form prega av konformitet og likhet, eller er det rom for den andre, for motstand, variasjon og ulikheit? Ei form der alle er einige, tenker og handlar likt, fortel noko om ei stram form, sjølv om verdiane uttrykker romslegheit. Den diakoniform som er presentert over kan sjåast i samanheng med Foucaults disiplinerings begrep. Det er lang tradisjon i diakonien for at dei fattige og mest utstøtte har den sentrale plass. Men det må aldri føre til at dei blir *statistar* i eit religiøst system, for å bidra til å styrke diakoniens rolle som *teikn* på truverdighet. Eg skal no trekke inn Foucaults teoriar om disiplinering og om det disiplinerte subjekt, som belyser spenninga skissert over og forholdet mellom ”dei” og ”oss”.

FOUCAULT; DISIPLINERING

Disiplineringa oppstår i andre halvdel av 1700-talet som historisk forutsetning for *kapitalismen*. Disiplineringa går ut på å få individ til å yte meir i eit meir rasjonelt samspel med andre. Den moderne disiplinering kan knytte eit tvangsmessigg band i menneskekroppen mellom ei auking av yteevne og ein dyrking av *underkasting*. Disiplineringsteknikkar rettar seg mot både samfunns legeme som heilhet, og i mot enkeltkroppens mikroplan. Det er ein disiplinering i *rom og tid*. Foucault skriv om pastoralmakt, som er den tidlege kristendoms prestemakt. Målet her var å sikre individa sin frelse i det hinsidige. Pastoralmakta sikta seg inn på kvart enkelt individ, heile livet igjennom. Prestemakta krevde adgang til individets

innerste tankar, forestillingar og hemmelegheiter blant anna gjennom skrifte-og bekjenningsprosedyrer. Denne type pastorale makt er i dag blitt mangedobla og spreidd seg ut over heile det moderne samfunnslegeme. Statsmakta i den vestlege verden har vidareutvikla og raffinert pastoralmakta sitt dobbeltblikk ved både å fokusere på heilheten og den enkelte. ”Statsmagten former således de typer individer den har brug for – på en gang mål og midler, sigte og drivkraft – for å sikre sin fortsatte beståen.”(Heede,2004:24). Individet er ikkje maktens motstykke, men dens primære resultat. Individet som makta har konstituert er samtidig *dens redskap*. I denne nye type pastorale makt er målet endra frå å vere frelse i det hinsidige, til å bli ”lykken” i det ”dennesidige” i form av blant anna sunnheit, trygghet, rikdom og velvære.(Heede,2004).

Foucault seier altså noko om maktstrukturar og korleis desse styrer subjektets sjølvforståing. I forhold til kristendommens rolle i kapitalismens framvekst, ser ein korleis målet om eigen og andres frelse og behovet for *bevis og kontroll* i forhold til dette, kunne få ein tvangsprega makt over personane. Fri-rom, både på eit mentalt og relsjonelt plan, står da i fare for å bli okkupert av denne makt som set personar inn i eit system av innordning og underordning. Det er ei makt som står i fare for at ein disiplinerar seg for å oppnå eigen sjølvutsletting. Samtidig som den andre blir eit viktig som instrument for å fullføre denne sjølvutslettinga, som kanskje ikkje er ei sjølvutsletting, men eit umuleg forsøk på å fortrenge sider ved seg sjølv som er *uheldige* og som ikkje høyrer inn under det å vere ein sann kristen. Det kan vere eit forsøk på å usynleggjere og fortrenge egne behov, i forhold til eit oppriktig ønske om å innstille seg i fordholde den andres behov, men som kan falle uheldig ut både for ein sjølv og den andre. Dersom ein er så ”flink” i sin sjølvutsletting at ein gløymer at desse egne behova likevel *er* der, sjølv om ein prøver å konstruerer dei vekk, mistar ein den bevisstheit som nettopp kan gjere at desse egne behova ikkje står i vegen for å hjelpe den andre. Dersom ein mistar bevissheten i forhold til at behova er der, kan dei trenge seg inn og blande seg med alle dei andre meir edle hensikter, slik at alt hjelpearbeid og alt det diakonale fokus til slutt blir ei samrøre av ulike behov som skal stilles og ”dei andre”, som er det opprinnelege målet med arbeidet, får utdelt motstridande roller og forventning i forhold til koreleis dei skal fylle desse. Dei skal bekrefte og bidra til den andres sjølvutsletting. Ved deira lydighet og takknemlighet blir dei eit bevis på at hjelpearbeidet har vore vellykka og at dei har inntatt sin plass i den orden som arbeidet står i. Eg tilbake til dette seinare under drøftinga av sjølvdanning, der eg også nyanserer dette bildet som eg, for å få fram eit poeng, har skissert og satt på spissen her.

Eg skal ta med litt meir teori fra Foucault for å vise korleis det diakonale arbeidet kan settes i ein maktsamanheng, der dei ulike rollene blir brikker i eit større spel der det ikkje berre handlar om innordning, men om å *måle avvik* og *markere grenser* i forhold det normale, det vil si grenser som skal verne eit innhald av "normalitet". Det handlar om ei plassering av personar, ikkje berre *i* rommet, men også *utanfor* rommet – "det normale". Ein ekskluderar for sette klare grenser som skal markere og ivareta ein viss definert normal standard. Det diakonale arbeidet opp igjennom tidene har ligge i ei spenning mellom det å bidra til denne normaliseringsprosessen, og det å yte ein motstand og vere eit alternativ til den offentlege klassifisering og utsondring av visse individ med feil karaktertrekk.

Foucault skriv om maktutøving der detaljen blir knytta til ein individualiserende kunnskap der individet bindes til eigenskaper, mål, avvik og karakter. Dette gjer han til eit kasus: "Et kasus betegner individet slik man kan beskrive, bedømme, måle det og sammenligne dets individualitet med andres (Foucault, 1975, 1994:172). Den enkelte får sin individualitet målt og samanlikna med andres. Det blir satt opp ein standard for kva som er normalt, og for kva som er avvikande i forhold til denne normalen. Den kunnskapsmakt som individualiserer, gjer det ved å normalisere. Noko av dette kan linkes tilbake til det konkrete stoffet i denne oppgåva og er sjølv grunnlaget for det skille dagens samfunn sett opp mellom samfunnets avvikarar, "dei andre" og "oss". Det som i mi oppgåva kjem til syn under kategoriane "såanne som oss" og "nyktre dustingar", sjølv om dette på ein måte uttrykker eit omvendt bildet, der eg får ei rolle som "den andre" og som "dust". Eg skal seinare følge opp denne karakteristikken som dust, og sjå på noko av grunnlaget for at ein slik betegnelse kan inneha ei viss sanning. Det at gjestene i samtale gjer ei omvendning i forhold til kven som er "dei" og kven som er "oss", bidrar til at me kan nærme oss den felles sak, fordi eg og "oss" blir nødt til å sjå nærare på dette og prøve å kome på sporet av kva det handlar om. Dette som ligg her, kan hjelpe meg til å kome på sporet av noko tredje, som kan handla om både meg og dei. Kva er det som ligg her mellom oss som gjer at eg blir "dust" og dei blir "såanne". Eg blir tvinga til å sjå ransakande på kven eg og "mi gruppe" er sidan me blir kalla dustingar. Kva er det me gjer, eller kva er det ved oss som gjer at me fortener denne betegnelsen? Kva ligg til grunn for å kalle oss det? Er det berettiga? Kva er det som skiller "oss" fra "dei"? Kva er det dei har som me ikkje har del i? Kva er det, bortsett fra rusen som eg som nykter ikkje får del i. Dette kan handle om det tredje, og om noko eg går glipp av som har sin begrunnelese i den utsondring og den orden som Foucault skisserar opp her, der visse individ og visse karaktertrekk blir "rydda vekk" fordi dei forstyrrar den definerte orden, standard, normalen.

I sine verk om galskapens historie analyserer Foucault korleis dei gale – dei som representerte ufornuft eller uorden, og var tegn på forstyrrelser i forhold til fornuftens, moralens og samfunnets orden, blir usynleggjort ved å sperres inne. Deira fysiske ”ikke-eksistens”, motsvares av den kunnskaps produksjon som utelukker *ufornuft i alle dens former*. ”Magtens håndfaste udelukkelse af de gale forløber helt parallelt med vidensinstansernes understregning af ufornuftens eksistentielle og filosofiske umulighed og galskapens udelukkelse fra sproget: Den bliver i egentlig forstand u-tænkelig”(Heede,2004:58). Systematisering, klassifisering og diagnostisering av sinnssyke baner adgang til ein kunnskapsproduksjon om *mennesket indre*. Det blir en av forutsetningene for konstruksjonen av det *moderne sinn*. Mennesket blir gjenstand for vitenskapelighet gjennom en omveg som fremviser det unormale.(same,s.61). Gjennom adgangen til menneskets indre, og konstruksjonen av den moderne sinn, kan det virke som at fri-rommet får dårlege kår. Spørsmålet blir da om denne ”ryddeprosessen” der det som vart definert som ”ufornuft i alle dens former” var sperra inne i egne rom, og dermed ikkje lenger var ein del av den synlege offentlege bilde, bidrog til å redusere fri-rommet, både på mentalt plan, og på samfunns plan. Når mangfald og forskjelligheit blir stramme inn til likheit og den normale standard, blir det mindre romslig. Mangfaldet og det her blir definert som ufornuft, kan dermed vere ein av forutsetningane for fri-rom, fordi det nettopp har sitt talent og sin rolle i det å yte *motstand*, og sørge for den nødvendige balansering mellom dei ulike grensene, slik at ei form ikkje blir fastlåst. Foucault skriv om disiplinerande begrep som fastfrys kroppens mangfald og eksistensens fordigheit i stivna posisjonar, noko som er kontrollert av makt-vitenslinjene og herigjennom får satt ein rekke individ i bås. I frykt for å ikkje skille seg ut på ”feil” måte, og havne blant ”dei unormale”, blir det viktig å markere avstanden til desse, og markere tydelege grenser mellom ”dei” og ”oss”. Og det er jo unekteleg litt ”dustete” sidan dette også innsnevrar vårt livsrom og dei grenser det sett opp i forhold til vårt eige livsinnhald, og det å by på seg sjølv i all sin eigen og andres mangfoldigheit. Foucault skriv at av det moderne samfunn er det berre eit fåtal av dets medlemmar som ”droppar ut av systemet”. Han skriv vidare at ”De marginaliserte grupper befinner sig midt i maktens sentrum, de har i bokstavelig forstand livsmagten inde på livet.”(same,s.35). Han skriv vidare om renessansen der dei gale var sentrale skikkelsar i det sosiale landskap omgjerda av fascinasjon, fantasi, respekt, magi, tragedie og angst. Han trekk fram vår tid der me ikkje tør å konfrontere galskapen og lytte til kva den kunne fortelje oss om oss sjølv. Han etterlyser ein mulegheit for ein ekte dialog mellom fornuft og galskap. Fornufta er ikkje lenger eit etisk tema, men ein ”natur”(same,s.59).

I innleiinga trekk eg fram samanhengen mellom det mentale livsrommet og det offentlege livsrommet. Alle sider ved livet som me stenger av i det offentlege rommet, blidrar også til å stenge for desse sidene ved oss sjølv. Er det berre rom for ”fornuft” og orden, vil ein til slutt kveles i eigen kropp. Eg meiner da ”fornuft” slik den er bestemt i forhold til ein spesiell stram orden som handlar om at alle skal vere like og einige om den sanne og overordna fornuftige form. Kanskje *fornuft* i dagens kultur handlar om styrke og evne til effektivitet, og at alt som er teikn på det motsatte, må fortrenses enten med tablettar, eller ryddes vekk fra våre produktive rom.

Eg går no meir inn på rom og ser på korleis det blir lagt til rette for ”dei andre” i dette rommet på ein måte som igjen handlar om balansen mellom eit ytre og indre fokus. Rommet tilbyr rammer som skal gje verdighet for dei som ikkje har ein naturleg plass i det offentlege rom, samtidig som det i dette rommet også skal skje ein forvandingsprosess, ikkje berre av hensyn til vedkomande sjølv, men i eit samfunnsnyttig perspektiv, der det handlar om å få tilbake dei naturlege rytmer og bli ein del av den normale standard. Det handlar altså om ei spenning mellom disiplinering i forhold til ein felles konform orden, og disiplinering i form grenser som skal bidra til sjølvomsorg, sjølvbegrensing og rom for den andre. Martinsen analyse bidrar også til ein ytterlegare nyansering av diakonien der kallet står i forhold til *den andres liv*, og behova her. Ho visar altså ei side av den diakonale form der fokus er meir på innhald, enn på lydighet og innordning. Samtidig ligg det heile tida ei spenning som sagt mellom det diakonale arbeidet som disiplinering i forhold til ytre krav/mål, og det diakonale arbeid som gir mulegheiter for fri-rom for den andre. Martinsen skriv om ein diakoniesetradisjon og eg dreg dermed ein line tilbake til Kirkens bymisjonshistorie i forhold til diakoniens historie.

Behovet for ein diakonisseanstalt

Kullerud(2005) skriv om det sosiale arbeidet som vart ein del av indremisjonens verksemd, som truleg har bidratt til at behovet for kunnskap og utdanning vart meir påtrengande og ei vesentleg sikte for ein diakonisseanstalt var nettopp ein profesjonell kristeleg fattighjelp. Han trekk fram Kari Martinsens skildringar av opprettinga av ein diakonisseanstalt i 1850-60-åra i Norge. Ho skriv blant anna om Cathinka Guldborg og Rikke Nissen. Her trekk Martinsen fram Kierkegaards fromhetsideal som eit alternativ til ei sviktande kyrkje var det kristne kall i form av; religiøst alvor, inderlighet, etterfylgjing. Desse fromhetsideale har utan tvil blitt brukt som middel i mange maktkampar til halde andre nede og fremme eigne, høgst jordiske

interesser, skriv Martinsen(2001:109). Men Martinsen trekk også fram *ei anna tolking* av den kierkegaardse og pietistiske impuls i tidsmentaliteten. Rikke Nissen skreiv i 1880-åra flerie bøkar om Kierkegaard og legg blant anna vekt på Kierkegaards betydning for diakoniesseinstitusjonane. Den andre sida av kallet var eit *brennande engasjement* og ein *sosial forpliktelse overfor andres lidingar*. Dei tolka trua i gjerningar annleis enn teologane, og forsto det sosiale spørsmål annleis. Og her sto diakonissenes praksis langt frå Weberes lære. Weber var ikkje interessert i kvinnes forståelse av religionen og dens praktiske innhaldet. Hans teoriar er utarbeida ut frå menns forståing av kall og samfunnsliv. Sjela si frelse syns soleis ikkje å vere det viktigaste for diakonissane – ikkje for alle av dei. I deira praktiske kvardag forholdt dei seg til den *praktiske nøden*. ”Deres blikk fikk et bestemt sikte; de så den forsømte andre som kirkens menn ikkel så fordi læren, og kampen for dens troverdighet, sto imellom”(same,s.111).

ROM OG DISIPLINERING

Eg innleiier denne delen med eit lite avsnitt om subjektiveringsmekanismer og kva det inneber konkret å putte ”dei andre” inn i egne rom. Sjølv om konteksten er ein anna i dag, skal eg likevel dra nokre linkar til dagens samfunn, og til plassering av ”dei andre”(i denne oppgåva omtala som ”sanne som oss”) i egne rom, egne veresteder. Dette blir drøfta utførlig seinare i oppgåva, men eg stiller ein del spørsmål i forbindelse med dette stoffet som er relevante i forhold til dagens kontekst.

Subjektiverings mekanismer/prosesser

I perioden etter den franske revolusjon vart dei ”gale” innesperra på sinnsjukeasyll. Foucault foretok ei detaljanalyse av subjektiverings mekanismene i denne innesperringa.

Personar av ”det dårlege selskap” vart samanstuva i massive ”almenhospitar”. Hit kom vagabondar, forbryterar, prostituerte, arbeidslause, folk med kjønnsjukdommar, tiggerar, sjølvmoderar, politiske fangar, fattige, gamle. Dei utgjorde til saman ”baksida” av ”Fornuftens Tidsalder”. Ein serdeles heterogen menneskehop vart samla i hus som tidlegare var spedalskhetshospitar. Dei ”ufornuftige” arva dermed ein lang rekke av dei tidlegare ”urørlege” stigma. Felles for allmenn hospitalenes befolkning var at dei alle på den eine eller andre måten representerte ufornuft eller uorden, og derfor ikkje burde eksistere i rasjonalitetens konkrete verden eller i dens verdens bilde. Dei var alle teikn på forstyrringar i forhold til fornuftens, moralens og samfunnets orden. Blant anna manglar dei alle evna til å ta

aktivt del i produksjon, sirkulasjon og akkumulering av rikdom og dømmes herved skyldige i merkantilismens hovedsynd: leddiggang. (Heede,2004).

Martinsen ser på spenningen mellom sjukehusets værelser som rom ein kan bu i, og som rom ein skulle disiplineres i betydningen oppdras til lydighet, føyelighet og underordning. Anstalten skulle vere pen og verdig, heimleg og hyggelig. Sinnssjukdom var tap av evner og ferdigheter til å tre i forbindelse med sine medmenneske. Det var ein ”civilisationssygdome”; ein sjukdom som det morderne samfunn produserte, eit samfunn som også produserte framskritt, vitenskap og opplysning. Men på hospitalet skulle denne forstyrning, brytes opp, ein skulle møtes av ein *orden*, som ikkje var prega av noko av dei motsetningar, uregelmessigheit og ufullkommenheit, som det sosiale liv utan for anstalten var merka av (Selmer i Martinsen,2001:179). Anstalten skulle vere ein god stad å vere for dei avsindige, med eit heimleg og pynteleg preg. Ho skriv om pasientens formløshet og rop etter kontroll som utfordra dei profesjonelle i sin måte å møte dette på. ”Formløsheten og grenseløsheten kunne utfordre rommenes orden og profesjonsmaktens kontroll til ikke bare kontroll, men til å ta full kontroll(..)Det syntes lett å kunne bli skammelig, lett å krenke når den andres grenser var brutt sammen eller var i ferd med å gjøre det”(same,s.181). Martinsen skriv pasientenes rop om grenser kunne også bli møtt med grenser som vart til eit vern om verdigheten. Dermed vart pasienten hindra i å skulle bli skamlaus i eigen veremåte når han på ein måte hadde mista fotfeste i eigen tilværelse.

Dette er ei utfordring me møter i dagen samfunn i forhold til Skippergata og personane her. Ein del av personane ber med seg ei livshistorie med mykje krenking og invadering av grenser, som utfordra Møtestedet form, og måten dei møter denne utleveringa på utan å påføre meir skam. Ingvil Lønning skildrar i si avhandling(2001) noko av den kontekst som er i området rundt Skippergata.: ”Stedet er ikke konstruert for å ivareta den intimitet, nakenhet og utleverhet vi vanligvis forbinder med seksuell aktivitet(..) de harde flatene og åpenheten (kommuniserer) med det menneskesynet som kommer til uttrykk i denne handelen; det upersonlige, det kontrollerte og grenseløse. Her er ikke kroppen ivaretatt som sårbar og begrenset, men betraktet som et objekt og en vare som det kan kjøpes tilgang til. Her har også volden og overgrepene sin arena, og dermed mistenksomheten og kynismen. Sånn sett artikuleres og fylles dette ”rommet” med rytmer som bryter sterkt med et ontologisk begrunnet menneskesyn.”(Invil Lønning,2001:65). Korleis gje verdigheit til ei gruppe som mykje av den omgivande kultur ser på som uverdige? Korleis tilby ei form som kan verne det

som på gata kan framstå som utlevert? Jorun Solheim skriv om det grenselause(1998). Ho skriv at det *ureine* er det som flyt over grensene, det som invaderar eller tyt ut, det opne, formlose og tvetydige. ”Det urene er derfor forbundt og farlig, det truer den etablerte symboleske orden –de distinksjoner vi har laget for å bringe virkeligheten under kontroll. Det signaliserer sammenbrudd, kaos og oppløsning.”(s.107).

Martinsen skriv om orden, kontroll og reinslegheit som ikkje berre handla om disiplin, men at det var ein del av den moralske behandling der en sjuke kunne få ha ein stad å vere og eit *livshåp*, eit rom ein kunne få *bebu* på ein verdig måte *med sin kropps smerte*. ”Det var steder der han skulle komme i veksevirkning med verden for å vinne aktelse, og dermed aktelse for seg selv. Rommene ble innredet for å kunne gi form og skikkelse til dette.”(same,s.181). Romma vart innreda for å gi form og forbinde mennesket med noko som er større enn ein sjølv, for eksempel livshåpet. Eg skal seinare i oppgåva sjå på Møtestedet i forhold til det å vere eit rom som kan forbindes med livshåp og ein større samanheng, samtidig som det igjen ogs handlar om ein balansegang. Martinsen henviser til Rikke Nissens lærebok for diakoniesser(2000(1877)) der ho skriv om rom som skal representere ei form som kan gi skikkelse, der ein var felt inn i ein større samanheng. Ho legg vekt på at værelset kan ha ein struktur og eit preg og samtidig vil *personane i rommet vere med på å prege rommet*. Ho skriv noko om å møtes i ein ”samklang”. I samtale med gjestene blir det sagt noko om at gjestene er med på å prege rommet, og at det i forhold til samfunnet rundt handlar om å møtes på midtvegen. Skal ein gjere det må det som Martinsen skriv vere eit *rom å motta kvarandre i*, for å *sanse* er å vere mottakande, *opne for det som er*. Rommets eigen verdighet kan gi verdighet til gjesten ”Væreslet i seg selv er ivaretaker av pasientens egen verdighet gjennom interiør og verdighet.”(Martinsen,2001:175). Eit godt værelse gir rommelighet i rommet til å vere sansande tilstade, og opnar dermed opp for ein større samanheng som værelset samlar. Dei sansbare omgjevnader kan verke styrkande på livsmotet..”Værelset blir som en liten verden, et rom i rommet, og gjentar *livsrommets grunnstruktur*: å akte og ta vare på livet”(same,s.176). Eg skal seinare kome tilbeke til det Martinsen skriv om *ein skånande livshaldning*, og at Møtestedet ved sin måte å legge til rette for uformelle møter, ansikt til ansikt, der ulike gjestene på føle seg velkommen, og føle seg respekter, akseptert, kan uttrykke noko av denne holdning. Viktig i forhold til dette er det som står over det er eit rom som opnar for at begge kan bidra, og prege rommet og begge partar kan vere mottakarar. På korleis måte er gjestene vere med på å legge nokre av premissane på Møtestedet, og vere med på å definere nokre grenser? I det å *opne for det som er*, det som me ikkje har kontroll over,

kan noko av det udefinerte tredje ligge. Det å også opne for det som for oss virkar litt hinsides normalen. Det handlar om å ta hensyn til personens fri-rom, og til det som Martinsen skriv om at mennesket og tilværelsen er uutgrunneleg.

Martinsen skriv vidare om rommet som kunne beskytte mot omgivelsanes dom. Ho skriv at anstalten som ein stad der den avsidige kunne få vere i fred, sto i spenningsfylt forhold til det faktum at vedkomande skulle oppdras til å bli eit lydig, føyeleg og nyttig samfunnsmenneske. Han skulle ikkje berre vere, men vere nyttig. Hospitalet var eit *instrument* for samfunnet. Eit var dei ideelle vilkår der pasienten skulle skånes og få bu, noko anna var dei reelle vilkår der han skulle vere *nyttig*. Anstalten var eit bilde på storsamfunnet. Gjennom isolasjon var individet merka ut, og ein kunne måle avvik. Avvik og forskjellar skulle ein deretter dra nytte av gjennom kommunikasjon for å føre den avsidige tilbake til vekselvirkninga med andre, der målet var at han skulle bli nyttig for samfunnet igjen. Det nyttige forstått som eit lydig og føyeleg samfunnsmenneske var det normale. Oppdragelsen til normalitet vart derfor anstaltens mål.

Ho skriv ” Grensesettingen blir til skamløshet når en har en hensikt i alt, en hensikt i det hensiktsløse. En tar ikke hensyn til den andres annerledeshet, hans indre rom og hemmeligheter. Den skamløse grensesettingen individualiseres, isolerer og merker ut for å normailseres; alle skal bli som oss andre.”(Martinsen, 2001:185). Martinsen skriv vidare at det i imidlertid er vanskeleg å tolke alt dette kun som overvåking og disiplin i *normalitetens teneste*. Det synes også å vere eit uttrykk for å *bevare pasientens verdighet* som ein rett til å ha sine indre rom og sine hemmeligheter. Bygningen syntes å favne også denne livstolking i ein forventning som låg i romma om at menneska måtte bli tatt hand om, om trygghet og om livshåp, og om det å få bu som meir enn tilfredstilleggelse av behov. Spenninga mellom menneskets verdighet og det funksjonalistiske menneskesyn, spenninga mellom det å få bu og det å sosialiseres til nyttigheit og arbeidsomheit.

Sjølv om konteksten og situasjonen i forhold til dagens situasjon og Møtestedet er ein anna, vil eg likevel sjå dette i forhold til Møtestedet rolle i samfunnets disiplinering i dag. Kan Møtestedet og andre verested vere eit forsøk på å få kontroll over ei gruppe som det på andre måtar ikkje er så lett å få kontroll på? Kan ein dra linkar i forhold til dagens kapitalistiske/marknadsorienterte samfunnsform der det handlar om at Møtestedet og andre veresteder skal vere eit av samfunnets virkemiddel for å redusere den belastning rusavhengige er for samfunnet, og evt. prøve å gjere dei til nyttige, normale samfunnsmedlem? Kva for rolle har Møtestedet i forhold til ein eventuell innordningskultur og

lydigheits/konformitetskultur i dagens samfunnsform? Ligg verdigheiten i det at dei skal blir meir lik oss(”nyktre dustingar”), eller er det på Møtstedet rom for og respekt for ”å *bevare pasientens verdighet* som ein rett til å ha sine indre rom og sine hemmeligheter”?

Som eg skal sjå på seinare ligg det ei spenning mellom det at Møtstedet skal vere *tilgjengeleg* for gjester som *ynskjer* ein endra livssituasjon, samtidig som det ikkje skal vere eit press om endring, eller behandling. Gjesten skal få vere i fred. Kafeen kan sjåast i samanehng med det Martinsen skriv om det å *skåne alt i dets vesen*. Ho skriv at livet har ei *grense* som settes ved det å *skåne alt i dets vesen*, og det er ei grense våre hus støtar på, og som er ein grense for profesjonars inngrep -dersom hus og menneske ikkje skal påføre andre skam. Forventning om å bli tatt hand om, om at menneske beres av noko utanfor seg sjølv. Heim og det å vere heime er det motsatte av å ha full kontroll. Det er ikkje ein borgarleg, pen og pyntelege heim som eit ideal ein skal leve opp til. ”I all sin ”hjemlighet” kan det blir et skammelig værelse”. (same,s.186). Heim der menneske får bu, er værelser som er utvungne sjølv om det kan vere kontroll i dei. Eit ureint og skittent rom er ikkje nødvendigvis ureint. ”Det kan ha en verdighet i seg selv og en hjemlighet som den profesjonelle, som kan ha andre normer for hva som er rent og urent, er utfordret til å møte på en skjønnsom måte.”(same,s.187). Ein del av gjestene kan ha ei livsform som framstår som ”urein” og ute av orden, men som da likevel kan gi verdighet for den personen det gjeld. Det utfordrar våre ynskje om å tilføre personen meir verdighet gjennom våre rom, våre former og standardar for kva som er eit ”under grensa” i forhold til verdig liv. Samtidig som respekten for den andres fri-rom og den andre rett til å definere egne grenser, ikkje skal hindre oss frå å ta ansvar for den andres situasjon, der det kreves. Det er heile tida ein balansegang. Og ein må bruke sitt skjønn, og som før sagt, ta på alvor den andres versjon.

Dette kan også handle om terskelen og standarden på Møtstedet som kan oppfattes ulikt av gjestene, og som dei kan ha ulike forutsetningar for å matche. Det blir nevnt i samtalene at standarden kan kan oppleves positivt i forhold til å ha noko å strekke seg etter, samtidig som det kan verke ekskluderande i forhold til dei som har den aller mest utlevert ”uteligger-livsstil”. Korleis oppretthalde ei form som skånar og fremmer fri-rommet utan at gjester opplever å bli krenka og ekskludert enten av andre gjester, eller av kafeens terskel?

Balansegangen mellom å trække over grenser, påføre skam og det å tilby grenser som kan gi verdighet, kan vere *hårfin* når personar befinn seg i ein slik situasjon. Kroppen er som sagt sansande tilstade i rommet, og kan fra sitt perspektiv favne inntrykk som kan erfares som livsoppbyggjande midt i smerten og lidelsen. Vidare kan romma uttrykke ein orden der

menneske blir påført skam gjennom strukturar som krenkar. Hus og værelser representerar ei spenning mellom hus ein kan bu i og vere trygg i, og hus som er meir nyttige og produktive. På den eine sida står ei livstolking som legg vekt på at mennesket har verdigheit i seg sjølv, at mennesket og tilværelsen er uutgrunneleg, og at det er personen og hans omverden som står i sentrum, ikkje diagnosar, klassifiseringar, rangordningar. På den andre sida står eit funksjonalistisk menneskesyn som orienterar seg ut frå ein nytte- og sorteringstenking om mennesket der mennesket er redusert til sin sjukdom, evt. sin avhengighet, last. ”I dette siste tilfellet er mennesket mer utsatt for at grenser kan overtres, at verdigheten kan tapes, at integriteten og urørlighetssonen kan settes på spill – i korthet at en kan påføres skam.”(same,s.169).

Det formlause, det grenselause og det ”stedsløse/hjemløse” utfordrar profesjonelle og det utfordrar samfunnsorden. Disiplinering kan handle om å verne nokre grenser når personar flyt ut i ein livsform som er blotta og ubeskytta. Disiplinering kan handle om å gje den andre fotfeste ved å tilby rammer, og det kan handle om å prøve å ta *kontrollen* over den andre i dobbelt hensikt; for å beskytte vedkomande og/eller for å gjere den andre til ein nyttig, mindre belastande samfunnsborgar. Kan Møtestedet og bymisjonen tilby ein litt anna orden og ein viss motstand mot den orden som eksisterar i samfunnets rom? Knut Lundby skriv i sin historie om indremisjonen som ein *motkultur*. ”Den formidlet nye sosiale og religiøse strømniger, som meldte seg nedenfra mot etablerte ordningar” (Lundby(1980:328). Lundby tegnar i 125-årsboka ei linje der utviklinga i organisasjonen framstår som ein reaksjon på ytre omstendigheiter, det konstante ligg i det å vere kyrkje i byen som nettopp der og da i denne byen, i desse omstendigheiter har ei vilje til å sjå menneskers behov og nød, og handle.

Eg skal no bevege meg over mot sjøldanning og den spenning som ligg mellom diakonien som lydig, pliktoppfyllande og konform i forhold til samfunnets orden, og som det motsatte der det ikkje handlar om sette grenser for andres rom, men gi ein opning. Dette har stor betydning i forhold til den andres mulegheiter/begrensingar for fri-rom. Eg skal sjå på dette i forhold til korleis det i diakonien også kan vere eit fri-rom som opnar opp for ein motstand mot den etablerte orden. (Noko som kan gi håp også for den ”nyktre dusting”).

IV SJØLVDANNING

MAKT, ROM FOR MOTSTAND

Eg skal no først ta for meg Foucaults teoriar i forhold til sjølvdanning, og deretter sjå dette i forhold til ein historisk og moderne samfunnskontekst. Det handlar her om rom for ei sjølvdanning som gir mulegheit for å redusere den makt som ligg i samfunnets kategoriseringar og klassifiseringsteknikkar. Det å kome ut av nokre av dei båsar og kategoriar ein blir satt i. Dette skal føre oss over på den felles sak. Det handlar om å redusere skillene mellom ”dei” og ”oss, og det handlar vidare om det *mentale fri-rom*, som gjestene skildrar i samtala. Korleis unngå at andres fordømming får tilgang like inn i fri-rommet og okkupere det? Korleis svare igjen på den tvang som kan ligge i dei ytre omgjevnader. Det handlar om ein kamp om definering av eignes grenser, eigne rom i forhold til andre. Kan sjølvdanninga basere seg på noko som ikkje berre handlar om samanlikning og konkurranse(om rom), men snarare handle om det å *gi rom*? Eg innleier denne delen med det som handlar om makt og maktrelasjonar

1. Makt som tvang

Foucault skil mellom maktrelasjonar som er bevegelege, og *herredømmetilfellene* som handlar om **tvang og dominerig**: ”Når et individ eller en social gruppe formår å blokere et felt af maktrelationer, at gøre dem immobile og fixerede og formår at hindre al reversibilitet i bevægelsen – ved hjælp af instrumenter, som ligeså vel kan være økonomiske som politiske eller militære – så står man foran det, man kan kalde for en tilstand af herredømme. Det er sikkert, at i en sådan tilstand eksisterer frihedens praksisser ikke, eller de eksisterer kun ensidig eller er ekstremt indskrænkede og begrensede.”(Foucault, 1954:28).

Foucault *Viljen til viten*(1976) skriver om den moderne makten som rettar seg mot livet i sin alminnelighet. Denne makt formar og skapar det nye, moderne individet, dets atferds- og tenkemønstre og *dets bevisstheit om seg sjølv*. ”Den moderne makt subjektiverer, underkaster og tingliggjør individene.”(K.Martinsen,2003:64). Det er tale om ein kontroll som innordning og underordning for å *holde seg innenfor samfunnssystemets grenser*. Individet er disiplinert i underordnede, men produktive praksiser. Dette er uttrykk for ein maktform som tenderer mot å sette mennesket fast i ulike herredømmetilstander der maktrelasjonane er *lite bevegelige*. Det som særpreger moderniteten er at subjektet sit fast i ein underordnende disiplin preget av kontroll og tvang.

1.2. Det disiplinerte subjekt

Begrepet subjekt har to betydningar hjå Foucault: underkasta andre via kontroll og avhengighet, samt det å vere bunden til sin eigen identitet gjennom bevisstheit og

sjølvkjennskap. Makta er aller mest verksam i menneskets indre, i sjølvet sin særeigne individualitet. Den effektive disiplinering krev ein absolutt utnytting av tida, ein radikal ny oppfatting av tid som rein potensialitet. Tida blir brukt, utnytta, inndelt og styres heilt ned til minste eining. Makta i dag arbeider i det små og i det skjulte, den infiltrerar samfunns legemets vev især på *detaljplan*. ”Sjelen er kroppens fængsel”(Heede,s.25). Foucault ynskjer som sagt å peike på det mennesket ikkje er og utfordre *vanetenking og tilsynelatande innlysande sanningar* om mennesket som blant anna humanvitskapane er storprodusentar av. Sanningar som er gjennomsyra av makt-vitenslinjer. Han vil dekonstruere desse sanningar om det konstruerte selvet. Ved å oppløyse selvet kan ein som *tabula rasa* fristille den enkelte i sitt eksistensielle arbeid. ”Måske er det netop en deantropologiseringsbestræbelse der skal til for at danne et frirum for selvforvaltning og selv-opfindelse?”(same,s.26). I sitt senere forfatterskap fokuserer Foucault på individets mulighet til å *svare igjen* på desse ytre som indre fremmedbestemte krefter som indirekte kan fiksere og fastholde individet i et bestemt syn på hva det er, skal gjøre og mene. Foucaults ønske er å skape et *frirom* for det arbeidet som vi utfører på oss selv og av oss selv ”som frie væsener med det mål at give ny kraft til frihedens udefinerede værk”((Foucault; *Selvomsorgens etik som frihedspraksis*, 1984:26). Kva mennesket og ”Det gode liv” er, kan ikkje fastleggast ein gang for alle, og i det ligg friheten. Han går over fra å snakke om tvangspraksiser til å tale om sjølvpraksiser. Han taler om ein sjølvomsorg som representerer ein annan form for disiplin og som *utfordrar den dominerande kunnskapen*. Det dreier seg ikkje kun om å *legge bånd* på seg selv for samfunnsdisiplinens og den dominerende kunnskapens skyld, men *for den andres skyld*.

1.3.Maktrelasjonar med rom for motstand

Foucault utfolder disiplinens maktform på flere måter. Ein måte, som eg skriv om i metode delen, er å *avdekke* maktstrukturar ved å dekonstruere formene. Det eg kallar for relfeksjonsrommet, der ein ved hjelp av Foucaults kritiske blikk blir bevisst på den form ein er ein del av, kva for grenser som gjeld her, kven som definerar dei, og balansen mellom grenser som gir vern og grenser som ekskluderar. Men eit annet viktig poeng i Foucaults maktbegrep er at det er *produktiv*. Makt eksisterar for Foucault kun som *aktivitet*. Den forutset ”frie” subjekter: Makt kan berre forekome i situasjoner der den eine part ikkje har fullstendig overtaket over den andre. Makt vil alltid avle ein eller anna form for motstand, og der det er makt er det *motmakt*. Maktrelasjonar er bevegelige, dei er ikkje tilstivna. I maktrelasjonane er det rom gir mulegheit til motstand, og det er en motstand som gir muligheit til å endre ein situasjon. ”Når der findes magtrelationer tværs igjennem hele det sociale felt, så er det, fordi

der er en frihed overalt...(Foucault, 1984(1988):35). Fra før å legge vekt på institusjoners makt til å låse individ fast i visse posisjoner, legg Foucault her vekt på makt som noko mennesket har til å forme seg selv og skape sine egne liv. Martinsen(2003) skriv at det i maktrelasjonane er det noe bevegande på spel, dei utgjør eit *motstykke til samfunnets formende press*. Det blir opna for eit felt av fleire danningmulegheit, likevel alltid på ein eller annan måte i maktrelasjonar. Disiplinen går her på å kontrollere seg sjølv, forme seg sjølv. Det er nødvendig med selvets arbeid på seg sjølv for å vende seg mot den andre. ”Selvomsorg og omsorg for den andre kan ikke rives fra hverandre. Det er en båndleggelse av seg selv, en selvpålagt disiplin, som hører til vendingen mot den andre, omfavnelsen av annethet som en sjenerøs askese”.(Jonas, 2001,s.169).

SJØLVOMSORG OG SJØLVDANNING I DEN DIAKONALE KONTEKST

Foucault skriv at i vårt samfunn, fra eit viss tidspunkt, vart sjølvomsorgen til noko litt suspekt. Det vart anklaga for ein form for *sjølvkjarleik*, ein form for egoisme eller individuell interesse og ein motsigelse av den interesse som ein burde utvise for andre eller for den sjølvoppofrelse som var nødvendig. Frelsen oppnås i kristendommen gjennom *sjølvfornekting*.

Hagemann(1930) skriv blant anna; ”Hvis vi går ut fra kjærligheten til Gud og vår næste som det ene store bud, så kan vi derav slutte at alle våre feil og synder kan samles i det ene ord egoisme: det å søke sitt eget. Kampen for å bli god blir da en kamp bort fra vårt eget ”jeg”, inn i dette å elske vår næste som oss selv(s.13). Egenkjarleiken kan skal temmes, det skal skje ved ”orden, nøyaktighet, punktlighet, sannferdighet, troskap, lydighet og underkaselse” (T.Wyller,2003:20). Det viktigaste i sjukpleien er ”trangen til å hjelpe”. Kva skjer med frirommet dersom det berre er rom for den andre og ikkje for eit ”eg”? Dersom ”jeget” blir fortrent fra fri-rommet, blir det ei stor belastning for den andre som skal bere heile relasjonen, og dekke den andres trang til å hjelpe. Kva skal ein da vere saman om og dele, når det berre er rom for den eine i relasjonen? Ved denne forståing av diakoni blir det eit skarpt skille mellom ”den andre” som skal hjelpes, og hjelperen som så å si skal gjere seg sjølv til støv (”dust” på engelsk) ved ein omfattande sjølvutslettingsprosess. Det er eit paradoks knytta til sjølvomsorga i kristendommen, seier Foucault(i Heede). Frykten for døden, for endeligheten, for å bli såra og kome til skade, er i sentrum av sjølvomsorga. Og det er her kristendommen innfører frelsa hinsides livet på ein måte som bringar denne tematikk om sjølvomsorga ut av likevekt, eller i alle fall vendar opp og ned på den, dersom det å søke sin frelse betyr å dra omsorg for seg sjølv.(same). Dersom ein skal møtes i ein felles sak, må ein møtes i noko som også gjeld det jordiske liv, vårt livsinnhald, det daglege, praktiske livet.

Wyller(2003) skriv om Hagemanns pietisme som eit djupt engasjement i verden. Ein disiplinerar seg for å bli god for andre. Problemet oppstår dersom disiplineringa går for langt, og ein disiplinerar seg sjølv heilt bort. Da forsvinn også den viktige sjølvvinnssikta og nødvendigheiten av å seg vere bevisst *eigne motiv* og *eigne behov som* dukkar opp eller ligg under ein kvar situasjon, uansett kor mykje ein er retta inn mot den andre. Behovet for bekreftelse er grunnleggjande menneskeleg, og vil ta form på ein eller anna måte sjølv om ein prøver å fortrenge det. Dette noko fellesmenneskeleg, eit av livets grunnvilkår som ligg der og fører oss saman. Eg skal seinare sjå på korleis våre behov og livsytringar må stå i forbindelse og i forhold til noko utan for oss, slik at det ikkje fører til ei sjølvkretsing. Dersom *min trang til å hjelpe* skyggar for den andre, blir den andre berre eit instrument for mi eiga sjølvfikserte hjelperolle. Den andres eksistens er til for å dekke mitt hjelpebehov, mitt behov for å betyr noko og for å bekrefte at eg har lyktes i min kamp bort fra mitt "jeg", eller mitt behov for å vere nyttig og viktig. Foucault ser det slik at den som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv, kan heller ikkje dra omsorg for andre, og den som ikkje kan dra omsorg for andre, kan heller ikkje ta omsorg for sitt andelege sjølvforhold, enten det er ein spesifikk kristen eller ein meir sokratisk-filosofisk natur.(Uffe Jonas). Sjølvomsorgen impliserar eit *kjennskap til seg sjølv*, og derfor eit fri-rom. Eit rom for refleksjon, for motstand og bevisstheit.

Sjølvomsorg forutset fri-rom

Etikk kan ikkje virke under tvang, men i frihet. Utan frihet er det ikkje noko liv å forme. Etos forutset eit minimum av frihet, men også eit subjekt som er *sin frihet bevisst*. Det er den *reflekterande form* som friheten antar innanfor dei sosiale og kulturelle relasjonar som den enkelte inngår i. Ein finn seg selv i ein *større sammenheng*, saman med andre. Kunnskapene vinnes ut fra en åpenhet mot *erfaringsmangfoldet*. Martinsen skriv om at dette kan vere ein type disiplin som er frivillig og sjølvpålagt for sin eigen og den andre skyld. Disiplinen kan gi personar eit fri-rom til sjølvomsorg og til å møte andre. "Frihet forutsetter bevegelsesrom i relasjonen både til seg selv og andre" (K.Martinsen,2003:68). Det disiplinerte subjekt er i denne samanhengen det myndige subjekt, det ansvarleggjorte subjekt som påtek seg ansvar for seg selv og dei andre i ein rommeleg praksis. Sjølvomsorgen er etisk i seg selv, den impliserer de komplekse forhold til de andre og til et visst antall regler for aktverdig oppførsel. En former seg selv under rådgivning slik at andre også får bevegelsesrom. "Å dra omsorg for seg selv er å påta seg disse forskriftene, ikke for forskriftenes skyld, men for at de kan være veiledende til etisk oppførsel. Det er å gi rom til den andre". (K.Martinsen,2003:70).

Martinsen nyanserer bildet av diakonien gitt over og belyser fleire sider ved disiplineringa. Ho skriv at diakonissane hadde stort *sjølvstende* i sitt praktiske arbeid. Det var kvinnene i diakonissebevegelsane som gjorde den til ein humanitær reformbevegelse, ikkje først og frems teologane. Diakonissene praktiserte Kierkegaards lære på den måten at troens inderlighet var *ikkje ein sentrering om seg sjølv*, men ein *inderleg rettethet* mot den andre. Inderligheten hadde å gjere med personleg alvor og oppriktigheit, som ein haldning som førte ut mot nesten. Inderlegheit og sosial bevisstheit gikk saman i kallet. ”Det synes å være en forpliktethet i kallet overfor den andres lidelse som drev diakonissen til å oppspore lidelsen, gå inn i den, være nært og konkret til stede for å bedre den hjelpetrengendes situasjon, endre den. Kallet drev dem inn i gjerninga og ut til den andre”(same,s.111). Det var å gå utover seg sjølv å vere *i bevegelse mot den andre*. Det hadde med hjelpsamheit å gjere, men uegennyttig handling, med å vere generøs på andre vegne – ”kanskje var det dette som mentes med selvpoppofring”(same). Kan ein si at det som djupast sett kalte dei, var den andre – den andres truende livsmuligheter. Slik at kallet var og er *grunnmenneskeleg*; at det var trua som bar kallet, men den andre som kalte? Diakonissene uttalte at dei var ”frelst for å tjente”. ”Er det dermed slik at troen ikke blir betingelsen for nestekjærlighet, at selvpoppofring ikke nødvendigvis har med undertrykkelse å gjøre?”(same,s.112).

Foucault oppdaga at subjektiviteten ikkje kun er eit samfunnsprodukt, men at det rommar ei avgjerande *frihetspotensiale*, og som dermed dannar staden for den samfunnsmessige forvandling. Spørsmålet må derfor vere kva det heilt konkret er for eit subjekt Foucault prøver å bringe heilskinna tilbake til livet. Det finns alltid eit *kreativ og relfeksivt spelerom*, der det enkelte menneske kan begynne å ta hand om seg sjølv, og igjen kan virke aktivt tilbake på dei sosiale og biologiske utgangsbetingingar. Den enkelte formes av omgivelsane og må ta utgangspunkt i dei *livsvilkår* som no eingang er gitt. Men den enkelte kan også sette eit *aktivt preg* og medverke til direkte forandring av livsvilkår, også for andre mennesker. Foucault blir på slutten meir filosofiske enn nokon sinne. Den som for alvor vil forandre verden, må begynne med seg sjølv(Uffe Jonas,2001:168). Hjø Foucault fann etikken blant anna uttrykk i ein aktiv solidaritet med dei slagegjorte, fornedra og ringeaktia menneska i utkanten av vårt samfunn. Denne identifikasjon motiverte hans tankebevegelsar inn imot ein stadig veksande omfavning av annerledesheten, andetheten, ein sjølvutviding, som er betinginga for eitkvart moralsk handlings-fellesskap. Eg skal nedanfor sjå meir på denne ”annerledesheten” og korleis dei rom som er i ”utkanten av vårt samfunn” kan utvide vårt fri-rom. Kva er den felles sak me kan møtes i, som kan bidra til å utvide våre grenser, og på same tid bidra til ein sjølvbegrensing/disiplinering for å gi rom for andre og vår sjølvomsorg? Eg vil da kome inn

på ein del felles livsvilkår som blant ann handlar om våre sosiale og biologiske/naturgjevne utgangsbetingingar. For å kome dit forlet eg det historiske perspektiv, og bevegar meg inn på notida. Før eg går konkret inn i Møtestedet, skal eg sjå på den større samfunnskontekst og kvar for forutsetningar som ligg her i forhold til å opne for, eller begrense mulegheiter for fri-rom. Eg startar med å sjå på fri-rom i forholdet til den moderne skam, og går deretter meir inn på forholdet mellom form og flyt i vårt moderne kapitalistiske samfunn. Dette ender opp i ein del felles utfordringar og den felles sak. Er det muleg å kjempe for ein felles sak? Utan å tvinge sitt syn på kva som er "det gode liv" over på andre. På denne bakgrunn går eg inn og ser konkret på drøftingar av mulege fri-rom på Møtestedet.

SJØLVDANNING I EI FLYTANDE SAMFUNNSFORM/ DEN MODERNE SKAMMEN

Trygve Wyller(*Skam Perspektiver på skam, ære og skamløshet i det moderne*, 2001) skriv om den moderne skammens periode. Felles samfunnsmessige koder er erstatta av individets egne. Det moderne individ tek sjølv stilling til dei normative spørsmål og skal derfor ikkje bli belasta med det kulturen eller andre innflytelsesrike måtte meine om kva som er verdighet, og kva som er å passere ei grense. Me har gått frå ein skam knytt til lydighet mot ein orden, ein innordning, til ein skam som vektlegg individuell *sjølvrealisering*. Der tidlegare generasjonar har måtte konsultere strenge og ofte ganske autoritære tradisjonar, har både det moderne og det postmoderne menneske frihet til sjølv å bestemme, også i etiske spørsmål. Her ser Foucault ei utfordring i forhold til det moderne menneske og dei aktuelle frigjeringsbevegelsane, nemleg i *mangelen på ein etikk*. Dei færrest byggjer i dag på religion, og ingen ynskjer lovsystem som grip inn i vår moralske og personlege liv. Foucault antydar *livsstilen* som muleg svar på det etiske tomrom me befinn oss i. Livsstilen som foreinar etikk og estetikk blir sett på som ein lovande og perspektivrik form for sjølvforvaltning. Det kreative, søkande og eksperimenterande arbeid på å oppfinne – ikkje "finne" seg sjølv, og skape - ikkje "avsløre" – nye former for samvær og fellesskap, i motsetning til dei disiplinerte inndelingar og kategoriseringar og dei sterkt strukturerte, styrte og hierarkiserande eksistens- og interaksjonsformer. Nye forbindelseslinjer kan etableres på tvers av dei etablerte, og nye uforutsette relasjonar kan dannes. Foucault gir ingen nærare universelle modellar for sanne livsstilar, han legg berre ein rekke samanhengar for dagen som i siste ende ikkje skal streve etter anna enn eit tomrom, ein frihet, som den enkelte lesar sjølv skal forvalte. Menneske er tomt, hjå Foucault, men det er nettopp dette gapande – for mange trugande -tomrom som utgjer starten, spira til eksistensiell kreativitet og kamp mot undertrykkande subjektiveringar, skriv Heede(2004 Foucaults verk vil provosere til

nytenking og omtenking, men det er opp til den enkelte leser å dra sine konklusjonar ut fra kor han/ho står i øyeblikket -eller er på veg hen. Han talar aldri om almengyldige moralreglar Det som skal befriast er ikkje ein evt. transcendent menneskeleg natur eller ein form for antropologisk essens. Subjektposisjonen er open, einkvar leser kan innta den, ikkje som ein rett, men som ein konkret, eksistensiell utfordring. Foucault er fascinert av antikken, og går tilbake til den for å utfordre vår kulturs innsnevra oppfatting av "kunst". Han antydar ein breiare grenseoverskridande estetikk og kunst som ikkje berre omfattar gjenstandar produsert av spesialistar, men som også omfattar eksistensielle prosjekt: "Men kunne vil ikke alle sammen gjøre vores liv til et kunstværk?" "Hvorfor kan en lampe eller et hus være et kunstværk, men ikke vors liv?" (Foucault sitert i Heede, s. 121). Foucaults fri-rom for nyskaping støter på ein del utfordringar i den moderne kapitalistiske samfunnsform, og marknadsorienterte livsform, som på eit vis er meir flytande. Fordi det er mindre *klare* koder og normer enn det var før, blir det stilt *større krav* til den enkelte som skal ta seg fram i eit mylder av ulike forventningar og skjulte mønster som endrar seg og som er vanskeleg å orientere seg i. Det kan skape ein usikkerheit og føre til det Løgstrup(1995) kallar *formløshetens tyranni*, som begrensar frihet og spontanitet, og kan føre til ei strammare og meir tvungen form. Kor fritt og eventuelt "tomt" kan det tomme og frie rommet vere?

SJØLVDANNING I MARKNADSORIENTERT SAMFUNNSFORM/LIVSSTIL

Den "eksistensestetikk" Foucault skisserer er djupt innleira i *kommersielle forhold* - "som begrepet kanskje i ein eller annan forstand direkte er utsprunge av: "livsstilen" er såleis ikke noget "rent" uttrykk for selvforvaltning og autonomi, når de konkret kan kjøbes i færdigsyet stand" (Heede, 2004:150). Foucaults tomme rom, eller fri-rom, der alle mulegheitlar ligg opne, inneber altså mulegheitlar for å bli okkupert av kommersielle interesser. Fri-rommet kan også bli okkupert av skammen. Konkurransen og samanlikninga som ofte pregar dei mellom menneskelege relasjonar, snik seg inn i fri-rommet. Det moderne prosjekt inneber å realisere seg sjølv. "Alle" mulegheitlar ligg i prinsippet opne, ingen tradisjonelle koder eller lydigheitskultur skal hindre oss, eller legge band på vår autonomitet. Dermed blir det vår eigen skam dersom dette prosjektet ikkje lykkes. Skammen over å ikkje vere autonom nok, for ikkje å ha realisert seg sjølv like mykje som "alle andre", vere vellykka(liv). Dersom det moderne prosjekt berre er å realisere seg sjølv, blir det enten hemningsløs skamløshet eller lamma av ein indre skamfølelse. Det hemningslause kan bidra til invadering av grenser, og fri-rommet kan bli eit rom for isolasjon og avvising I det samfunnet som omgir oss i dag, er anerkjenning frå dei andre, både lokalt og i ein større samanheng, viktigare enn på lenge. Det

ligg ei spenninga mellom det frigjerande og det tomhetsskapande i det moderne. (Wyller,2001). Det tomme mennesket skal skape seg sjølv, skape seg ein identitet. Sjølvrealisering har blitt ein *plikt*. Erling Dokk Holm skriv om mennesket om er overlatt til seg sjølv og *marknaden* i danninga av sitt individuelle ”jag”. Han skriv om reklamen som utgjer seg for å dyrke det unike, medan den egentlig dyrkar *usikkerheita*. Marknadskreftene klarar i mykje større grad enn tidlegare å tilby folk livsinnhald. Dei formulerar sjølvrealisering og individualisering som sjølve individets mål. ”Men de færreste er i stand til å realisere seg gjennom kreativitet, og derfor fører kravet om selvrealisering i stedet til ufrihet og dreper kreativiteten. Vi kjøper moteklær i stedet”. Dersom denne identiteten knyttes for nært opp til ”overflateverdiar”, skapar me fleire sårbare menneske. Ingenting sel betre enn produkt som kundane meiner uttrykker deira heilt spesielle personlegdom. Sjølvrealisering har blitt det nye dogme som ingen vågar å opponere mot. Heile samfunnssystemet er blitt avhengig av at me lurar oss sjølv til å tru at me er heilt unike. Men tvert i mot søker me å bli meir like kvarandre.(Aftenposten 13.04.04).

KROPPEN SOM FRI-ROM?

For å dra dette heilt ut kan ein ta med den frihet menneske har i dag til å forme seg sjølv, sitt eige ytre, kven ein er og korleis ein vil sjå ut. Det er kroppen som kunstverk, kroppen som aktivum i ein stadig hardare arbeidsmarknad. ”Det er individets seier over den kollektive tenkningen: Jeg kan ikke forandre samfunnet, men jeg kan forandre meg selv. Jeg er min egen øy.” Det er ikkje ein einaste stad på kroppen som ikkje kan kirurgisk korrigerast, rettes opp eller forbetrast. Mange med ikkje-vestleg bakgrunn oppsøker kirurgen for å skaffe seg ein meir vestleg utsjånad. Linn Ullmann skriv i aftenposten(12.04.06) at det er skjebnens ironi at det nettopp i eit moderne fleirkulturelt samfunn er fleire som vel konformiteten enn eigenarten. Ullmann skriv vidare om ”perfeksjon” som noko ein før i tida forbandt med religion. Over tid har me bevega oss frå det guddommelege til det kroppslege og tatt med oss lengselen etter fullkommenhet inn i kroppsforminga: ”Førsteintrykket er alt. Kroppen er det nye tempelet. Det er ditt kjøtt og ditt blod. Plastikkirurgi er en næring i vekst. Evigheten er innen rekkevidde”(same). Kvifor denne sameness der alle skal bli så like? Under det samanliknande blick prøver ein å vere mest muleg lik den andre, den felle standard, eller helst litt betre. I sjølvrealiseringa er ikkje lenger friheten det viktige, men det å ikkje skilje seg ut. Er den andres eksistens berre ein eg kan måle meg opp mot, ein som kan kan bekrefte meg, min posisjon og min status som inkludert i det gode og like selskap? Da blir det viktig å ta avstand, og markere eit klart skille fra personar som hindrar denne form for sjølvrealisering.

Har marknaden tatt over som den disiplinerande instans som har styringa over våre kroppar og forma på den. Dersom mykje av vår identitet og sjølvverd ligg i kroppens overflate og fasade, blir den ytre form veldig viktig. Marknaden set ein standard for alle og får hjelp av det ”samanliknande blikk” til å halde kundane innanfor denne form, som stadig er i endring. Samfunnet framstår som komplekst og usikkert med tvetydige koder der ein heile tida må skape seg sjølv, konstruere seg sjølv. Desse skiftingane og det ytre fokus gjer at det blir ein manglande kontakt og forbinding mellom personens form og livsinnhald, livserfaringar. I personens sjølvrealisering er det lite rom for skam, ein skal helst ikkje skamme seg. Skam er knytt til *blikket*, ideen om må bli sett/avslørt, og den er knytt til *sjølvviaktelsen* –å sjå seg sjølv med andres blikk. Det handlar om ein diskrepans mellom den ein er, og den ein vil være, mellom forventning og realisering. Mange erfarar skam som det å blir *avkledd*, det å vise fram sider ved seg sjølv som helst skulle vore skjult, i alle fall for andres blikk. Det handlar om å passere ei grense, ei grense der ein står i fare for å tape verdighet, tape ære. Skammens onde sirkel er at det er skammeleg å vise fram sin skam, ein forventar forakt. Den skamfulle trekk seg tilbake slik at ho/han blir ståande utanfor dei relasjonar som er helende. Skammen har ulike *forkledningar*. Fellestrekk er at dei bidreg til å øydelegge samhandlinga og blir slik ein bekrefting av negativ sjølvfølelse. Ein av forkledningane kan vere skamløsheten. Som ein forsvarshandling mot den tause skammen blir den konkrete skamløsheten aktivt oppsøkt; i stoffmisbruk, i fornedrande seksualitet eller i å lage arr på eigen kropp. Det skamfulle indre blir blotta. I slike skambaserte syndrom er ofte skamfølelsen både utgangspunkt og konsekvens (Skårderud i *Skam Perspektiver på skam, ære og skamløshet i det moderne*, 2001). Vår moderne vestlege kultur er i seg sjølv ein blottstillande kultur. Den er open og byggjer ned det tradisjonelle vernet om individet. ”Den moderne skammen preges av spenningen mellom oppgjøret med den delen av klassisk skam som bare vare autoritær, og den skamløsheten som ikke kjenner grenser for invasjon i andres liv.” (Wyller, 2001:11). Den ytre skam er erstatta av ein indre, meir *skjult skam*. Finn Skårderud skriv at skammen blir tausare og meir einsam, den går djupt i personligheten. Skammen rammar *heile* selvet, vårt sjølvbilde/sjølvverd og identitet, heile fri-rommet. Nettopp derfor må ein bygge opp og definere grenser omkring sitt fri-rom. Grenser som gjer at ein kan skjerm seg litt og hindre at den andres blikk få trenge inn og definere heile fri-rommet. Gjestene talar om mulegheiter for *mentale* fri-rom Overfokuset på den ytre standardform, fikseringa, sjølvspeilinga og idoliseringa begrensar oss og begrensar livsrommet. Forma blir trang og tvungen. Gjestene seier noko om at samfunnet ikkje er à jour med seg sjølv, og at det er store krav til prestasjon. Dei talar om eit rotterace, dei talar om ulike blikk, fordømmende/ avvisande blikk der ein

behandlar andre som luft, og dei seier noko om betydningen av å møtes ansikt til ansikt, som kanskje nettopp er miljøets styrke. Det å bryte nokre fasader.

BEHOVET FOR FRIKVARTER

I ein artikkel i aftenposeten (06.05.06) talar Nini Stoltenberg om ein artikkel ho har skrive om sitt rusmisbruk. Ved dette bryt ho ned nokre fasader og opnar for ein viktig debatt omkring ein komplisert frihet. Ho skriv om behovet for frikvarter, og det er serleg dette eg vil gripe tak i, fordi det seier noko om eit generelt behov for fri-rom i samfunnet: ”Grunnene til at folk begynner å ruse seg er mangslungne. Du møter rusbrukere i alle samfunnsklasser og deler av befolkningen. Men finnes det en fellesnevner, må det være ønsket om ”frikvarter”. Frikvarter fra hva? Ja, det varierer fra menneske til menneske. Det er faktisk slik at rusbrukere er like forskjellige som resten av befolkningen.” I eit utdrag fra artikkelen ”Rapport fra en eksperts liv” i Samtiden 02/2006 står det: ”Ønsket om frikvarter. Toppen av glede er de korte, men sjeldne stundene du opplever et tanketomt, sorgløst frikvarter. Å få fri, få puste, uten tanke på hvor og hvordan du skal få fanget neste friskmelding. En dag uten å måtte forholde seg til verden der ute, breiddfull av farer og ubehageligheter.(.). Du lengter uendelig mye etter bare å kjenne ro, noen timer uten redsel og uro. Det nærmeste du kan komme en slik tilstand er å mure deg inne med nok dop, medisin.” Dette seier noko om kva fri-rom kan handle om, og det seier noko om det eg kallar behovet for ”flyt”, som eg skal si meir om under. Ho seier også noko om *variasjon*. Behovet of frikvarter kan vere ein fellesnevner for fleire lag og samfunnsklassar, men kva fri-rom konkret handlar om for den enkelte, vil variere fra person til person. I kampen om definering av grenser, må derfor personen sjølv få spele ei avgjerande rolle i forhold til sitt fri-rom. Samtidig handlar det om respekten for andres fri-rom, og andres grenser i forhold til det. I samhandling må ein finne balansen mellom grenser som ivaretek dei ulike personars grenser og behov. Eg skal sjå nærare på dette og drøfte og belyse fri-rom i forhold til det Løgstrup skriv om balansen mellom form og flyt.

-Forutset fri-rom ei tryggare, meir fast form enn det våre samhandlingsformer tilbyr i dag, eller handlar det om at rommet for ”flyt”, for bevegelse, motstand, variasjon, livsrom, spontanitet og frihet, er for lite? Eller begge delar?

FORM OG FLYT

”Flyt” kan vere det totale kaos, det grenselause, formlose og hemningslause. Eller det kan vere ein tilstand av frihet og spontanitet. I boka Kunst og etik((1961)1995) skriv Løgstrup at

form og krav er ein *betingelse* for spontanitet og frihet, ellers vil det ikkje vere forskjell på spontanitet og hemningsløshet –der alt flyt. Samtidig må det vere rom for flyt, slik at forma ikkje blir fastlåst og så stram/klam at den hindrar liv, livsytringar og rørelse. Skard Dokka(2000) skriv om livet som yrer, som kjem til oss utan at me styrer det. Det handlar om ein balansegang mellom vårt behov for kontroll, for oversikt og orden – og det å gi litt slepp på dette. Ei slags nullstilling som kan opne opp for det ved livet som kjem til oss utanfor det me, i vårt definerings – og klassifiseringsbehov, har konstruert. Det som *ligg* der, og det som *blir til* gjennom våre relasjonar. Det *tredje*. Det fordrar ei viss form, noko å møtes i. Me har behov for noko som er fast, ein viss stabilitet, trygghet, som samtidig gir rom å bevege seg i, noko som ikkje er definert. Kva slags form kan gi oss eit visst *fofeste* og eit *rom å leve i*? Er det noko ved kafékonteksten på Møtestedet som kan opne for dette? Kari Martinsen skriv om rom ein kan *bu* i, ho skriv om bebudde rom, og henviser til Merleau-Ponty som skriv om *levande* kroppar(i metodedelen). Eg kjem tilbake til dette i forhold til Møtestedet..

Eg skal sjå nærare på kva som kan ligge i begrepet ”flyt” og samanhengen med det tredje, men skal først ta med det MacIntyre vektlegg i ei livsform som skal utvikle vår humanitet.

MAC INYRE; LIVSFORM/SOSIAL PRAKSIS, SAMHANDLING

MacIntyre(1995) skriv at humanitet ligg i vår evne til å utvide samhørighet med andre. Telos er ein form for sosial praksis eller *livsform*; ein omgang med andre menneske der sjølve *samhandlinga* har *eigenverdi*. I denne livsform blir det utvikla *dydar*; dei *eigenskapar* som må til for å utvikle menneskets humanitet; menneskets **telos**; det vil si mål om kva det vil si å vere eit menneske. Dydene MacIntyre vil ha oss til å utvikle er dei dydene som blir utvikla for å ta vare på *intensjonaliteten*, *det tredje*. MacIntyre er opptatt av skilnaden mellom det som faktisk *skjer* i praksis, det folk *gjer* og det som er fastslagt i ytre normer, reglar. Han er opptatt av *ekte dydar*, ikkje skinnfromheit der ein prøver å etterlikne dydane for å oppnå noko anna. Dydar er ikkje middel for å nå eit mål. Franklin (i MacIntyre,1985) og hans *utilitaristiske perspektiv* ser på dydane som middel for å nå eit mål. Dydane skal her vere *nyttige*. Denne middel – mål relasjonen er ein *ytre relasjon* i staden for ein indre. Dydar dreiar seg om holdningar, innstillingar, tankar, følelsar; det går *djupare* i personlegdommen enn ytre handling. I eit dydsetisk perspektiv er det nødvendig å skape ein samheng/heilskap av sjølvforståinga, eit bilde av kven eg er, ikkje berre ei rolle. Det er *karaktertrekk* som passar til menneskets livsform: Dydar er menneskeleg aktivitet utøvd for å oppnå godar *integret i sjølve samveret*, den sosiale praksis.

(Christoffersen,1994). Det å vere saman er viktig, ikkje for å *endre den andre*, den andres livsstil. Aktiviteten er eit *mål i seg sjølv* og ikkje noko ein gjer for å oppnå noko. (MacIntyre,1985). Dette kan ha samaneng med slik begrepet ”flyt” blir skildra av psykolog Lisbeth Brudal. Flyt inneber eit totalt engasjement og ein oppmerksamheit mot *ein sak*. Det står beskrive som; ”Å være i flyt er en autotelisk opplevelse”. Auto betyr selv, og *telos* betyr mål. Det handlar derfor om at aktiviteten er eit *mål i seg sjølv*.(A-magasinet, Aftenposten, 28.04.06). Ho talar om ”salig flyt” og skildrar ein tilstand der ein er heilt oppslukt, djupt engasjert i noko. I psykologien er det vanleg å betrakte flyt som ein førbevisst tilstand. Flyt kan vere ein tilstand som kan handle om å vere i rus. Flyt er ein kroppsleg tilstand. Det førbevisste handlar om ein bestemt from for bevisstheit som rommar det me for øyeblikket ikkje er oss bevisst, men som – i motsetning til det ubevisste- når som helst kan framkallast i bevisstheiten. Flyt kan vere ein tiltstand av lykkefølelse. Sidan det er ein kroppsleg tilstand, har det med kroppslege sansing, -og fornemmelse å gjere(jmf metodedel).

For å konkludere så langt har eg i denne oppgåva søkt kunnskap om fri-rom gjennom å bruke fenomenologisk tilnærmingen, der det handlar om noko som går utover det *kulturelt/sosialt konstruerte*. Som sansande kroppar leves livet relasjonelt, me står alltid *i relasjon og forbinding* til verda på grunn av sanseintrykk. Mitt fri-rom fordrar derfor eit rom der ein kan vere sansande tilstade, eit **rom for flyt, sansing**. For å kome dit må me gå vegen om noko kulturelt formidla, og i denne formidla form er det mange *maktspell*. Fri-rommet fordrar derfor eit **rom for refleksjon**. Inn i dette refleksjonsrommet tek eg også med meg det Foucault seier om det *kritiske blikk* for avdekke makstrukturar og tvungne former, som bind oss fast og hemmar bevegelse. Det må vere rom for motstand, i einkvar situasjon, slik at makt ikkje blir tvang som fører til fastlåste rangeringar og undertrykte posisjonar. Refleksjonsrommet er nødvendig for å bli bevisst på nokre *grenser*. Er det grenser som står i forhold til det MacIntyre kallar eksterne verdiar og mål, eller er det grenser som står i forholdet til innhaldet, vår samhandling og vern av fri-rom? Det handlar altså om ei nullstilling der ein blir bevisst kvar for grenser som er der, som ein må ta hensyn til og bevare, evt. styrke. Og vidare ein bevisstheit i forhold til å avdekke skjulte mønster av grenser som stenger for fri-rom, og som har sine motiv i forhold til ytre hensyn og eksterne krav. I samhandling, relasjon og forbinding med andre må ein bli bevisst dei grenser som ligg mellom oss, og i oss, og ein må definere og sette opp nokre grenser som skal bevare/skåne begge fri-rommet. Fordi personar, som sagt, er så ulike og har så forskjellige grenser, må

våre rom og former vere bevegelse, og romme den motsand som trengs for å ta vare på variasjonane og mangfaldet. Eg skal no sjå nærare på dei grenser som *ligg* der, som me ikkje konstruerar eller definerar sjølv, men som me må ta hensyn til. Oppgåva nærmar seg dermed ein felles sak, som kan redusere skille mellom ”dei” og ”oss”. Kva er det med meg og dei livsformer eg er ein del av som gjer at eg til ein viss grad syns at benevninga ”nykter dusting” er treffande? Den livsstil skisserte over, kan til tider, bli i over kant ”nykter”, når vårt konformitetsbehov gjer oss unaturleg og unormalt like. Fasaden kan hindre for noko av den gode flyt. Eg skal nedanfor kome meir inn på betydningen av ordet dust. Kva for grenser støtar me på i forhold til dei interne verdiar i vår livspraksis, eller livsform?

URØRLIGHETSSONE

Løgstrup skriv om eit *jordsmonn* som må vere der før dei moralske normene kan spire og gro. Nettopp dette jordsmonn har me ein inngrodd tendens til å oversjå, men som me kan få ei påminning om i sansinga. I sansinga er det ikkje det noko å yte, prestere, eller ta initiativ til. Det er ingen avstand mellom den sansande og den som sansar. Det sansande er umiddelbart nærverande. Det minner oss om at me er innfelt i naturen.(Christoffersen,1999 I sansinga handlar det altså om ein umiddelbar nærhet, men dette må ikkje forvekslast med ein emosjonalitet og intimitet som manglar rammer. Martinsen(2005a:46) skriv at ”vi kan være skamløst nære(inderlige) og skamløst fjerne(distanserte). Løgstrup seier noko om denne balansen. Sansinga opnar for det livsrom som smales inn i den markandsorienterte livsform der *kroppens grenser stadig forskyves*, samtidig som *livsinnhaldet begrenses*. Løgstrup seier noko om livets grunnleggjande fenomen som set visse grenser for det opne rommet til Foucault. Skam eit fenomen som *er* der for å ivarta den andre og sette grense for min relasjon/invasjon til den andre. Hjø Løgstrup er det altså noko som er *gitt*. Me stammar frå dei same *livsytringar*, skamfølelsen inntreer når me går for langt i forhold til den andre. Noko ved mennesket er *urørleg*, det blir krenka dersom det blir rørt ved. Urørlighetssona skal beskytte mot invadering av våre personlege livsområder, vår frihet. Dersom me gjer den andre til objekt, ein ting, og går over urørlighetssona, utviskes den andres integritet. Det handlar om å ha respekt for den andres eigenart, integritet, grenser.(Martinsen, 1991). Integritet handlar om å vere bevisst på eigne grenser, oppleve seg som ein eigen person, verdsette sin eigen individualitet. Berre den som har innsett at han er eit separat individ, kan sjå eit anna menneske og forstå at den andre er eit separat individ. Ellers ser ein den andre gjennom seg sjølv, som ei forlenging av seg sjølv og forvrenger dermed virkeligheten.(Hellsten,2000). Ein må vere forsiktig med å bevege seg inn på områder i den andres liv utan å vere invitert inn,

gjer ein det berører ein den andres menneskeverd, retten/friheten til å gjere egne valg. Ingen får stige inn i det ”aller helligste”.(Hellsten,2000).

Løsgtrup skriv om *bluferdigheten* som ein bevarande makt, som skal bevare den menneskelege tilværelsens einhet som betingelse for individets frihet og spontanitet, ”men som er en så skrøbelig enhed, at den kun kan bevares, om blottelser hindres.”(*Kunst og etikk*,s.60).Når bluferdigheten svikter eller krenkes, reagerer den som skamfølelse. Det bluferdigheten skal halde *blikket* fra er det skamlause Bluferdigheten trår i funksjon overfor alt som kan blotte eit menneske – vel å merke ved å gje det form. Bluferdigheten set seg imot blottinga fordi mennesket blir fanga inn av det og mistar sin frihet og spontanitet. Men det å gi form betyr ikkje dermed å temperer og moderere. Tvert i mot betyr det å forhøge. Det å beherske betyr ikkje å moderere, det betyr tvert i mot å intensivere. Alle ytringar av liv, så snart dei har ein menneskeleg karakter, er samansette. Det formlause, det uhemmande, det ubeherskande, blottar eit menneske. Det kan vere ein følelse, drift og tanke som blir *kretsande* og flatar seg ut. Eg skal no sette dette i samanheng med sjølvdanninga, før eg går over på den felles sak.

SJØLVDANNING MELLOM BLUFERDIGHEIT OG FORTRENGING

Bluferdigheten gir sjølv-danninga form ved å gjere den intensjonal – at den er rette mot noko og står i forhold til nokon *utanfor oss sjølv*, og er del av ein *større samanheng*. Den andre og den større samanheng begrensar sjølvrealisering som går over andres grenser, utan at det begrense sjølvverdet, snarare auke det. Bluferdigheten kan dermed gi oss eit fri-rom i forhold eit sjølvfokus som berre er retta innover og som kan truge fri-rommet med eigen destruktivitet. Samtidig som det hindrar at alle sit på kvar sitt store berg bygd opp av sjølvmedlidenhet og egne problem/bekymringar. Dersom alle sit på kvart sitt berg av udekte behov for å bli sett, anerkjent osv, vil det ikkje vere noko igjen til å gjere nettopp det – anerkjenne den andre. Bluferdigheten kan kanskje sette grenser for kor stort berget skal bli, og hjelpe oss med å klatre ned av det og fokusere på det som ligg i *mellom oss*. Det handlar derfor om ein bluferdighet som gir form, ikkje ved å skjule noko, fortrenge, sperre inne/ute, men ved å bevare ein heilheit og ein større samanheng. Gjennom måter ein møtes på, gjennom blikk, eit felles fokus, ein kafé. Kan ein finne eit fri-rom *i* vår, slik at fri-rom ikkje søkes utanform, og blir ein flukt fra kroppen, eller fungere som ei isolering i kroppen.

Fortrenging:

Ei form som *skjular* innhaldet, hindrar det, latar som det ikkje finst, er ei forma som ikkje står ikkje i forhold til innhaldet. Ein kan ikkje usynleggjere, sperre inne/ute, fjerne alt som me ikkje vil ha med inn i vår eksistens. Det er ein del av innhaldet og kjem alltid til å vere der. Ein må forhalde seg til det ein ikkje vil ha der. I den forstand kan ein si at Oslo og Norge har eit "rusproblem". Og fordi me lever i ein global samanheng, har me eit omfattande fattigdomsproblem. Det kjem tilbake i større styrke dersom ein ikkje tek det på alvor. Det blir stadig vekk gjort forsøk på å fortrenge fattigdom, på å fortrenge rusavhengige og prostituerte. For eksempel som når menneskehandel blir redusert til eit fasadeproblem der fokuset blir lagt på problema prostitusjonen skapar *for omgivelsane* i Oslo sentrum; "Butikkeierne fortviler over at prostituerte jakter på kunder langs Oslos praktgate. Byrådsleder Erling Lae vil rydde opp, slik at alle kan ferdes på Karl Johan uten å bli sjenert. Politiet mener de har for få maktmidler til rådighet, og vil kriminalisere horekundene." Dersom dette blir heile fokus, mistar ein dei som står midt oppe i det og som er hovudpersonane. "Prostitusjonen har skiftet karakter. Kvinnene som selger sex er andre enn før, de kommer fra nye land og de driver sexsalget fra nye områder. Dermed kommer langt flere i kontakt med prostitusjonen som samfunnsfenomen, som sosialt problem og som menneskelig tragedie – den er blitt mer synlig. Slikt kan være ubehagelig nok, men vi vil advare mot å den merkbare tendensen til å gjøre bisak til hovedsak. Prostitusjon bær ikke være en del av gatebildet på Karl Johan. Men at paradegaten har fått et ordensproblem, er ikke den største utfordringen politiske myndigheter og ordensmakt står overfor i møte med den nye utenlandsprostitusjonen. Tvert om – hvis denne siden av saken blir løftet for ensidig frem og tiltakene settes inn her, risikerer vi å lure oss selv til å tro at problemet er borte hvis kvinnene flytter seg et par kvartal.(..)I Europa sluses årlig mellom 300 000 og 500 000 kvinner inn på prostitusjonsmarkedet(.) Mange er ofre for grufulle overgrep og kynisk menneskehandel(.) Det er mot denne grove kriminaliteten søkelyset og tiltakene først og fremst på rettes"(artikkel om Kynisk menneskehandel, aftenposten, 14.mai-06). Det er ein likhet mellom *fortrenging* og bluferdighet; begge avvergar noko, hindrar noko og heldt noko borte. Men fortrenging tener ikkje til anna enn å forhalde seg til ein trugande konflikt. Fortrenging motset seg bevisstgjering av det fortrenge, medan bluferdigheten er forenlig med ein *bevisstgjering*. Den er ikkje eit ubevisst forhold til det den heldt blikket fra.

GRENSER

Det er to grunnleggande sider ved vår tilværelse me ikkje kan sjå bort i frå/oversjå som, set grenser for vår livsutfolding.

1. Me lever av jorda, i ein kropp og må ta hensyn til kroppens og jordas begrensingar for å overleve.
2. Me lever her saman med andre menneske og må finne ein måte å leve saman på, i noko som er felles.

Dette er fast, og begrensar oss. Kroppen og jorda heldt oss fast i ein virkelighetsoppfatning der ein må innsjå at me ikkje kan konstruere alt sjølv. Det er ei nullstilling som handlar om at vår forbinding til livet er gjennom ein kropp, som igjen har forbinding til jorda, derav ordet ”dust”, som betyr støv på norsk, og som handlar om at livet har ei grense. Me er av jorda, me er av same stoff som jorda, det er ei forbinding som ikkje kan brytes. Jorda er ein levande organsime, slik som kroppen er det, det handlar derfor om ein grunnleggjande balanse og felles *grunnrytme* mellom jorda og kroppen. Ein balanse mellom næring, kvile, arbeid. Me er i ferd med å nå grensa for kor mykje av vår utpining jorda og kroppen kan tåle å bere . Dette kan me ikkje konstruere oss bort fra. Me pressar både kroppens grense og jordas grense. Dersom ein ikkje tillet kroppen kvile, søvn og mat vil den tilslutt si fra, slik jorda gir sine signal. Rusmidlar utarmar kroppen. Vår overflodslivsstil utarmar heile jorda.

V LIVSSTIL SOM ”DEN FELLEES SAK”?

For å inngå i kategorien ”veltilpassa borgar”(nyktre dusting) må ein ha ein kombinasjon av fleire eigenskapar: ein må vere effektiv, sjølvbevisst, tilpassingsdyktig, fleksibel, skil seg ut på rett måte osv. Svakheter blir fortrent med dop/medikament. Fleire og fleire brukar dop/medikante/rus for å presse kroppens grenser, for å takle arbeidspress: amfetamin for å fungere om dagen, rohypnol for å sove om natta, anabole steroidar, og diverse anna dop for å auke idrettsprestasjonar. Kroppens grenser blir forskyvde. Valium for å roe nerver. Morfin for å dempe smerter. Ritalin, lykkepille osv, osv. Gatas folk(”sånne som oss”) blir da ikkje dei andre, berre ein meir synleg variant av det som foregår ellers. Vetlesen(*Skam Perspektiver på skam...*, 2001, s.136) skriv at dei fattige framstår som uønska påminningar om krefter som trugar konsumsamfunnet innanfrå, følgeleg bør dei gøymast bort. I den sterkt aukande marknadsliberalismen er haldninga at individet er ansvarleg for sin eigen lykke. Men det betyr også at det er ansvarleg for sin eigen manglande materielle eller psykiske velferd. Me lever også i ei samfunnsform der det bli stempla som overflødig ikke lenger eit problem for ein avgrenset del av befolkningen, men ein trussel som også kan ramme oss sjølv. Kanskje derfor blir det er så viktig å markere grenser, og ekskludere/fortrengje og markere avstand -både i forhold til dei, -og i forhold til det ein kan akseptere av uro og svakheter i eigen kropp. Ein

bygger opp fasader både om sin eigen kropp, og om i sine omgivelser. Eller som ein av gjestene seier; *bygger plattform, og liker godt å gå på den øverste sjøl, hvor dem kan se ned på dem andre*. Rus(mis)bruken brer om seg i alle samfunnslag. Nokon har ein økonomisk fasade å gøyme seg bak. Den "normale" livsform gøymmer seg bak og -vektlegg konformitetet og det komfortable livet nokre hakk høgare. Ei utpining av kroppar i form av rus og prostitusjon blir ikkje borte sjølv om ein prøver å gjere det usynleg. Den blir meir og meir synleg, noko som tvingar oss til å stoppe opp og sjå dette i eit større bilde. Ein får ikkje gjort noko med det før ein ser det i ein større samanheng, den større livsstilen. Det handlar om ein avhengighet, ein klarar ikkje å stoppe, me klarar ikkje å legge om våre vaner og våre behov for stimuli. Husa og hyttene blir større og større. Me kjøper, kastar, frotsar osv. Vår livsstil utpinar jorda i den 3. verda. Men den kollektive utflytinga, tek ikkje fra oss det individuelle ansvaret. Det at me er vikla inn i ein livsstil som står fram som det mest "normale" og "naturlege" måten å leve på, som politikarar og andre på høgt nivå må ta ansvar for, tek ikkje frå oss det individuelle ansvar.

Fri-rom i samfunnsforma må legge til rette for alles likeverdige medvirking, ikkje berre personar med desse eigenskapar over. Fasader kan vere viktig for å bevare urørlighetssona, og kan vere nødvendig for å verne fri-rommet. Ein må sjølv, ut frå sitt tempo og behov bestemme kor mykje bak fasade som skal visast. Av og til er ein nødt til å ha den for å beskytte seg sjølv. Fasaden må av og til vere heilt tett. Problemet er berre viss alt blir fasade, og alt det ein møter kvarandre med er eit krav om feilfri fasade. Som for eksempel det å fokusere på behovet for fasade, i staden for tragediane bak menneskehandel. I Skippergata er ting satt på spissen, men gir eit bildet av det som skjer ellers, av den felles livsstil som ikkje skånar. Mykje av vår kommunikasjon i dag skjer gjennom økonomi og sex, det er språket alt blir kommunisert gjennom, som kjem tilsynende i delar av mediebildet, og i Skippergata. Det er dei økonomiske konvensjonar som styrer mykje av kommunikasjon på stadig fleire og fleire av livets områder. Målet i vårt korte liv er mest muleg riksom, nytelse og overflod. Skippergata blir da eit bilde på dette, men synleg på ein måte som ikkje gir ære og rikdom til dei som syns, men til alle dei *usynlege* bakmenn.

GJESTEN SOM OFFER I EIN FELLE LIVSSTIL?

Denne samanlikninga av jorda og kroppen begrensing står i fare for å gjere Møtestedets gjester til "dei utsøtte" som berre blir symptom på ein universell livsstil. I denne samanlikninga blir dei plassert i kategorien "synlege offer". Gjesten blir på ein måte både det synlege offer og samtidig den skyldige som må ta på seg ansvaret/mangel på ansvar for den

moralske utglidinga. Den utflytande forma, det formlause, grenselause, det blottstilte og utlverte liv - støtar "normalen", framstår som søppel og blir avskyeleg trekk ved den struktur og form som me prøver å halde i orden. Dei blir uønska påminningar om alt me ikkje vil forhalde oss til i vårt kvardagsliv. Er det rom for andre forklaringar – ein anna versjon av gjesten, hans liv – livsform – som i tillegg til å vere ein del av ein større livsstil også representerer noko anna, eit alternativ, *ein motstand* til denne livsform. Kan Møtestedet tilby ein anna orden enn den samfunnsmessige klassifisering, og plassering, ein anna orden som ikkje fastlåsar personar i ein underlegen posisjon? Eller er Møtestedet ein del av samfunnets maktstrategi der det handlar om å kunne definere den andres grenser – den andres rom – samtidig som ein beskyttar sitt eige? Jorun Solheim(1999) skriv om eksklusjon som handlar om å *sette* grenser for den andre, definere den andres rom gjennom utestenging eller utstøting. Vidare skriv ho om underordning eller hierarkiet som inneber å *omslutte* den andres rom og legge det inn under seg. Det kan handle om eit forsøk om å markere eigne grenser om sitt "friorom", som samtidig set grenser for *andres* eksistens(same). "Gjennom utstøtelsen av *det andre* set me grensene om oss sjølv"(Solheim,1999:2). Derfor blir også det utsøtte ein farleg og urein kategori fordi det trugar denne primære grenseetableringa om oss sjølv. Det utstøtte er det tabuiserte, "den formløse annethet som må holdes på avstand for at en *identitet* skal ta form"(same.) Ho skriv vidare at derfor fryktar me alle den eksklusjonen som plasserar *oss sjølv* som det utstøtte, det tabuiserte og urein "andre". "Den utstøtte opplever seg selv som en paria, som inkarnasjonen av det urene, konfrontert med det "rene" fellesskap som har makt til å definere grensene for legitim eksistens."(Solheim, 1999:2). Eksklusjonen *objektiverar*, den skapar ein barrierar mellom dei som er utanfor, mellom "vi" og "de andre". Eksklusjonen markeres gjennom kroppsuttrykk, den signaliseres gjennom blikk, tilbaketrekning, distanse, aversjon. Den oppleves kroppsleg, som ein fysisk barriere, ein vegg.(same,s.3). Grensene skapar innhaldet. Kategoriar skapes gjennom avgrensing. Einkvar symbolsk grensemarkering tenderar derfor mot å produsere sitt eige innhald, som i sin tur bekreftar grensene. Spørsmålet om definisjonsmakt, kven har mulegheit til å avgrense det symbolske rommet for kven, og på kva for kriteriar. Definisjonsmakta er sjølvbekreftande. Den er i ein viss forstand allereie definert – gjennom eksklusjonen. For viss det er grensene som definerar rommet, vil dei som befinn seg som deltakerar i dette rommet, vere gjenkjennbare som dei legitime forvalterar av denne klasse/rang. Eller ikkje ? Eller fins det ein anna versjon? Er Møtestedet eit symbol og ei bekrefting av kategorien "dei andre", når dei inntek rommet og bekretar sin posisjon/klasse i samfunnet som "dei andre". Eller fins det andre versjonar? Og kan i tilfelle andre versjonar blir synleg på Møtestedet? I staden for offer, kan ein sjå på gjestenes livsform som eit avvik fra

normen, nettopp fordi dei *ikkje innordnar* seg den beståande orden. Dei representerer noko me ikkje heilt får tak i, noko ukjent. Kvifor vel folk eit liv på gata, eit liv som tigger, som uteligger, som prostituert? Dei representerar noko anna, noko som ikkje let seg definere inn i ein standardisert orden. Som gir meir rom for ulikheit, ei form der kravet til konformitet ikkje er så sterk, der mangfoldet og annerledesheit har større plass, på godt og vondt. Eg vil no sjå på kva for andre mulege livsformer som kan ligge her, ved den sosiale praksis som gjestene og Møtestedet representerar. Utan å idyllisere for mykje skal eg prøve å peike på dei mulegheitene som ligg her både for å bekrefte og for å vere eit alternativ til samfunnets orden. Eg vil drøfte dette ved å sjå på Møtestedet ut frå Foucaults begrep og teori om ”heterotopias” – i artikkelen: ”Of other spaces(1967), Heterotopias” - om andre rom. Der tek Foucault utgangspunkt i tesen om at det moderne preges meir av rommet enn av tida. Han fokuserar her på dei andre/framande romma. Ved å kjenne ein kulturens framande rom, kjenner ein det som ekskluderar, men også det kritiske perspektiv som eksklusjonen fører til. Det fins ein samanheng mellom heterotopi og kritikk av den beståande orden. Foucault kallar det for ”heterotopias of deviation”, rom for avvik: dei personar som har ein atferd som er avvikande i forhold til den norm som er kravet på denne staden. Å vere på feil stad er uttrykk for det normale rommets makt. Men heterotopien er like fullt heile tida truande, skriv Wyller(*Heterotopisk diakoni. Diakoni i spenningen mellom kall og profetisme*,s.3): ”Det andre rommet kan gå over grensen, komme tilbake og i alle fall speile den normale diskursen slik at den nesten bryter sammen.” Eit rom som bryt mønsteret. Det passar det normale å ha nokon i andre rom, men når nokon er i dei andre romma, er dei ikkje utan makt.

–Kan Møtestedet representere eit rom for motmakt i forhold til samfunnets orden? Eit rom for bevegelse og motstand i forhold til den beståande orden, og ein mulegheit for å utvide denne ved å ha eit større rom? Ved sidan av å sjå på kafeen som heterotopia i form av å vere eit *marginalt rom* – ein verestad for marginale personar, vil eg sjå på Møtestedet som heterotopia i forhold til det å vere eit *rituelt rom*. Wyller skriv om den profetiske diakonien som må uttrykke seg heterotopisk for å bli viktig. Kan Møtestedet bidra til at ”dei andre” får meir rom i samfunnet, eller er den hjelpa som blir gitt på Møtestedet med på å bekrefte kven som er inne og kven som er ute i samfunnet? Kan Møtestedet bidra til at ”dei andre ” sjølv blir aktør i denne utvidinga av rom? Eg skal først sjå på Møtestedet ut frå eit refleksjonsrom, der eg på avstand ser eg ser på ein del spenningar og kritiske moment knytt til Møtestedet som *marginalt rom* i ein samfunnskontekst. Her blir da fokus på kulturelle konstruksjonane, og prøve å sjå på dei maktspele som er her. Deretter ser eg på Møtestedet ut frå eit perspektiv som Kari Martinsen skriv om det å ha ein sansande tilgang til rommet. Det handlar da meir om kva

som er min eigen versjon av fri-rom på Møtstedet, der eg det ut frå korleis eg opplever det, og ut frå kva gjestene uttrykker om det. Det å få tilgang på rommet slik det kan oppleves litt hinsides kulturens konstruksjonar.

VI MØTESTEDET; GJESTENS ROLLE OG ROM

Det sosialfaglige arbeidet har ulike målsettingar som skaderedusering, betre livskvalitet eller rusfrihet. Hovedmålet er ikkje å endre, men å skape jordsmonn som gir grobunn for vekst og endring.

Møtstedet er ein kafé midt i eit aggressivt marked og midt i ein vellykka-søkande kultur som vektlegg innordning i den normal standard. Det offentlege apparat stiller krav om resultat. Møtstedet balanserar altså mellom det å vere del av ein sjølvrealiserande kultur/samfunn og samtidig del av ein diakonal tradisjon der ei gruppe ofte har definert kva som er dei beste rammene for andres liv. Dei fattige og utstøtte har oppigjennom den diakonale historie hatt ein viktig rolle som *tegn* på at omsorgsarbeidet nettopp er diakonal. Dersom ein av gjestens roller på kafeen er å bekrefte Møtstedets diakonale profil, står ein i fare for å gjere gjesten til ”statist”. Og vidare legitimere den rolla Kirkens bymisjon har i samfunnet i forhold til det å ta vare på dei ”aller svakaste”. Kirkens bymisjon framtrer som ein vellykka organsiasjon i samfunnet, nettopp fordi dei bryr seg om dei som er lågast på rangstigen.. Det er viktig for diakonien å ha forbinding til dei personar som er utstøtt. Spenningsmomentet i forhold til viktigheten av at diakonien nettopp er der nøden er størst, og der personar er mest utstøtt, dei uverdige trengande, er om det diakonale arbeidet bidreg til at dei utstøtte personane forblir utstøtt, ekskludert og holdt fast i underdanige posisjonar, eller om det er rom for bevegelse og andre roller.

For gjester og ansatte på Møtstedet, kan kafeen og miljøet her, vere den felles sak som begge partar er interessert i å ta vare på, sjølv om målet med kafeen kan vere forskjellig. Dersom det er for stor avstand mellom gjestenes og ansattes mål med kafeen, vil det vere vanskeleg å oppretthalde den felles sak, det felles fokus. Dette kan for eksempel vere dersom ansatte har mest fokus på endring, på at det skal skje noko med gjestene, medan gjestene på den andre yttergrensa er mest opptatt av å bruke kafeen som ein møtestad for å deale, sikre seg kunder og sikre seg rus. Det må vere ein slags felles enighet fra begge partar om at kafeen er meir og noko anna enn dette. For å ivareta rommet må der vere nokre grenser. Grensene er bestemt og satt av dei ansatte. Det forgår ei disiplinering på kafeen, personane blir kontrollert og diverse

atferd blir regulert. For dei som ynskjer det blir det lagt ei konstruktivt press i forhold til å motivere for endring. Blir gjesten møtt på sine grenser? Kva syns dei om grensene?

I samtalene er det ulike kommentarar i forhold til grensene, men dei fleste er einig i at reglane må vere der. Ei viss disiplinering må det vere for å ivareta fri-rommet. Spørsmålet er kva for plass samfunnets krav om innordning har i Møtestedets praksis? Disiplinering for å ivarta jorda og kroppane, ein felles interesse for eksistensgrunnlaget.

Korleis kan kafeen gje verdighet til personar som den omgivande kultur ser på som uverdige og som ein belastning? Kan gjesten favne inntrykk som oppleves som livsoppbyggjande midt i denne kontrasten/spenninga? Møtestedet står stadig i spenninga mellom å drive kafeen på den måten dei meiner er den beste tilnærming i forhold til å ivareta gjesten, og det å forsvare kafeens eksistens, form og stil til den omgivande kultur som består av politikarar, politi, næringslivet, samt den spenning som kan ligge i samarbeid med andre offentlege hjelpeinstansar som gjestene ofte har negative erfaringar med. Kva for plass og rolle har Møtestedet i forholdet til samfunnet og dei ytre krav? Ytre krav om tilpassing, behandling og endring, krav om at rusavhengige skal bort fra Skippergata, usynleggjering. Mange av gjestene har også sjølv ynskje om endring, og ber om hjelp i forhold til dette. Men det er *måten* det skjer på, *metodane, tilnærminga og premissane*, som ofte kan gjere det vanskeleg å nå fram til dei det gjeld og liva deira, dersom premissane alltid er bestemt og lagt i forhold til ei ytre form som gjestene kan føle seg framande i. For i det å skulle ta i mot den ”hjelpepakka” som blir tilbydt fra det offentlege, ligg det også ofte ein god del uskrevne reglar; gjestene må følge den norm som er satt, ei norm der ein ikkje møtes på ”midtvegen”, men som er meir einvegs enn tovegs. I Møtestedets samarbeid med andre instansar i samfunnet ligg det ein spenning mellom det å profilere Møtestedets eigenart og faglege profil, og dei krav om tilpassing som kan kome fra andre samfunnsinstitusjonar, som kan ha andre motiv og andre tilnæringsmåtar i forhold til den gruppa som er på Møtestedet. Vidare berører det spenninga som ligg i Møtestedet som eit fri-rom fra krav om endring, og samtidig eit rom som gir mulegheit for endring. Dei ansatte ynskjer å vere å vere tilstades med tenester og ressursar når gjestene ynskjer å ”gjere noko” med sin situasjon. Dei er tilgjengelege for samtale, individuell oppfølging og kan formidle kontakt med hjelpe- og behandlingsapparat. Med Foucault kan ein si at dei relasjonelle fortrinna som blir skapt på Møtestedet og som gir adgang til gjestene på ein måte andre hjelpeinstansar har meir problem med, kan vere ein måte samfunnet kan ”bruke” Møtestedets tilnærming og rom for å få kontroll på ei gruppe det er vanskeleg å handtere ellers. Som det står i årsmeldinga er Møtestedet i ein einestående

posisjon til å motivere og følge opp gjestene, også overlate ansvaret til andre instanser. Møtestedet er ein tilgjengeleg stad der gjestene kan "dette" inn når dei treng det, det er ingen timeavtaler og dei kan ta kontakt med den/dei ansatte som dei kjenner seg trygge på.. Samtidig kan denne mulegheiten som blir gitt ved Møtestedets form og tilnærming, vere til eit gode for gjesten, slik ein av deltakarane uttrykte sin positive erfaring fra eit samarbeid med andre instansar: "Det var dere som tok tak i meg". Seinare var det andre som følgte opp. Men dobbeltheten vil alltid ligge her, spenninga mellom disiplinering for samfunnets skyld og disiplinering for individets skyld.

Eg startar med å sjå på Møtestedet i forhold til samfunnskonteksten og dei offentlege rom. Det eg som metode kallar refleksjonsblikket, der eg brukar Foucaults kritiske blikk. Etterpå går eg meir inn i kaférommet, som eit der ein kan vere sansande tilstade. Eg ser da på spenningsmoment i forhold til det å vere der av ein større samanheng, del av ein ein kristen/diakonal form. I samtale med gjestene kome det fram forskjellen på kristendom som form og som tru, vidare snakka dei om nåde. Eg belyse dette i forhold til fri-rom, og forholdet mellom form og innhald.

1. Møtestedets plass i samfunnets form og orden; marginale rom som motstand eller bekreftelse av samfunnets klassifisering og grenser?

Rusavhengige blir forsøkt usynleggjort ved at dei blir ekskludert fra mange av samfunnets rom. Med Møtestedet vil Kirkens bymisjon at rusavhengige i byen skal oppleve seg sett og respektert. Kva inneber det å bli synleg som gjest i kafeen?

Villadsen(*Det sociale arbejdes genealogi Om kamen for at gøre fattige og udstødte til frie mennesker* 2004:234) skriv om etableringa av kategorien utstøtte. I forbindelse med at ei gruppe menneske med svære sosiale problem blir meir og meir synlig på gater, plassar, bygårdar og i andre offentlige rom, blir det utvikla sosialpolitiske program og etablert nye institusjonar som nettopp har dei utstøtte som målgruppe. Som f.eks væresteder, sosiale kafear. Samtidig blir det etterspurt meir kunnskap om dei utstøtte; - problem, kjønns-aldersamansetting, behov. "Alt dette bidrager til, at de udstødte nu kan ses og konstrueres som en ny socialpolitisk kategori"(Villadsen, 2004:235). Det skjer blant anna ved ein synleggjering av dei utstøtte gjennom etableringa av ein rekke institusjonar og prosjekt som gjer det mulig å samle, avgrense og beskrive desse personane. Kan Møtestedet, ved å gi rom for rusavhengige

og deira kvardagsliv, likevel opne for ein anna versjon av marginaliserte enn den offentlege versjonen? Eller blir ein som gjest i kafeen synlig som samfunnets ekskluderte, samla på ein flekk, som viser at her, og berre her, kan du få "være", her kan du og sånne som deg, få eit "værested"? Her kan du eksistere, ete mat, varme deg, oppleve omsorg og verdighet, men utanfor døra står dei som vil ha kloa i deg, enten fra politiet, dealerar eller personar som ikkje ønsker rusavhengige i nærheten av sine "normale rom".

I artikkelen "Of other spaces(1967), Heterotopias" - om andre rom, tek Foucault utgangspunkt i tesen om at det moderne preges meir av rommet enn av tida. Han fokuserar på dei andre/framande romma. Ved å kjenne ein kulturens framande rom, kjenner ein det som ekskluderar, men også det kritiske perspektiv som eksklusjonen fører til. Det fins ein samanheng mellom heterotopi og kritikk av den beståande orden. Foucault kallar det for "heterotopias of deviation", rom for avvik: dei personar som har ein atferd som er avvikande i forhold til den norm som er kravet på denne staden. Å vere på feil stad er uttrykk for det normale rommets makt. Men heterotopien er like fullt heile tida truande, skriv Wyller(*Heterotopisk diakoni. Diakoni i spenningen mellom kall og profetisme*,s.3): "Det andre rommet kan gå over grensen, komme tilbake og i alle fall speile den normale diskursen slik at den nesten bryter sammen." Eit rom som bryt mønsteret. Det passar det normale å ha nokon i andre rom, men når nokon er i dei andre romma, er dei ikkje utan makt.

–Kan Møtestedet representere eit rom for motmakt i forhold til samfunnets orden? Eit rom for bevegelse og motstand i forhold til den beståande orden?

Larsen(i *Marginale mennesker i marginale rum*,2003) skriv om heterotopiske rom som samler og "kollektiviserer" det avvikende heller enn å individualisere og isolere det. "Annerledes steder representerer ambivalens og usikkerhet, og de fungerer som en slags symbolsk grænseland, der markerer et samfunds grænse og dets værdier og forestillinger. Annerledes steder er ikke klart definerede steder i margin, men snarere steder der representerer noget ubundet, svævende og uigennemskueligt(Larsen, 2003:178). Han skriv vidare at desse stader kan representere motstand, alternativar og forskjellar på ein måte som utfordrar normale rom på ein langt meir produktiv måte enn viss marginale menneske er frakoblet eller nektes adgang til rom som dei kan dele med andre. Likevel inngår desse rom sin plass i samfunnets orden som underordna. Marginale rom er klassifisert lågt i det rommelige hierarki. Men det er ein ordningsprosess der plasseringa ikkje er fastlagt ein gang for alle, men til stadighet

gjennomgår ein forandringsprosess. Det er rom for motstand og motforestilling blant anna gjennom dei fellesforestillingar som skapes på desse stader om ”oss” her og ”dei” utanfor. Men altså; enten marginale stader representerar motstand, eller representerar overgangen mellom det normale og det unormale, inngår det i ein form for ordningsprosess. Og berre det at det eksisterer marginale rom bidrar til å skape ein sosial ordning, ein klassifisering og en atferdsregulering av sosiale relasjonar i et heterogent fellesskap. Ved å tilby ein stad som er spesielt tilrettelagt for denne gruppa kan ein bidra til å bygge opp under og bekrefte den klassifisering som er ellers i samfunnet. Marginale stader kan på den måten medvirke til å skape en ”common sense” forståelse i forhold til dei begrensingar ein er underlagt i det sosiale og fysiske rom, skriv Larsen(2003). Dersom disse begrensingsforståingar antek doxakarakter, vil dei sosiale og romslige differensieringar og hierarkiseringar bli oppfatta som naturlege og uforanderlege. Verden er som den er og bør vere. Dermed dekker det over mulegheitene for nye tankar og forestillingar om alternativar. Marginale menneske og marginale stader vil imidlertid som regel innebære en *konfrontasjon* med doxa. Dei utfordrar dominerande oppfattningar av eit samfunns måte å innrette seg på, den beståande orden. Ved å representere det som er annleis og det som er avvikande, markerar marginaliteten på den eine sida sin motsetning til kva som er riktig og normalt. På den andre sida kan marginaliteten også tilby ein utfordring til dei eksisterande plasseringar og ordningar av menneske og rom. (Larsen, 2003). Det å skape heterotopiske eller marginale rom kan vere ein måte å fremme meinings- og identitetsdanning som kan vere med å påverke marginale menneskers haldning og atferd. Stadene kan konstituere nye identitetar og fellesforteljingar blant dei individ som samles på desse steder. Kven som er outsider, og kven som er insidere og kva for rom som er marginale, er imidlertid også avhengig av tilskodarens perspektiv. Outsideren aksepterer kanskje ikkje dei spelereglar og normer som denne konstruksjonen er fastlagt av. Han/ho aksepterer heller ikkje at dei personar som definerer han/henne som outsider har kompetanse eller ein legitim rett til å foreta denne outsiderstemplinga.(eksemplar fra intervju). For normbrytaren kan desse som dømer og stemplar bli oppfatta som outsider. Sosialpolitikken praktisert som *de marginale roms politikk*(i Danmark) intenderer å skape sosiale integreringsrom i staden for marginale menneske.

Men sjølv om romma skaper meaning og identitet for mange marginale menneske, kan ein også sjå på væresteder som ein relativt billig måte å oppbevare, underhalde og atferdspåvirke marginale menneske framfor å utvikle ein meir omfattande og samanhengande politikk til å bekjempe marginaliseringa og skape sosial integrasjon i samfunnet som heilheit. Dei

marginale roms politikk kan soleis vere med på å sikre forskjellige sameksisterande rom med store innbyrdes ulikheitlar innanfor det lokale fellesskap. I ein slik negativ utlegning av dei marginale roms politikk kan ein hevde at det er tale om ein ny type innesperring, i symbolsk forstand som beskrive over, ved at ein bekreftar den beståande doxa som dekker over alternativ tankar om forestillingar(Larsen,2003). Men værestedene representerar ein politikk som er forskjellig fra tidlegare tiders forsøk på å organisere og utøve makt på marginale stader. Dei er opnare og kan på den måten kanskje representere større mulegheiter for motstand og bevegelse? Panoptiske institusjonar var etablert med henblikk på å atskille det normale fra det marginale og å overvake og disiplinere avvikande menneske i lukka marginale rom. Brubygginga mellom det normale og det avvikande har endra seg frå å foregår i avlukkae institusjonar til å foregå i opne institusjonar. Spørsmålet blir da kva som skjer i sjølvet kaférommet, den interne praksis, i relasjonane, det sosiale arbeidet og den form/stil kafeen har. Kva form for disiplinering kan ein sjå her? Kva slags identitetar blir skapt, korleis foregår atferdspåvirkinga? Fremmar denne praksis ei disiplinering som tek form av ei sjølvanning og sjølvomsorg som eit alternativ og som motstand til den disiplinering og identitets danning/defineringsom foregår i samfunnets klassifiseringsopplegg? Står kaféforma i forhold til innhaldet, eller skal innhaldet(gjestene) tilpasse seg ei form der premissane er lagt i forhold til andre hensyn?

2. Det sosiale roms politikk - myndiggjøring som frigjøring eller samfunnsdisiplinering?

Dette er ein politikk der ein prøver å påverke subjekta til å ivareta deira eigen sjølvstyring. Fokuset er på omsorg, ikkje behandling. Den atferdsregulering som værestedene kan produsere, dreiar seg om å lage eit rom med mulegheit for omsorg og pleie og dels om å igangsette prosesser som understøtter brukarane sin eigen evne og vilje til forandring eller forankring. Larsen(2003) skriver om ein ”produktiv mikromakt, der forsøker at påvirke klienternes adfærd og liv i retning mod bedre trivsel og velfærd”(s.151). Han skriv vidare at denne mikromakta ikkje først og fremst handlar om å tvinge og disiplinere marginale menneske, men om å tilby omsorg og trygghet og/eller påverke dei til å gjere noe sjølv. Som det står om metodane på Møtestedet: ”Vi ønsker å være tilgjengelige gjennom vår tilstedeværelse og med våre tjenester og ressurser når våre gjester møter oss med ønske om å ”gjøre noe” med sin situasjon. Vi ønsker å knytte så gode relasjoner til våre gjester at vi evner å oppfatte når tiden er moden for å legge litt ”konstruktivt press” på de som har lite tro på eget initiativ”,(fra årsmeldinga).

Værestedene er rom som ikkje blir kjenneteikna ved dei same posisjonar og relasjonar som i dei omkringliggjande rom. Brukarane blir tilskrive ein anna symbolsk verdi. Væresteder har som formål å støtte den utstøtte ved å tilby ei ramme for alminnelig menneskelig samvær og basal omsorg. Villadsen(2004) skriv at det er "det alminnelige menneske" heller enn den profesjonelle ekspert, som er viktig. Dette heng blant anna saman med den målsetting å dekke "grunnleggende omsorgsbehov"; som samvær som bryt med utstøttes isolasjon, styrking av sjølvverd, samt oppfyljing av fysiske behov som mat og varme. Vidare skriv Villadsen at dette eksperimenterande sosiale arbeidet utøver ein makt som konstant må navigere mellom "respekten for den fremmede" og ønsket om å sikre velferd og integrasjon. Integrasjonen i eit fellesskap tilbys som ein mulegheit under forutsetning av at den enkelte er innstilt på og i praksis villig til og evnar å underlegge seg nokre begrensingar i sine atferdsmåtar.

I forhold til Foucault inneber maktutøving/påvirking at det utøves i relasjon til frie individ. Det blir lagt vekt på at klienten som myndig bruker i prinsippet er frisatt til å definere sin eigen sanning. Klienten skal være ein myndig dialogpartner. Men, spør Villadsen, vil ikkje open dialog forutsette eit suverent individ som kjenner egne preferansar og utøvar sjølvbevisste val – altså eit liberalt subjekt? Som Martinsen skriv over(pkt.2 i del II) forutsett etos at subjektet er sin frihet bevisst. Balansegangen mellom det å ville påverke gjesten til endring og det å la han få ha eit fri-rom som ikkje krev endring/masar om endring, er hårfin. Det å "oppfatte når tiden er moden for å legge litt "konstruktivt press" på de som har lite tro på eget initiativ" må derfor utøves med ei sterk evne til å utøve skjønn. I Foucaults perspektiv vil ein kunne si at målsettinga med å "knytte så gode relasjonar til våre gjester at vi evner å oppfatte når tiden er moden for å legge litt "konstruktivt press"...osv. vil vere ein form for disiplinering ved at ein ved å knytte så gode relasjonar vil få ein kjennskap til personen som gir ein viss kontroll til i neste omgang å utøve eit "konstruktivt press". På den andre sida kan nettopp det at ein kjenne personar så godt, gjere at ein unngår å overkøyre personen. Men ein vil jo aldri kjenne den andre personen fullt ut, det vil alltid vere sider ved den andre som er ukjente. Så kan ein igjen spørre om ønske Møtestedet har til gjestens endring har med hensynet til den andre å gjere, eller hensynet til samfunnet rundt? Har det med sjølvsonorga å gjere, der ein ønsker å hjelpe personen til å sette grenser for seg sjølv som vernar fri-rommet? Kven kan definere korvidt den andre er eit "liberalt subjekt" som er sin frihet bevisst(som det står over)?

Utstøtte blir ofte framstilt med manglande sjølvkontroll, utan makt over eige liv. Det sosiale arbeidet tar som utgangspunkt at det utstøtte vil eit eller anna, samtidig som denne viljen skal

produserast. Sosialarbeidaren må hjelpe klienten til å få auge på det sosiale, konstruktive eg, som "ligger gemt under psykoser, stofmisbruk eller isolation"(Villadsen,2004:9).Også den utstøtte har behov for å utvikle sin identitet. Han må på et tidspunkt oppstille mål for seg sjølv som han skal arbeide mot. Villadsen skriv da at oppløysinga av dei store universelle sanningar om mennesket betyr dermed ikkje at det sosiale arbeidet opphører med å konstruere subjekt, som det skal arbeide for å realisere(s.245)."Således synes det postmodernistiske sociale arbejde, at postulere eksistensen af en bestemt form for selv, som skal hjælpes til at overtage styringen af den udstødte krop. Den udstødte må "mægtiggøres", således at han bliver et subjekt med kontrol over sin eksistens i stedet for at være objekt for diverse kræfter, drifter eller klientgørende påvirkninger".(Villadsen, 2004:244). På den eine sida skal ein møte mennesket "som det er". På den andre sida blir det alltid sett etter bestemte, ibuande eigenskapar hjå den enkelte. Det sosiale arbeidet skal altså arbeide for ein "myndiggjøring" av klienten som tar form av ein frigjering der klienten skal frigjerast fra dei krefter og påverknader som forhindrar han i å realisere sin vilje. Det sosiale arbeidet skal altså frisette klientens vilje, men det er ein bestemt form for frihet han skal praktisere. Under overflata av avhengighet, apati og håpløshet antar dei at det gøymer seg ein rekke ibuande karaktertrekk som ein kan vekke til live: ansvarlighet, viljestyrke og sjølvstendighetstrang. Det foregår derfor eit komplisert samspel mellom makt og frihet, og frihet er i dette samspelet ein forutsetning for at makta kan utøves produktivt(jmf.pkt 2 i del II). Kva skjer med frirommet dersom ein leitar etter bestemte karaktertrekk, og ønsker å påverke den retning frigjeringa skal ta? Vil disiplineringa ligge under og begrense bevegelsesrommet i relasjonen, det rommet som skal gi plass for den andre, som ein fremmed, som ein som ikkje passar inn i våre mønster og gode vilje i forhold til hans/hennes liv? Vil dei som ikkje visar noko form for endringspotensiale, ingen form for sjølvstendighetstrang, frigjeringstrang, bli meir oversett og overlatt til seg sjølv?.

Når Foucault i intervjuet; *Selvomsorgens etik som frihedspraksis*,(1984) blir spurt om selvets arbeid på seg sjølv kan forstås som ein slags frigjering, ein frigjeringsprosess, er Foucault forsiktig med å svare. Han er forbeholden i forhold til ideen om at det eksisterer ein menneskelig natur eller kjerne. På denne måten unngår han å definere fri-rommet. Det skal nettopp være eit fri-rom, fritt for andres/samfunnets defineringar og mønster.

Forestillingar om kva mennesket er og kva samfunnet er har variert gjennom historia.

Genealogien ønsker å vise at det bak historiens fenomen ikkje gøymer seg nokon anna

hemmelighet enn at ”de er uden essens, eller, at deres essens blev konstruert stykke for stykke, ud fra figurer, som var fremmede for denne”.(Foucault, 1983:87,s.251 i Villadsen).

3. . Diakonal form som mulegheit eller begrensing for fri-rom?

Kan Møtestedet bidra til å vere ein motkultur mot den konstruerte orden som prøver å usynleggjere ”dei unormale” sidene ved samfunnet? Kanskje kan Møtestedet vise til ein anna samanheng utanfor den konstruerte samfunnsorden. Ein sammenheng som er meir rommelig? Foucault viser ikkje til samanhenger som gjeld for livet utover dei samfunnsskapte samanhenger. Han interesserte seg for menneskets avhengighet av livsvilkåra i dei sosiale og kulturelle maktrelasjonane det er innvevd i. Martinsen går vidare og skriv om det sårbare livet som kallar oss til å sjå at livet bæres av ei makt som er større enn oss sjølv. (Martinsen,2003:78). Kan ein finne fri-rom som er ”hinsides” kulturens konstruksjonar og klassifiseringar – som viser til ein større samanheng? Det sårbare livet seier noko om våre konstruksjonars utilstrekkelegheit, og viser dermed til noko av det udefinerte, det tredje. Kva slags form av Møtestedet kjem tilsyne her, og kva for mulege fri-rom kan dette opne for? Eg skal innleie denne delen med det Kari Martinsen skriv om det å gjere rom bebuelege, om ein sansande tilgang til rom.

Rom i forhold til livstolking og menneskesyn: Å bu er å *skåne jorda* og sette noko *fri*.

I artikkelen om rom og arkitektur(i *Skam, Perspektiver på skam..*) skriv Martinsen om det å vere *innfelt* i naturen. Det gjeld å vere ydmyk og beskyttande overfor alt liv, me må innrette samfunnet på ein måte som er *skånande*. Eg vil overføre noko av dette samanheng og kontekst på Møtestedet. Mennesket har ein sansande tilgang til rommet og *kroppen* er sansande tilstades i rommet. Dersom hus og væresler uttrykker ein almen orden og ein livstolking der menneske blir ivaretatt og føler seg trygg, er huset *beboelig*. Ved å legge vekt på det å bu slik at ein er trygg og føler seg heime, viser det til noko som er livsviktig for oss alle. Å bu er meir enn det å ha tak over hovudet og meir enn det at visse behov er tilfredsstilt. Det har å gjere med ein grunnleggjande *livstolking*.

Martinsen referer til Heidegger som skriv at menneskets måte å vere på jorda er gjennom å bu, det vil blant anna si at ein blir kjent med *samanhengane ein er i*, og at ein har ein *tryggheit* i dei. Christian Norberg-Schulz(*Mellom jord og himmel*(1992(1978)) skriv om rom som kan vere ein modell av den verden me bebur. Interiøret kan visualisere ei livsform og gjengi eit verdensbilde. ”Identifikasjonen med interiøret åpner verden for oss”.(s.107,s.90-93). I

samarbeid med tinga/symbola og interiøret skapes eit fiktivt rom. Det fiktive rommet gir mulegheit for rommelighet og variert forståelse(Løgstrup 1978,s.114-119).

Eg vil her sjå på interiøret på Møtestedet, på symbol, og på det rituelle rom. Symbola kan tolkast på forskjellige måtar og sette rommet inn i ein større samanheng. Kaférommet uttrykker ein almen orden. Martinsen skriv at mennesket høyrer til i ein større samanheng når det bur. Hus og rom kan gje meining og tilhørighet: Det å bu er å skåne jorda, pleie, ta vare på slik at mennesket kan vekse og gro og finne *fotfeste* i tilværelsen. Det er å skåne kvar enkelt ting i sitt vesen; *la det vere i fred, fri til å utvikle seg og vere seg sjølv.* ”Jord, himmel, mennesket og det evige inngår i en sammenheng når vi er skånende. Da redder vi jorden..”(Martinsen, 2001:170). Det å redde betyr; ”at sette noget *fri i dets væsen*; at rædde jorden er andet og mer end at udnytte eller ligefrem udpine den. Redninga av jorden behersker den ikke og underlægger sig den ikke – hvorfra der kun er et skridt til hæmningsløs udbytning”.(Heidegger,2000(1954):40).

Kafeen har ein diakonal profil med kristne symbol i rommet og med lystenningsstund leia av prest/diakon kvar torsdag. Kan desse symbola og rituala vise til ein samanheng som er større enn oss sjølv – og dermed vere ei forbinding som bidrar til fri-rom? Eller begrensar det vårt fri-rom? Kor stort er kravet til likhet i våre kristne former, er det rom for motstand, og ulikheit?

Eg startar først med å si noko om form og innhald i forhold til kristendom. I presentasjonen av samtalene med gjestene, kjem det fram ulike erfaringar i forhold til møte med ei kristen form. Dei seier noko om forskjellen på kristendom som form, og som tru.

Knut Jørgensen seier at teologi må forhalde seg til her og no for å ta kristentrua sin eigenart alvorleg. ”Enhver autentisk teologi må ha sine røtter i en bestemt kontekst, den må reflektere kulturen, den må kjempe med undertrykkende fenomener i denne konteksten”(Knud Jørgensen i Vårt Land 19.01.06). Ein av gjestene på Møtestedet seier noko om at Bibelen må leses i forhold til sitt eige liv, den må forstås i forhold til egne erfaringar og eige liv, ein kan ikkje krangle om kven som har den rette tolking. Kanskje handlar det teologi om dette: *På Nadheim vet de at det er mellom mennesker det skjer. De vet at man ikke alltid kan følge noen oppskrift. Derfor klarer de å møte deg akkurat der du er. Da begynner vi å nærme oss det religiøse.*(”Når nettene blir lange”Schei, 2000:251). Det seier noko om form og innhald. Løgstrup er opptatt av at dersom ei forkynning skal angå oss, må den svare til noko i vår eigen

tilværelse. Det er dermed ikkje sagt at forkynninga skal løyse våre problem, gi svar på våre spørsmål, redde oss frå vår skjebne og oppfylle våre ynskjer i dei retningar me sjølv har forestilt oss. Forkynninga kan utmerka godt vere framandarta i sitt uttrykk og gå på tvers av alt me har tenkt oss, berre den rører ved noko i vår tilvære. Dersom forkynninga ikkje er forståeleg i den forstand at den svarar til avgjerande trekk ved vår tilvære, blir det å motta den einsbetydande med å la seg påtvinge den enten av andre eller seg sjølv. Tru utan forståing er ikkje tru, men tvang. Berre dersom ein forstår forkynninga, kan ein akseptere den for dens *eige innhalds skyld*. Den må svare til avgjerande trekk ved vår tilvære(innhaldet).(Lønning, 2001)

Ein av gjestene seier dette om korleis han tolkar Bibelen: *jeg forstod det jo bare som en verdslig vanlig type da, og trakk min egen essens ut av det. Ut av kunnskap og erfaring jeg hadde i mitt eget liv. Den barmhjertige samaritan, som egentlig er en lignelse om Jesus sjøl, den også fikk jeg se helt klart uten at jeg har lært det av noen andre. Det var jo ikke på grunn av jævelskap at de to presta gikk over på den andre sida av veien når dem så den falne. Det var jo sånn det var i den gamle tida det. Prestene og skriftlærde hadde ikke lov til å gå i nærheten av falne mennesker, eller bortfalne. Dem som ikke fikk komme tilbake til Guds hus. Jesu oppgave var å få folk til å gå andre veien. Få folk tilbake. Den barmhjertige samaritan er et bilde på Jesus som inkluderer og hjelper utstøtte. Det gjelder alle. Være der, hjelpe over ei kneik til å stå på egne bein. Det var jo det han gjorde i den lignelsen der. Vi har det livet vi har fått, og livet er en gave av Gud. Og ikke lag skam på det du har fått av Gud. Det er det jeg trur på. Så får det som skje under livet, det skjer. Og en ulykke det er like naturlig som å skli på isen. Han har aldri lovt noen perfekt verden. Han lofte deg en sti som er vanskelig å gå og den er krokete og steinete, det er lett å snuble, det er lett å gå på utsida. Men han går oppover. Det er den veien han har lovt. Det ser jeg så godt sjøl også at mennesker er vel gjerne sånn at dem tenker nå skal jeg gjøra det bra, også går det ikke fort nok, også detter dem fra. Spar i det små så skal du få. Men det er liksom, det står at Gud kan hive et fjell i havet, ja det trur jeg på også, men jeg trur ikke det har noe hensikt å hive skaperverket hans i havet, at man skal hive Galdhøpiggen i Nordsjøen, det blir litt sånn teit. Det er jo vakkert sånn som det er. Men et fjell er jo et bilde på ting som kan tyngde deg ned. Og et fjell... jeg liker den bønnen som heter: Gud gi meg en slik sinnsro at jeg kan utstå med de ting jeg ikke kan forandre, mot nok til å forandre de ting jeg kan forandre, og vett nok til å forstå forskjellen. For det ligger mye der. Tar du bort en stein der og en stein der, og du tenker på de tingene isteden, så kan du plutselig snu deg - så er fjellet borte. Det er ikke det samme å gå*

tilbake å bli en kristen. Jeg skjønner godt hvorfor. Det kan ikke bli det samme. Det må bli noe som er djupere. Viss det hadde blitt det samme, hadde det gått samme veien igjen da. Den ene tingen jeg trengte for å kunne tru var det – lov ikke gull og grønne enger utenom å forklare først at en må forandre seg. Og det er jo det dem driver med i dag da. Må bare bli en kristen, nåde over nåde. En ukristen misforstår det, han forstår ikke det kristne språket og mange kristne forstår det heller ikke. Det er ingen unnskyldning for det gjerne du har gjort vel, det er en anledning til å forandre seg. Så det der med å bare be om nåde hver gang vi har gjort noe, det er ikke det det står i bibelen. Det skal du gjøre opp, står det i bibelen. Nåde er å bli satt fri og kunne starte på nytt. Få en anledning til å starte om igjen. Det er nåde over nåde.

Fleire gjester kjem også inn på nåden, og dei nevner noko om kva for fri-rom som kan ligge her. Før eg går over på det, skal eg sjå litt på kva for som kan stenge for fri-rom i kristen form

Fri-rom i ein kristen form?

Kristne eller diakonale former som prøver å definere og styre over andres forhold til Gud, vil alltid stå i fare for å begrense både Gud og andre personars fri-rom. Kanskje nettopp her er det viktig med fri-rom, fordi religion og det som har med tru å gjere, kan få så stor makt over personars indre rom. Det ligg mykje makt i det å forbinde oss til ein virkelegheit som er hinsides denne. Ein anna verden som står i forhold til denne, og definerar - ikkje berre vårt liv her på jorda, men også eventuelle framtidige liv. Dersom nokon hevdar ein spesiell rett til å definere denne verden, eller vårt eige forhold til den, er det fare store maktinngrep inn i vårt fri-rom. Det er mange eksemplar på at personar har blitt frista til å ta Guds, eller i alle fall englars plass, og gløyme sin menneskelege natur, og alt av skjulte motiv og behov som snik seg inn i våre relasjonar, og som alltid vil gjere der så lenge me faktisk berre er eit menneske, og alltid berre vil vere det. Det handlar om ei nullstilling og ei akseptering av vår begrensing. Når eg skriv om skjulte behov og motiv, meiner eg at dette er eigne behov som også må bli tatt på alvor, og at fri-rommet kan gjere oss bevisst på våre behov. Dette har betydning både for mitt fri-rom, i forhold til sjølvomsorg, og for andres fri-rom i forhold til grenser som kan trækkes over dersom ein ikkje er bevisst på eigne motiv. Desse motiva kan da, dersom ein ikkje er bevisst, friste ein til å ta Guds plass for å få makt over folk, eller for å få ære. Vårt forsøk på å styre Gud, eller få kontroll over andre gjennom ei kristen form, er å blande

rollene. Tru og nåde skal aldri handle om sjølvhevdning på bekostning av andre. Det handlar ikkje om prestasjon, konkurranse, samanlikning, gradering. Berre om nullstilling.

Det blir derfor viktig å bruke det eg kallar den "nullstilte metode"(jmf.Foucault), der det handlar om å sjå på nærare på våre former, og dei defineringsgrenser som fins her. Det handlar om å kvitte oss med nokre av dei Gudsbilder me har konstruert oss, og dei former me skapar sjølv, som begrensar Gud, og som begrensar vårt fri-rom. Me må sjå på kva Gud *ikkje* er, for å finne ut kva han er. Mennesker skapar seg mange Gudsbilder, men dette vil alltid vere i vår form, i vårt bilde, og dermed begrensa. Gud kan ikkje fangast i våre definisjonar, konstruksjonar, former eller lommer. Han vil alltid vere noko grunnleggjande forskjellig frå oss. Han står på mange måtar i ein kontrast til oss, og samtidig i ei forbindelse. Det å finne ut kva Gud kan vere fordrar ei nullstilling der me ser vår eigen begrensing, og at han er noko grunnleggjande forskjellig får meg. Gud er ikkje stengt inne i våre forestillingar om han. Med andre ord; tru og kristendom/form forutset eit fri-rom, fordi det er av ein slik art at det ikkje kan framkallast med tvang. Trua er eit fri-rom nettopp fordi det handlar om tillit til noko utanfor oss sjølv som me ikkje veit alt om, noko ukjent, ein grunnleggjande "anderledeshet". Ingen andre kan definere vår tru, vårt trusforhold. Sjølve trusforholdet må vere basert på ein fri-heit. Det er ein relasjon me ikkje skapar sjølv, men som ligg der som ein mulegheit og som berre kan oppnåast i ei mottaking av den. Det krev altså ei nullstilling frå egne prestasjonar og egne konstruksjonar. Gud er heilag, som betyr at han er grunnleggjande forskjellig frå meg. Helge Fisknes seier dette om tru: "Vi må unngå å gjøre tro til en prestasjon.Omvendelse er ikke vår sak. Snakking om omvendelse fører til en gradering av mennesker. En usunn gradering. Det verste av alle graderingar, er den religiøse!" (i "bymisjonen"1/2003)

Haldor Hald, tidlegare sjef i Kirkens Korshær i København, skriv i si bok "Kirken der forarger"(1990) at "Jesus gjerning dypest sett ikke var en gjenreisningsgjerning, det å gjøre oss til prektige samfunnsborgere, men å gi mennesker del av sitt fellesskap, enten de maktet livet eller ei"(i Holte,2002). Vidare står det at diakonien skal ikkje først og fremst forandre menneske til vårt bilde, eller gje håp om enkle løysingar, men gje menneske opplevinga av å vere del av eit inkluderande og berande fellesskap.

Eg skal no trekke fram to sider ved eit Gudsbilde, som har samanheng med noko av det som kjem fra i samtale med gjestene i forhold til deira tru.

"SACRED OTHERNESS"

Sacred – heilag visar til noko som er grunnleggjande forskjellige frå meg. Heilag visar til noko som er urørleg. Det at han er heilag seier noko som hans avtand frå oss, medan hans nåde seier noko om ei forbinding til oss, som gjer at me også kan få del i noko av dette urørlege. Hans nåde blir formidla gjennom korset, og eg skal sjå på kva slags mulege fri-rom som kan ligge her.

KORSET

Når ein av gjestene seier noko som sitt fri-rom trekk han fram det at han er tilgitt, og kva det kan bety i møte med andres blick:

Før ville det gjort meg veldig mye viss noen så på meg med et blick som jeg visste var feil. Men nå klarer jeg å skjerme meg fra det, fordi jeg har god samvittighet. Jeg trodde jeg var en synder, i og med at jeg gjorde ting med kroppen min som jeg ikke skal gjøre, jeg forgifta den. Jeg banna iblant. Begjærer min neste. Og sånne ting som det der som jeg tenker på som synd. Også sa han at han døde på korset for min skyld for 2000 år siden, da tok han vekk min synd. Det jeg trodde var synd i dag var det svake menneske i meg. Og da skjønnte jeg at jeg ble egentlig frelst da jeg gikk på søndagsskolen som liten gutt. For det er det jeg alltid har søkt etter. Jeg har vært innom forskjellige religioner, hele smæla, men det har alltid vent tilbake til søndagsskolen. Det er der tryggheten min ligger. Og nærmere sannheten er det vel ikke mulig å komme vel. Det er skrevet en god bok om han, og den boka er funnet i så mange forskjellige verdensdeler at det er bare nødt til å være sant. Viss ikke så er det et ekstremt merkelig rykte som har klart å spre seg. Jeg har ikke noe valg. Jeg tror fordi jeg har ikke noe annet valg

Eg skal no sjå nærare på det med korset som muleg fri-rom, og ser da på det i samanheng med det Benedicte Ericson skriv om at korset rommar heile vår eksistens, alle kroppens byrder. Ho skriv i "Tilgivelsens prosess og nådens paradoks"(2003) om korset både som staden for skylden og skammen. Her kan ein makte å gje frå seg retten til å dømme noko som urettferdig. "Jesu elendige kropp skal ikke skjules, ikke pyntes på. For meg er ikke det nakne, forlatte kors det sterkeste symbolet. Det er menneskekroppen Jesus. I sjelelig forstand og muligens også fysisk, voldtatt av mennesker. Hengt opp i en ydmykende og forvridt stilling slik at intet vakkert finnes tilbake. Her møter vi sannheten om hvor Gud befinner seg. Akkurat her er håpet virksomt. Når jeg fester blikket på korset, er det mulig for meg å utholde bevisstheten om min egen skam, fordi jeg våger å møte Guds skikkelse gjennom Jesu skikkelse.(Ericson, 2003:63). Ho skriv vidare at me her kan våge å vere den me eigentleg er, ein del av Guds heilhet. Ho skriv at korset gir eit rom. Det er viktig å dokumentere og plassere

skyld og uskyld, men dette er ikkje er tilstrekkeleg. Ein må også våge å sjå seg sjølv, sitt hat og ynskje om hevn. Gjennom det heilage kors finn ho ein veg gjennom skammen. Korset utgjer skjæringspunktet mellom Gud som tillit og menneske som skam. Det er staden der himmel og jord møtes. Her møter Guds rike menneskets maktesløshet mot uretten. Her kan me vere i trusselen om tilintetgjørelsen, for her finns også oppreisningen. Her kan dei onde handlingane huskes, men ikkje lenger behalde og formidle si øydeleggjande kraft. Det er dette som er nåde. (Ericson,2000).

-Kan nåden vere det ”filter” som hindrar at andres krenkingar går direkte inn i fri-rommet?
Kan dette filter gjere at den andres krenkande blikk mistar noko av sin kraft?

Ericson skriv; ”Der får jeg mot til å være den jeg er. Jeg får se at et sted finnes det en annen rettferdighet, og at den finnes her og nå. Det finnes et rom i meg selv der skammen ikke hersker. For i det rommet jeg møter Gud, viker alt annet.”(same). Vidare skriv ho at korset er staden både for overgriper og offer. ”Tilgivelse er at jeg gir fra meg den retten jeg har til å fordømme. Det å gi fra seg kontrollen over skylden gir en helbredende virkning”.

Eg vil sjå dette i samanheng med det Løgstrup skriv om radikaliteten som ligg i den gyldne regel(matt.7.12). Det radikale ligg i at ein ikkje skal handle ut frå korleis andre *er* mot deg, men ut frå korleis ein *ynskjer* dei skal vere mot deg. Uansett om den andre ikkje har gjort noko for deg, skal du vere der for den andre. Som Løgstrup sjølv beskriv det: ”..den appellerer til vor fantasi: de velgerninger, som jeg, hvis jeg var i den andens sted, kunne ønske gjort imod mig, dem skal jeg gøre imod ham”(”*Etiske begreper og problemer*”2004, s.51). Den etiske fordring går ut på at ein alltid møter eit anna menneske med naturleg tillit, også menneske ein ikkje har møtt før. ”Næsten er den som trenger hjælp, og som man intet kan vente at få noget igjen af, som man kan af venner, slægtninge og jævnbyrdige. Kærligheden, der hører gudsriget til og som udspringer af troen på dets komme, er spontan og gælder derfor den fremmede og fjenden”(Etiske begreper og problemer,2004;21).

Gunnar Stålsett talar om nåden som ein måte å møte livet på. Han seier noko om ”nådens nullpunkt der alle stiller likt. ”Evangeliet gir ingen oppmuntring til salongfromhet eller til fariseisk ordkløveri. Evangeliet gir ikke grunnlag for et sosialt og åndelig apartheid, et skille mellom dem og oss, mellom fattige og rike, brukere og misbrukere, heterofile og homofile, innvandrere og utvandrere. I Guds husholdning er vi alle brukere – av tilgivelse. Det kristne liv må alltid leve i nådens nullpunkt.(...) I samfunnets randsoner ser vi med størst

tydelighet hva evangeliet betyr. For det som mennesker setter i randsoner, det setter Jesus i sentrum.” (preken ved jubileumsgudstjenesten for Kirkens Bymisjon i Oslo domkirke 23.januar-05.gjengitt i Vårt Land, 09.02.05).

Når gjester og ansatte møtes i nattverden på Møtestedet er dette eit utgangspunkt for at avstanden mellom ”dei” og ”oss” kan nærme seg eit nullpunkt. Eg siterer litt fra boka ”Presten” av Hanne Ørstadvik for utdjupe det:

”Dette er Jesu blod. Jeg tok et skritt til siden, helte vin i det nesten lille blanke begeret(..). Her blir du sett, her får du være, Du, det gjaldt meg også. Vi. Alterringen var en begynnelse. Halvbuen var et tegn som viste at det fans en større sirkel, et uendelig stort lysende rom. Og at vi alle fikk være der, sammen, og hver for oss, hver enkelte og alene. Her. Her får du finnes. Her kan du være. Dette er til for deg.” (Hanne Ørstadvik, *Presten*, 2004:5).”.

Dette kan altså vere eit utgangspunkt til fri-rom. Nåden kan vere ein stad for fri-rommet som eit rom å kvile i, som Roger Jensen skriv: ”I relasjonen til Gud slik kirken kjenner ham i Kristus, er ikke min identitet truet. Jeg kan hvile ut i nåden. Og denne trosrelasjonen gjør at jeg har mulighet til å leve i fordringen, fordi trosrelasjonen gjør at jeg kan mislykkes uten at min dypeste identitet er truet”. (Roger Jensen, Vårt land 19.04.94). Kan nåden vere eit fri-rom i møte med ein samfunnskultur som vektlegg det å lykkes, og støter frå seg det som mislykkes? Kan dette gi eit rom for motstand mot den massive makt som konformiteten kan truge fri-rommet med? Kvifor kan kristne former ofte ha preg av eit sterkt konformitetspress der alle skal tru, føle og handle likt?

I bladet ”Steg” (nr.1/2005) utgitt av Diakonhjemmet, seier Ragnar Ruden noko om den ”nullstilte hjelper”, som kan handle om det å gje rom for andre. Han skriv om det å vere hjelpelaust fortapt, så redda. ”Gud ville nullstille meg. Han ville vise meg at jeg er like avhengig av ham som dem jeg jobber blant: Rusmisbrukerene, de fattige og hjemløse”.

Han tek opp kor lett det er å havne i fariseer-rolla. Kor lett det er å heve seg over dei ein skal tene, gjere dei til objekt og kasus. Når det skjer, begår ein ”diakonien ursynd”: Å redusere andre til noe du skal gjøre noe med”. ”Opplevelsen av at livet og frelsen er nåde, av at det er noe du tar imot fra Gud, er avgjørende for at man ikke skal havne der”, seier han.

Han fortel om ei kraftig nullstilling, om å bli *avkledd* hjelper-rolla. ”Det er jo mye lettere å gi hjelp enn å ta imot den. Nå er det mer om å gjøre for meg å være kanal for den store kraften,

Guds kjærlighet. Der stiller du i grunnen på like vilkår med dem du skal hjelpe. Når du stiller deg for Guds ansikt er rødspriddrikeren like mye verd som kongen”. ”Det er jo det som er vår oppgave, ikke å gå i egen kraft. Gjør du det er veien kort til utbrenthet.”

Eg avsluttar denne delen om nåde med å sjå på Foucaults alternative form for askese i forhold den som Hagemann beskrev, der målet vår sjølvforsaking og sjølvutsletting. For Foucault er ordet *askese* ikkje sjølvforsaking, men det er heller tale om ein gradvis *utvidelse* og *omtolking* av den selviske interesse. På den måte føres selvet heile tida *ut over seg sjølv og inn i nye, annerledes eller meir omfattande livsformer*. Det er denne selvets vilje til *sjølvoverskriding* som dannar den eigentlege spirituelle erfaringskjerne hjå Foucault. Det dreiar seg om å bli seg sjølv *gjennom* dette utvida utsyn og hensyn til omgivelsane. Den som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv, kan heller ikkje dra omsorg for andre, og den som ikkje kan dra omsorg for andre, kan heller ikkje ta omsorg for sitt andeleg sjølvforhold, enten det er ein spesifikk kristen eller ein meir sokratiske-filosofisk natur.(Uffe Jonas, 2001). Dersom eg vender tilbake til spørsmålet eg stilte i forhold til kva det er viktig å ta vare på ved vår diakoniform, slik den syner seg i eit historisk perspektiv, og kva ved denne form som me bør endre, ligg altså svaret her i Foucaults alternative form for askese. Ein bør ta vare på det med fokuset på andre, men det må også innebære eit bevisst forhold til egne behov, og til å ha eit fri-rom som kan ivareta vår sjølvomsorg. Dette er ein viktig forutsetning for å bevare den andres fri-rom. Samtidig som dette fri-rom kan bidra til ei utviding og overskriding av våre former – inn i nye, annerledes og meir romslege livsformer. Det handlar om å utvide våre grenser, samtidig som me blir bevisste på å bevare dei grenser som vernar eit innhald. Balansen mellom grenser som gir vern, og grenser som ekskluderar, og hindrar nødvendig utviding av våre rom. McIntyre er opptatt av at det gode liv er bevegelsen mot å stadig kunne realisere meir av det potensiale som finns. Eigenskapar folk har til dette er *dyder*. Dydene er vegen til det gode liv og er i seg sjølv former for det gode liv. Dei er eigenverdien i samhandlinga, der menneskelege eigenskapar og karaktertrekk utvikles. I samhandling som erfarar det framande hjå den andre. Det er ein samhandling som ikkje skal frambringe resultat. Kristeva talar om relasjonell subjektivitet, der det handlar om å alltid vere i ein prosess – ”subject –in-process”. .

Relasjonell subjektivitet er ein opent system, levande, sårbart og fornyande(McAfee(2000: s.19). Det å vere i eit opent system er å vere i skapinga og i relasjonen. Den andre er både ein trussel i forhold til mine grenser av subjektivitet, og mulegheit for å konstituere subjektivitet. Det er viktig å sjå den andre som mulegheit heller en trussel, open for forskjellar, ny sjølvforståing. Individet er alltid i relasjon, det handlar om testing av ulike

grenser i forhold til fri-rom. Ei forbindelse som gir rom for både samankopling, nærheit og distanse på same tid. McAfee(2000) viser til Habermas som skriv om mulegheiter for å oppnå ein distanse fra dei sosiale rollene som skapar eins bakgrunn og karakter(s.40). Korleis utviklar ein kapasitet til å "fri seg sjølv" fra sin eigen partikularitet? Bryte opp frå nokre tradisjonar, og reflektivt kritisere dei tradisjonar. Ein må gje rom for Foucaults kritiske blikk og for hans heterotopia, rom for motstand, motmakt som kan bidra til å utvide forma, og gi større rom for variasjonar og ulikheit, samtidig som ein må bevare nokre grenser.

Wyller skriv om den profetiske diakonien som må uttrykke seg heterotopisk for å bli viktig. Kan Møtestedet bidra til at *dei andre* får meir rom, og kan *dei andre sjølv* bli aktør i denne utvidinga av rom, som også gjer noko med "oss", vår sjølvforståing, og vårt felles rom, felles sak?

4. DIAKONI I EIT HETEROTOPISK PERSPEKTIV

Når ein ser på diakonien i eit heterotopisk perspektiv er det andre rommet, heterotopia, i seg sjølv overskridande fordi det kontrasterar det første rommet og på den måten bidreg til å igangsette endringsprosessar. (Wyller;T: Heterotopisk diakoni. *Diakoni i spenningen mellom kall og profetisme*). Foucaults synspunkt er at det er hjå den andre, i heterotopien, at endring blir til. Det overskridande skjer der, ikkje hjå dei som handlar på vegne av nokon.

Det blir ikkje tilfredstillande å framhalde kyrkjeleg diakoni som profetisk og overskridande fordi den *tal*ar om sosial urettferd. Overskridande blir diakonien når dei fattige er inne i det heterotopiske rommet. Å framstille diakonien som profetisk fordi den *på vegne av* dei fattige bringar deira liv fram til alteret er ikkje i seg sjølv tilstrekkeleg. For å bli sant heterotopisk kan dei fattige ikkje representeres av nokon andre enn seg sjølv i den kristne gudstenesta. Eit diakonialt ansvar blir da å legge til rette for gudstenester *der dette skjer*.

Det profetiske, overskridelsen og det kroppslege nærvær av Guds framtid, skjer da i liturgien som samtid. Utan nærværet av dei som kallar, vil det profetiske ved liturgien bli utvendig, på vegne av dei andre og ikkje med dei andre. Wyller skriv om stedfortredande diakoni der ein handlar på dei andres vegne. Den heterotopiske praksisen er overskridande fordi den konkret visar andre formar for samhandling enn dei som er "normale". Foucault gjer eit tydeleg skille mellom utopi og heterotopi. Utopi er framstillinga av situasjonar som ikkje har nokon forankring i dagens praksis. Utopien framstillar det andre rommet utan at dette rommet har kontakt med det første. Heterotopien, derimot, har den doble binding. Den er både eit anna rom, samtidig som den har dei fleste elementa fra det første rommet i seg. Det er nettopp den

dobbeltheit som gjer heterotopien overskridande. Foucault meiner at det må utviklast ein ny heterotopologi, -forskning som analyserar og drøftar dei andre stader og som utfordrar "the space in which we live". Rom som bryt mønsteret og utfordrar den beståande form. Det blir ein omvendt verden som med dei fattige i sentrum kallar til samfunnsending. Denne heterotopien fungerer dermed som den etiske fordring til den normale verden. (Foucault;M: *Of Other Spaces* (1967), Heterotopias). Dette seier noko om mulegheitene for at Møtestedet og gjestenes bidrag her, kan utvide og skape større fri-rom, og vere ei motmakt i forhold til normalitetens konformitet. Eg vil runde av oppgåva med å sjå kafeen i eit perspektiv slik det er uttrykt gjennom ein kuntnars blikk, slik hans bilde er av Møtestedet. Dette blir samtidig ei oppsummering av kva denne oppgåva har sett på av forutsetningar og mulegheiter for fri-rom.

Gjesten uttrykker sin versjon gjennom ein handskulptur han har laga og som står i kaférommet. Dette kan oppsummere kva fri-rom kan handle om. Eg innleier denne delen med å sjå på kva Løgstrup skriv om spenningsforholdet mellom kunst og kultur.

KUNST OG KULTUR

Kunst har blitt til av erfaringar som ligg *hinsides* alt som skjer kulturelt. Jo tettare på det ubetvingelige, urørlege og utilgjengelege erfaringane er gjort, desto mektigare er diktet, måleriet og skulpturen som kulturting. Det er ingen stad som det i så stor grad gjeld at form forløyser innhald, og innhald forløyser form. Kunstnaren er i det *nærverande* og let opplevingar og erfaringar skape kunstverket, utan å gå omvegen om dei meir eller mindre abstrakte meningar, oppfatningar og resonnement. "Kunstværket minder os derfor om, at meninger, opfattelser og alle ræsonnementer umærkeligt fører os ud i et skinliv, hvis de ikke stadig genfødes og forvandles af, at vi på nærværende vis bliver vidne til menneskers skæbne og til konflikter og begivenheder i al deres anskuelige uigenkaldelighed"(1995,s.12). Også på ein anna måte ytrar denne spenningen seg som kunstverket står i til den kulturverden som det samtidig tilhøyrer. Kva som var for *uvesentleg* til å bli ensa av oss, blir av kunstnaren gjort til det vesentlege. Han byttar om på rollene. Det som gikk fore seg heilt ute ved randen av vår bevissthet, ein aning, noko flyktig, gjer kunstnaren til det sentrale –og det visar seg å vere det sentrale. Me merka det knapt nok, det gjekk oss forbi, fordi me ikkje evna å uttrykke det eller gje det **form**. Kunstnaren ser med sin uttrykksevne. Gang på gang inneheldt kunstverket ein *omplassering* som ein må følge om ein ikkje vil stå uforståande over for det. "Det flyktige bliver det væsentlige, hva man anså for viktig bliver likegyldig."(*Kunst og etikk*, 1995:8-9). Dette handlar om å vere sansande til stade i rommet, for å få tilgang på noko av det som ikkje

blir formidla til oss gjennom kun å vere i refleksjonsrommet. Det seier altså noko om mulegheiter for fri-rom litt hinsides kulturen. Kunstnaren byttar om på figur og bakgrunn. Der kulturen og samfunnsforma vektlegg den ytre form, og prioriteringar i forhold til denne, har kunstnaren fokus på livsinnhaldet, og erfaringane her. Form blir bakgrunn, eller grunnlag, og mennesket, og dets liv, blir figur. Og like viktig er det altså at mennesket ikkje står i eit tomrom, men er forbunde med ei form. Mennesket prøver å gjenvinne ein balanse. Mykje av livet handlar om det å balansere, kunsten å finne ein slags balanse mellom alle livets motsetningar og kontrastar. Kunsten å finne eit fotfeste, samtidig som ein ikkje gror fast i jorda, men forsett med å vere i ein prosess, i ein viss balanse, som også er levande. Eg skal altså no sjå Møtestedet gjennom korleis ein kunstnar, som er gjest på Møtestedet, opplever rommet.

VII FRI-ROM; – OM KUNSTEN Å GJENVINNE BALANSEN I EI FORBINDING

Gjennom ein skulptur viser ein av gjestne kva for bilde han har danna seg av Møtestedet, som samtidig er med på å gi form til kafeens konkrete uttrykk. Det er ein skulptur som uttrykker noko av hans eigne erfaringar i livet, og av Møtestedet. Som samtidig oppsummerer det eg ynskjer å si om fri-rom i denne oppgåva.

Skulpturen står i det eine hjørne av kafeen. Det er ei stor handa som ber/heldt eit menneske. Personen i handa balanserar så vidt det er. Skulpturen er laga av ein kunstnar som i ein lang periode, da han var i ein djup depresjon, var gjest på Møtestedet. Han hadde behov for nokon å snakke med. Han fortel at mange gode samtaler hjalp han vidare. ”I andre kafeer sitter folk pyntelige hver for seg. Her henvender folk seg til hverandre”. Han har sjølv ikkje hatt rusproblem, men trives med menneska han møter her. Om skulpturen seier han at det er eit slags sjølvportrett. ”En person som har mistet orienteringa og som forsøker å hente inn balansen igjen.” På spørsmål om det er Guds hand, svarar han: ”Ja, men det ser ikke han som står i den. Men den handa er der likevel alltid...”. Han seier vidare at handfiguren også illustrerar det som skjer der på Møtestedet: -” Jeg er imponert over å se armer som tar imot når mennesker faller. Jeg tror menneskene her leser skulpturen godt.”(Magasin fra Kirkens Bymisjon 3/2005).

Eg skal no prøve å seier noko om korleis eg oppfattar skulpturen i forhold til fri-rom. Kva den seier om form og innhald, om ei forbinding til ei grunnline, kva denne grunnlina kan vere, og det å finne balansen i livet.

Det handlar om ei grunnline som ligg der uansett om me ensar den eller ikkje. Fri-rom kan handle om det å vere i ein *prosess* der ein må finne ein balanse mellom ulike grenser, behov, mellom alle livets kontrastar, ulike sider og spenningar. For å vere levande må ein ta med seg desse motsetningane, og la dei få ein plass i fri-rommet. Det handlar om å finne balansen mellom det å ta ansvar, utan at ansvaret skal tyngje oss ned og bli eit strev som overtek heile rommet. Balansen mellom vår kontroll – og det å gje slepp på noko av kontrollen. Det handlar om ein grunnleggjande trygghet i at me kan kvile i noko som ligg der, noko som er mellom oss, og stole på at det fins personar rundt oss som har noko av vårt liv i si hand, og som fylgjer den fordring det inneber. Kva denne handa og denne grunnlina er kan variere i personars liv. Det som er viktig er at den grunnleggjande tryggheten er noko som også gir oss frihet, ein avhengighet som ikkje er total men som gir rom for motstand og livets kontrastar. Det fordrar at vår trygghet ikkje kviler i noko som ikkje også gir andre friheit. Handa seier derfor noko om det me har *felles*. Noko me *deler*. Det handlar om ei samhandling som har verdi i seg sjølv, og ikkje har sine mål utanfor. Det er visse felles grunnvilkår, som går på både vart behov for samver, tilhørighet, og på det å høyre til og vere i forbinding med ein større samanheng. Me deler eit felles eksistensgrunnlag. Handa kan derfor vere eit bilde på jorda som ber oss, og som gir oss vårt næringsgrunnlag og ”daglege brød”. Jorda som ber kroppen minnar oss om ei begrensing, og om fare for utpining dersom vår atferd ikkje er skånande. Det kan minne oss om at det er på tide å stoppe opp og gjenfinne kroppens og jordas balanse, rytme mellom kvile og arbeid, slik at både jord og kropp kan puste og ikkje kveles av miljøskader, miljøgifter. Ei disiplinering og sjølvbegrensing, - ikkje i forhold til ein kulturs dominanse, ei dominerande livsform, men i forhold til kroppens begrensingar både for at det sosiale miljøet/fellesskapet skal ivaretas og det globale økologiske miljø. Da blir det ein sosial praksis som ivaretek dei interne verdiar som kreves for å oppretthalde vår eksistens. Det er på tide med ei nullstilling, der ein tek eit steg til side fra karusellen og ”rotteracet” og spør korleis me brukar det fri-rom me har fått? Fri-rom og balansering kan også handle om at det er Guds hand som ber, og at han som skapar den trygghet me kan kvile i. Det er grunnlina som alltid ligg der. Da blir nåden mitt grunnleggjande fri-rom, som eg kan leve i. Denne forbindinga med det heilage, med det grenselause, gir meg ein friheit i forhold til meg sjølv og i forhold til andre. Samtidig som møtet med dette grenselause seier noko om mi

begrensing. Det er ei sjølvbegrensing for å gi rom for den andre, og for det ukjente, udefinerte. Det handlar om ei nullstilling for å opne for det ukjente, det som er totalt forskjellig fra meg, men likevel noko eg er bunde til, knytt til. Tru forutset eit fri-rom, ikkje tvang. Nåden og trua fordrar også heile tida ein balansering. Ei balansering mellom lov og nåde, mellom mine behov og den andres behov, mine grenser andres grenser, min kontroll, mit ansvar og det å overlate ting til Gud. Livet styres på mange måtar av tilfeldigheit. Vår forbinding til den større samanhengen, og til Gud, gir oss eit fri rom som kan brukast til medskapning, medvirkning. Handa ligg der som ein mulegheit for å gi form til vårt liv, og som ei begrensing av våre liv. Nåden gir fri-rom som fordrar ei nullstilling, ikkje ein skråsikkerhet og ikkje det å ta noko for gitt. Ein må aldri ta over plassen for Gud. Me er berre menneske, og så lenge me er det, vil det alltid snike seg inn egne behov, og egne motiv. Løgstrup skriv at nåden er Guds, den kan ikkje underlegges menneskets kontroll. Tilværelsen er gitt i og med skapelsen. Det er ikkje trua som skapar tilværelsen. Våre fellesmenneskelege betingingar gjeld alle, uavhengig av tru. I denne tilværelse er Gud tilstade (1978, :234). Løgstrups beskrivelse av nåden og det grunnleggjande i tilværelsen har dermed noko til felles: begge er utanfor menneskets kontroll og makt. Livsytringa mistar sin karakter av livsytring i det me prøver å halde den fast eller bruke den til eit anna formål. Guds nåde er også av ein slik suveren karakter at den berre kan tas i mot som nåde. Det er ikkje gitt mennesket å halde den fast eller bruke den til andre formål. Handa handlar også om det fri-rom av nåde i form av raushet som kjem frå andre menneske. Ein raushet som er uavhengig av den andres livsyn.

VIII OPPSUMMERANDE OM MØTESTEDET SOM FRI-ROM

Eg har i oppgåva belyst alt som å "kuppe" fri-rommet. Foucault peikar på ulike vitskapsregimer. Ved å få makt og kontroll over subjektets fri-rom har ein mulegheit til å disiplinere individet og fastlåse det i ein underlegen, passiv posisjon, utan å måtte ty til ytre makt som vold, innesperring. Det er ein måte å få herredømme og dominans over personar. Ein form for disiplinering som "samarbeider" med individets indre ved å definere behov og identitet som personen gjer til sin. Foucault har vist korleis religion og etterkvart staten kan okkuperar fri-rommet. I dag er det mange ulike religiøse strøimmingar, alternative nettverk osv som konkurrerar om å få innpass i personars fri-rom. Her er det mykje pengar å hente. Markedet generelt er det området som er mest ivrig i forhold til fri-rommet i dag. Stadig fleire behov blir definert og kan ordnast av markedet. Stadig meir av vårt livsinnhald får sin meining og sitt håp i det som kan kjøpast. Det gjeld både det opne og det skjulte marked. Rusmarkedet får stadig større fotfeste og brer om seg i stadig fleire av samfunnets rom og klassar. Destruktive

krefter både utanfor og i personar trugar fri-rommet. Fri-rommets fremste mål er å beskytte verdigheten, sjølvverdet. Kva er verdighet, kva kan styrke sjølvverdet og kven definerar det? Kva for rammer er gode? Kva for rammer er nødvendige? Kva slags grenser gir liv, vernar liv, kva begrensar livet, stenger nokon ute, begrensar oss.

For å kome på sporet av fri-rom må ein stille seg litt på avstand til dei former ein er ein del av og sjå på kva for grenser som er med på å definere og opne eller stenge for eit innhald. Eg skil mellom grenser som av-grensar, som handlar om å beskytte sine rom ved å avvise, ekskludere det ein ikkje ynskjer å ha med. Det ein vil ta avstand frå. Noko som konstruerar eit skille mellom "dei andre" til forskjell frå "oss". - Og grenser som handlar om ei begrensing som opnar opp for andres rom, og eit felles rom. Det er snakk om å avdekke dei grenser som hindrar eit livsinnhald, og dei grenser som vernar. Eg har i oppgåva belyst ulike spenningsforhold her mellom form og innhald for å sjå på kva som kan stenge for- og opne for mulegheiter for fri-rom. Fri-rom forutset altså at det er rom for refleksjon, slik at ein blir bevisst dei samanhengar ein er i, dei former ein er ein del av. Som igjen kan gi oss eit større livsrom ved å frigjere oss frå nokre fastlåste former og definisjonar av grenser som handlar mest om eksterne mål i forhold til konkurranse, samanlikning. Noko som lett fører til ei stram form. Fri-rom fordrar derfor eit rom for motstand, og at nokon fyller desse romma med motstand. I samtaler med gjestene blir det brukt begrepet "sånne som oss" og dei kjem inn på det å vere offer, det å ta ansvar og om livets tilfeldigheter, om eit samfunn som ikkje er i balanse, om eit rotterace, og om det å møte bryte nokre barrierer og møtes på midtvegen. Om å møtes ansikt til ansikt, og dei seier mykje om blikk. Dette kan sjåast i samanheng med det tredje, det som ligg i relasjonen før me er bevisst. Det ein sansar av blikk og mimikk frå andre. Dei seier noko om terskel og kva den form, standard kafeen har fordrar av gjesten i forhold til hans framtrøden. Vidare snakkar dei om takhøgde, om mangfald og rom for forskjelligheit, men at rommet også er eit felles rom der ein legg seg inn under ein lov, eller visse reglar.

I min versjon av fri-rom på Møtestedet, handlar det om at kafeen tilbyr og legg til rette for fri-rom, ved å vere ein kafé som inkluderar og aksepterar personar som i mange av samfunnets andre rom ikkje er ønska. Dette viser seg i måten dei møter gjester på, sin openheit, gjestfrihet og respekt for dei ulike gjestene og ulike gjesters framtoning og livsform. Det gir uttrykk for ei skånande livshaldning. Når gjestene inntreir og er tilstade i rommet, blir min versjon av Møtestedet som fri-rom, fullbyrda. Fri-rommet fordrar med andre ord gjestens

tilstadeverelse i rommet fordi dei bidreg med all sin ulikheit og utvidar kafeens rom/form. Rom for variasjonar, kontrastar er noko eg ser på som forutsetning for fri-rom. Eg og den gruppa eg tilhøyrrer, såkalte ”dyktre dustingar”, har ein tendens til å vere meir konforme, meir like, allminnelege, normale, nyktre. Gjestene bryt ein del av mønstra og framtrer meir med sine kontrastar, og fleire av sine sider. Dei visar meir av livet bak fasaden, på godt og vont. Og dei har ei evne til å møtes ansikt til ansikt. Men utan Møtestedet ville eg ikkje hatt denne anledning til dette møte med gjestene. Gjestene og Møtestedet betingar og fordrar kvarandre. Samtidig set Møtestedet opp ein del viktige grenser i forhold til dei destruktive sidene ved miljøet, og i forhold til pengejaget i samfunnet. På den måten kan ein si at Møtestedet gir form til nokre møter, som det elles i samfunnet er liten plass til. Samtidig ligg det mange spenningsforhold ved det å opprette eigne rom for eigne grupper av samfunnet. Vår samhandling og mykje av vår kommunikasjon styres av vår kulturs konstruerte orden, der det handlar om grenser i forhold eit klassifiseringsystem av under- og overordningsom. Møtestedet og andre marginaliserte rom balansere i forhold til mange motsetningsforhold. Martinsen og Merleau-Ponty skriv om rom ein kan bu i. Me kan finne fri-rom midt i dei samanhengar me står i, ved å vere sansande tilstade og ved å bringe inn vår refleksjon som avdekkar ulike typer grenser

AVSLUTNING/ETTERORD

Møtestedet og rommet her opnar for møter der ein kan utveksle og få tak erfaringar og viktig innsikt som ein ellers ikkje har så lett tilgang på. Det opnar for fri-rom på den måten at det bryt litt av dei skillelinjene som er ellers i samfunnet. Møtestedet legg til rette for relasjonar og møter mellom eit mangfold av ulike personar med forskjellige livsstilar. Profesjonsetikk- og diakoni studiet på det Teologisk fakultet har eit teoretisk og praksisnært fokus som i møte med konteksten på Møtestedet gjer det muleg å få del i den innsikt og kunnskap som er her, ta den på alvor og sjå den i ein større samheng. Eg har i oppgåva fokusert på ein livsform som stadig presser grenser, ein livsstil som eg og denne oppgåva også er ein del av.

Siste periode før levering av masteroppgåva handlar om pressing av kroppens grenser, ikkje minst i forhold til behovet for søvn og kvile. Eg må ta imovane for å få sove, og har plutselig blitt a-menneske. Det er noko som driv meg, der eit jag fra eg vaknar til eg legg meg. Kva handlar det om? –Ein form for flyt der ein gløymer tid og stad fordi ein er engasjert i ein felles sak som handlar om fri-rom, eller - som gjesten i forordet antydar – handlar det om å skrive ei

best muleg oppgåva som eg kan levere innan fristen for å få meg ein bra jobb. Det pardoksale med denne oppgåva blir da at miljøet i Skippergata framstår berre som eit luksusproblem for meg, noko eg kan ta avstand fra, skrive oppgåve om og gjere karrierer på. Det angår ikkje meg og min eksistens på anna måte enn som eit interessant studie, og spennande samtaler med personar som lever i ein anna kontekst enn meg og bringer innsikt som eg kan bruke i mi vidare jobbkarriere.

På ein konferanse på teologisk fakultet i november i fjor, vart det ytra at diakoni burde handle om den rike verdens overlegenheit på bekostning av fattigdom og miljø. Me må prate om rike og rikdom, om privilegertes tap, og unngå å fokusere på dei andre som berre fattige, eller umoralske offer. Det er på tide å gi avkall på å få enda meir, og jobbe saman for å skape den verden av verdighet både menneske og naturen treng. Diakoni må handle om å gi rom for andre, og det å ta den andres perspektiv på alvor, ikkje berre for å gi oss kunnskap i ei oppgåve, men for å jobbe saman om eit felles prosjekt som angår alle partar. Ulike typer sosialt arbeid har opna meir opp for det å ta den andre på alvor, det gjeld både Kirkens bymisjon, andre organisasjonar og på kommunale plan. Det er på tida at den andres perspektiv også blir tatt på alvor i studie-samanheng. Eit samarbeidsprosjekt mellom teologisk fakultet og Oslo kommune om eit etikk kurs som startar til hausten, der studentar både er ansatte og klientar i Oslo kommune, viser at tida er moden for det. Da blir det viktig å jobbe med form og innhald, slik at ingen er prisgitt ei form laga berre på andres premissar.

LITTERATURLISTE

Heede, Dag: *Det tomme mennesket. Introduktion til Michel Foucault*, Museum Tusulanums Forlag, København 2004

Villadsen, Kaspar: *Det sociale arbejdes genealogi. Om kampen for at gøre fattige og udstødte til frie mennesker*. Hans Reitzels Forlag, København 2004

Trygve Wyller og Kari Martinsen: *Etikk, disiplin og dannelse – Elisabeth Hagemanns etikkbok – nye lesninger*, Oslo: Gyldendal Akademisk 2003

Hansen, Finn Thorbjørn; *Det filosofiske liv. Et dannelsesideal for eksistenspædagogikken*, Hans Reitzels Forlag, København, 2003

Martinsen, Kari; "At bo på sygehus og at erfare arkitektur", i *Arkitektur, krop og læring*, redigert av Kristian Larsen, Hans Reitzels Forlag, København, 2005(b)

Martinsen, Kari; "Huset og sangen, gråten og skammen. Rom og arkitektur som ivaretagelse av menneskets verdighet, i *Skam Perspektiver på skam, ære og skamløshet i det moderne*, Wyller, T.(red.) Fagbokforlaget, 2001

Larsen, J.E. "Marginale mennesker i marginale rum", i *Det magtfulde møde mellem system og klient*, Red: Margaretha Järvinen, Jørgen Elm Larsen og Nils Mortensen, Aarhus Universitets Forlag, 2002

Larsen, J.E. "Marginale steder", i *Marginalisering, integration og velfærd*, Jørgen Goul Andersen og Per H. Jensen(red), Aalborg Universitets Forlag, 2002)

Jonas, Uffe; "Selvomsorgens etikk – Michel Foucault og det selvdannende menneske", i *Poetisk demokrati Om personlig dannelse og samfunnsdannelse*, redigert av Ove Korsgaard, Gads Forlag, København 2001

Wyller;T: Heterotopisk diakoni. *Diakoni i spenningen mellom kall og profetisme*

Foucault;M: *Of Other Spaces* (1967), Heterotopias

Foucault, Michel; *Selvomsorgens etik som frihedspraksis – en samtale om magt, frihed, etikk og subjektivitet*, Undr. Nyt Nordisk Forum nr. 55:25-36, 1984, 1988.

Foucault, Michel; *Overvågning og straff*. Fredriksberg: Det lille forlag.(1976,1994)

Foucault, Michel; *Viljen til viten*. Fredriksber: Det lille forlag.(1976,1998)

Lønning; I: "En forkynnelse som svarer til tilværelsen." *Om menneskesyn i profesjonell diakonal praksis – Hovedoppgave*, Universitetet i Oslo, 2001

Wyller, T.(red.) *Skam Perspektiver på skam, ære og skamløshet i det moderne*,
Fagbokforlaget, 2001

Wyller;T *Diakonia between Phenomenology and Social Construction* s.2).

Jansdotter, A. : *Ansikte mot ansikte: räddningsarbete bland prostituerade kvinnor i Sverige 1850-1920* , 2004. Stockholm: Symposion forlag

Løgstrup, K.E: *Kunst og etikk* Gyldendal, 1995

Kullerud, Dag; *Kirkens Bymisjon*, Aschehoug, 2005

Rosmer Fisknes;L; *Kroppens sug – hjertets lengsel*, Gyldendal 1993

Lundby; *Mellom vekkelse og velferd*, Gyldedal 1980

Holte, Ole Martin; Artikkel i *Embla*, nr.8 2002; *Krenkelse i Jesu navn*

Christoffersen, Svein Aage; *Handling og dømmekraft. Etikk i lys av kristen kulturarv*, Oslo,
Tano A.S., 1994

Christoffersen, Svein Aage; *Etikk, eksistens, modernitet. Innføring i Løgstrups tenknig*, Oslo,
Tano Aschehoug, 1999)

Martinsen, Kari; *Samtalen, skjønnnet og evidens*, Akribe as 2005(a)

Merleau-Ponty,M; 2003(1962)(1945); *Øyet og ånden*. Oversatt til norsk og med etterord av
Mikkel B.Tin.(Oslo:Pax forlag A/S

Espeseth, Marta Maria; *Uvanlige barn og profesjonelle hjelpere. Kropp, fortolkning og
dannelse*, Hovedoppgave 2004

Ericson, Benedicte; *Tilgivelsens prosess og nådens paradoks*, Skriftserien KOINONIA, Institutt for Sjelesorg – Modum Bad, nr.4/2003

Martinsen, Kari; *Øyet og kallet*, Fagbokforlaget, Bergen, 2000

Hellsten, Tommy; *Medmanniskan, en bok om att möta sig själv och andra*, Cordia AB, 2000

Dokka, Trond Skard: *Som i begynnelsen – Innføring i kristen tro og tanke*, Gyldendal Akademisk, 2000

MacIntyre, Alasdair; *After Virtue*, Duckworth, 1985

Solheim, J: *Makt som grense*, foredrag på seminar om ”Usynlig grenser –kjønn og makt, nov-1999

Fog, Jette; *Med samtalen som utgangspunkt*”(2004)

Løgstrup; K.E.; (1978): *Skabelse og tilintetgørelse*. København: Gyldendal

Løgstrup, K.E. : *Etiske begreber og problemer* , 1996 . København: Gyldendal .

Bergen: Fagbokforlaget .

McAfee, N. : *Habermas, Kristeva and Citizenship* , 2000. New York, Cornell University Press .

Wyller, T: “Diaconal Work as Symbol of Social and Religious Change” I *Welfare and Religion. Diakonivitenskapeliga instituters skriftsere* 10 2005

Wyller, T; *The other and the same. Can phenomenology help us to avoid sameness? A casebased Contribution* (Paper at a Symposium in Frankfurt, October 2005)

Wyller, T. : *Diaconal Work as Symbol of Social and Religious Change. A Theological Perspective*, 2005 . Uppsala . (publisert i en engelsk antologi redigert av Anders Bäckström).

T.Wyller; The Other and the same. Can phenomenology help us to avoid sameness? A casebased Contribution,2005

Bengtson, Jan; *Sammanflätningar*, Daidalos AB, 2001

Heidegger, M;(2000(1954)): „Tænke bygge bo,s.33-54. I Martin Heidegger: *Sproget og ordet*. København:H. Reitzels forlag

Nordberg-Schultz, Ch.:(1992(1978)); *Mellom jord og himmel*; Oslo, Pax forlag

Middelthon;A.L.; *De farlige andre: om anti-struktur og metaforiserings- og metonymiseringsprosesser i hiv-epidemien*, Universitetet i Oslo, 1992

.Knausgård; ”En tid for alt”, 2005

